



MASTER I LESEVITENSKAP

Dølen blant borgarane

~ Ein diskursiv omgrepsanalyse av eit djerbt,
norsk og endå litt rått prosjekt

Hanne Egenæs Staurseth

20.05.2010



Universitetet
i Stavanger

DET HUMANISTISKE FAKULTET

MASTEROPPGÅVE

Studieprogram:
Master i lesevitenskap

2. semesteret, 2010

Open

Forfattar: Hanne Egenæs Staurseth

.....
(signatur forfattar)

Rettleiar: Atle Skaftun

Tittel på masteroppgåva: Dølen blant borgarane: Ein diskursiv omgrepsanalyse av eit djervt, norsk og endå litt rått prosjekt

Engelsk tittel: Aasmund Olavsson Vinje and his new discursive formation

Emneord:
Vinje, Aasmund Olavsson
diskurs
borgarleg allmente
nynorsk allmente
språkkritikk
språkpolitikk
poetikk

Sidetal: 88
+ vedlegg/anna: 10

Stavanger, 20. mai 2010

*[U]den Dristighed kan han ikke behandles, og ved Dristighed
gaar man ind i hans egen Method.
(Paul Botten-Hansen)*

Samandrag

I 1858 oppretta Aasmund Olavsson Vinje *Dølen: eit vikublad*, og drista seg derifrå til å komme med ytringar på landsmål i ei elles så riksmålsprega allmente. Dette er ei avhandling om desse ytringane, om motstanden dei fekk, og om korleis ein døleideologi står i eit borgarleg ytringsrom.

Dette er derimot ikkje (nok) ei avhandling om det nynorske målstrevet som prega siste halvdel av 1800-talet, men ei avhandling om Vinje. Det er Vinje si stemme og Vinje sin forfattarskap som er kjernen i diskusjonen, men det er ikkje mogleg å sjå på denne stemma utan at det kontekstuelle og målstreverske kling med.

Avhandlinga er bygd kring tesen om at målstrevet til Vinje dreier seg om meir enn språk – det blir kulturkritikk: *Heile* avisprosjektet til Vinje er ideologisk markert, og står med språk og skrivestil, døleidentitet og døleideologi som ein sosiokulturell kontrast til det resterande offentlege rommet.

Målet med avhandlinga er å seie noko om korleis Vinje sitt språklege prosjekt fører til både ein alternativ offentleg diskurs, eit ytringsrom forankra i dølemålet, i konteksten det står i, og til ein spesiell poetikk, ei bakanforliggjande norm for diktinga sin eigenart, i tekstane. Analysen er derfor todelt, og vil først dreie seg om (språk)politikken Vinje gjer seg til talsmann for, så om kunstsynet han (med denne politikken) representerer. Metoden som er brukt er diskursiv omgrepsanalyse. For å sjå korleis det språklege prosjektet fører til ein alternativ diskurs, ser vi på korleis Vinje, ved hjelp av alternative definisjonar og nye samband mellom politiske omgrep som språk, kultur, allmuge, borgarskap, folket, nasjonalitet, offentleg og døl, skapar seg eit nytt Noreg. Dette gir vidare implikasjonar for poetikken til Vinje ved at det fargar omgrepa som dreier seg om kultur, kunst, dikting, stil og språk.

Påstanden i avhandlinga er følgjande: Gjennom å bryte med norma som finst i det offentlege rommet, både politisk og poetisk, men utan å tre ut av det, skapar Vinje ei alternativ allmente, ein alternativ offentleg diskurs som er forankra i dølemålet hans.

Føreord

*...no mind can take one step
without the help of other minds
(C.S. Peirce)*

Det var hausten 2007, då eg tok fordjupingsmodulen ”Tekst og retorikk” på bachelor-studiet, at eg blei introdusert for mangfaldet som fanst hos den litt snodige forfattaren Aasmund Olavsson Vinje. Av den grunn fortener ANDERS M. ANDERSEN den første takken. Takk nummer to må BJØRN K. NICOLAYSEN få, for ei særst utfordrande rettleiing på moduloppgåva som viste seg å bli utgangspunktet for denne avhandlinga. Den største takken, må eg likevel rette til ATLE SKAFTUN, som med sitt positive engasjement og klare kommentarar har hjelpt meg å konkretisere ideane mine. Takk Atle, for interessante og relevante forslag til litteratur, for givande perspektiv og for grundige lesingar av kapittelutkasta mine. Oppgåva hadde ikkje blitt den same utan.

Eg må òg takke FINN, ANNA, ANNIKA, ESPEN, GRY, KRISTIN og ØRJAN for pussige seminar og for tilbakemeldingane eg har fått der. Men kanskje mest vil eg takke for dei lattervekkjande pausane! Og dessutan, til alle lunsjetande og kaffidrikkande medkontoristar på brakka: Året hadde ikkje vore det same utan dykk!

Eg synest òg universitetsbibliotekarane fortener ein takk både for hjelpen eg har fått med å finne alle dei gamle tekstane eg har brukt, og til å lese dei som kom på mikrofilm. I tillegg har REIDAR SKOTTE luka språkleg ugras, og LIVA B. KALVIK kome med innspel på tampen. Takk til dykk båd.

Sist, men ikkje minst, takk til BJARTE, som har sparka meg bak i stundar det ikkje har vore like gjævt å jobbe... Tenk, no er eg endeleg i mål!

Hanne Egenæs Staurseth
Stavanger, 18. mai 2010

Innhald

Samandrag	iv
Føreord	v
1 Presentasjon av prosjektet	1
1.1 Dølen Vinje og allmenta han skreiv seg inn – eller ut – av	1
1.2 Diskursteoretisk forankring	4
1.2.1 Kva er diskurs?	4
1.2.2 Diskursens orden	7
1.2.3 Diskursiv identitet	13
1.3 Formål og problemstillingar	14
2 Resepsjonen og eg	18
2.1 Resepsjonen	18
2.2 Mitt prosjekt – ein ny inngangsportal	28
3 Språkleg eigarskap	32
3.1 Kampen om ”Noreg”	33
3.2 Vinjes ”Noreg”	36
3.3 All-stand-litteratur: Den doble kommunikasjonen	45
4 Vinjes “nynorsk” som kunstspråk	51
4.1 Det kulturelle Noreg: Vinje om kunst, handverk og diktning	53
4.2 Om stil	66
4.3 Essayet, eit rom for djerve, norske og rå grep?	71
4.3.1 Humor: ”med Laatten kom Storleiken burt”	74
4.3.2 Dialog og polyfoni	79
4.3.3 Tvisynet	82
5 Konklusjon	85

*For språket kjem inn i livet gjennom konkrete ytringar
(som realiserer det), og gjennom konkrete
ytringar kjem livet inn i språket
(Mikhail Bakhtin)*

1 Presentasjon av prosjektet

Vi bruker språk heile tida, til å tenkje, forstå, eller tolke, til å opprette kontakt eller fortelje historier, uttrykkje behov eller utfordre andre. Hovudsakleg har slike språklege handlingar ein kommunikativ funksjon, men latent i ytringane våre ligg tankar, omgrep og ideologiar som seier noko om oss, og som plasserer oss i posisjonar i høve til andre menneske. Slik skaper vi oss identitet gjennom orda vi bruker. Kanskje tenkjer vi ikkje alltid over dette aspektet ved språkbruk, men blir potencialet som ligg her utnytta, kan vi få retorisk sett spennande språkkonstruksjonar. Dette er ei avhandling om eit slikt retorisk, spennande og dessutan heilt særeige språkleg fridomsprosjekt.

1.1 Dølen Vinje og allmenta han skreiv seg inn – eller ut – av

I 1858 starta Aasmund Olavsson Vinje einmannsføretaket *Dølen: eit vikublad*. Publikasjonen av det moralske vekebladet var ikkje spesiell i seg sjølv; framveksten av borgarskapen hadde ført til ønske om offentlege fora for diskusjon om moralske og politiske spørsmål, noko som igjen leidde til ein kraftig vekst i presseorgana. Likevel var *Dølen* litt utanom det vanlege. Avisa var den første på landsmål, og braut såleis ut av den smale bruksarenaen målet hadde som stilistisk verkemiddel innafor dikting og i songlyrikk. Brotet er vesentleg fordi landsmålet med dette blir pressa inn i det offentlege rommet for debatt og meningsutveksling, med eit krav om status på lik line med riksmålet.

Naturleg nok vekte dette oppsikt. Den norske allmenta var solid forankra i riksmålet, og det spesielle språkprosjektet til Vinje, som gjennomsyra *Dølen* i både tematikk og form allereie frå første nummeret, blei dermed hovudsak i den kritiske mottakinga vekebladet fekk. Gjennom notisar og kommentarar i andre aviser kan vi

spore ein polemikk kring dette nye ”dølske” språkprosjektet. Hovudinnvendinga var at det mangla samband mellom målforma, som blei sett som eit naivt folkemål, og innhaldet, som i offentleg prosa skulle vere reflektert og kulturelt:

Det er kun en ringe Kreds af Stoffer og Former der egne sig til at behandles i dette Sprog; det er efter sin Natur bundet til en Særegenhed og ikke frigjort til sand Almindelighed. Anvendt udenfor sin Grændse vil det antage Præget af *Maner* i Ordets slette Forstand, af *Maniereerthed*; thi herved forstaar man netop Anvendelsen af en udvortes Form paa et Indhold, hvor den ikke hører inderligt hjemme, hvor den ikke er naturvoxen. (Monrad 1858a)

Desse orda tilhøyrrer Marcus Jacob Monrad, ein av dei leiande strategane i embetsmannsstaten sin kulturkamp, og kanskje den fremste smaksdommaren i samtida. Dei kan såleis illustrere dei offentlege skribentane sitt møte med *Dølen*. Slik Monrad ser det, har folkemålet eit tydeleg avgrensa bruksområde, det er reservert allmugen og er ”ikke frigjort til sand Almindelighed”. Det blir dermed svært tilgjort og unaturleg at Vinje tek det i bruk ”udenfor sin Grændse” som offentleg forvaltningsspråk. Monrad ser nemleg allmugen som isolert frå den store kulturutviklinga i verda, noko han meiner speglar seg i språket som då, med sitt lågare kulturnivå, ikkje kan fylle dei kulturelle krava eit nasjonalspråk må ha. Det er altså ikkje allmugespråket i seg sjølv så mykje som det det representerte, han reagerer på. Ein slik allmugesjargong hadde bestemte grenser og hadde såleis ikkje noko i det offentlege å gjere.

Det er verdt å merke seg at Monrad ikkje ser grensene som sosialt definerte, men som naturvaksne kulturutviklingslover:

Men tænke sig at Almuesproget skulde blive Nationens almindelige og almengyldige literære Meddelelsesmiddel, det Middel, hvorigjennem den tilegner sig og udvikler alle højere Kultur-Elementer, er et Sværmeri, der staar i Strid med alle Kulturudviklingens Love. (ibid)

At det er eliten, med sitt reflekterte riksmål, som skal leggje premissa for kulturutviklinga og folkeopplysninga, er for han så sjølv sagt at det Vinje gjer i *Dølen*, berre blir absurd. Det er difor interessant at Vinje posisjonerer seg sjølv som ”dølen” i bladet med same namn. Sjølv om ”dølen” i bestemt form eintal representerer individet Vinje som ”døl”, er det lett å plassere han som ein prototypisk representant for den norske bondekulturen – allmugen utafor allmenta. Dølemaska høyrde vanlegvis ikkje til i allmenta, og ho peiker såleis mot sosiale, kulturelle og ikkje minst språklege særdrag som fungerte differensierande i høve til resten av det borgarlege samfunnet. At Vinje introduserer seg sjølv i borgarskapen som ein rettkomen og offentleg debattant samstundes som han posisjonerer seg som ein landsmålskrivande døyl, blei ei

sjølvmotseiing, ikkje berre for Monrad, men som vi skal sjå, for dei fleste offentlege debattantane.

Det er dermed meir enn den ytre målforma som merkte Vinje som eit avvik frå dei offentlege borgarane. Det er dette som er interessepunktet for utforskinga mi. Eg har ein hypotese om at *heile* avisprosjektet til Vinje er ideologisk markert, det er med språket, skrivemåten, posisjonen, og fordommene som høyrde med, ei stemme som stod i sosiokulturell kontrast til andre stemmer i det offentlege rommet. Når Vinje tek i bruk nynorsken i det offentlege rommet, markerer han avstand til det borgarlege og nærleik til det folkelege, både språkleg og ideologisk. Dette var svært uvanleg og dels uforståeleg for dei offentlege borgarane. Samstundes kan vi sjå prosjektet som eit forsøk på å rive målet laus frå assosiasjonane det skapte til bonden og dei lågare stendene sin kultur. Språkprosjektet til Vinje dreier seg difor om meir enn språk – det blir kulturkritikk. Med det meiner eg at det implisitt i ei form ligg ein kritikk av det forma ikkje er: Idet Vinje konstruerer ein døleidentitet i det borgarlege rommet, bryt han med norma og gjer seg til ein slags motsetnad av henne. I så måte kan vi sjå ein kritikk av det han bryt med i sjølve brotet. Denne kritikken er ikkje rein tematisk kritikk, men kritikk nett gjennom konstruksjon – samfunnsbiletet som rår i allmenta blir ikkje rive ned direkte, men ei ny verd oppstår idet Vinje omdefinerer og skaper nye omgrep og samanhengar i den nye språkkonstruksjonen sin. Vinje viser gjennom det som fungerer i hans eigen stil, kva som ikkje fungerer i det offentlege forvaltingsspråket.

For å få fram ein kritikk som denne, må vi sjå han i konteksten han blir konstruert i. Det var meir enn den språklege konverteringa til landsmålet som provoserte i samtida, og det er meir enn den ytre forma Vinje omkonstruerer. Latent i språk ligg omgrep, tankar og formuleringar som kan vere sjølvsaagte i visse samanhengar, men som slett ikkje er allmenne. Om så dølemålet er Vinjes eige, vil språk like fullt vere vove inn i sosiale mønster. Eg trur difor det vil setje eit anna og kanskje klarare lys på den journalistiske forfattarskapen til Vinje å sjå han som ei stemme i denne konteksten, eller kommunikasjonssituasjonen, han blei skapt i. Slike kommunikasjonssituasjonar har ofte standardiserte handlingsmønster knytte til seg. For å kunne seie noko om desse, om kva slags konvensjonar som fanst anno 1858, og korleis Vinje bryt ut av dei og definerer nye konvensjonar, vil eg bruke diskursteori som forståingsramme. Eg vil ikkje gjere nokon omfattande diskursiv analyse av tekstane til Vinje, men bruke diskursteorien som eit perspektiv, ein måte å sjå og sortere språk, som tek høgde for bruksaspektet, og med det kontekst og ideologi i språket. Eg meiner

diskursomgrepet gir ein fin måte å komme inn i konteksten på, og at det å sjå dølemålet som ein eigen diskurs, fangar opp at det er meir enn ei ytre målform.

Det må likevel vere ein dualitet i dette. Vinjes nye språkstil er ikkje berre kritikk av det ufruktbare, men er like mykje ein måte å vise ein alternativ framgangsrik stil (eller konstruksjonsideologi) på. I konstruksjonen vil det også liggje personlege element frå diktaren Vinje, og vi må difor ikkje gløyme konstruksjonselementet. Vinje er forfattar, og frigjeringa frå det etablerte språket kan seiast å skape eit større kunstnarisk spelerom, og med det bli eit uttrykk for språkleg frigjering.

Når eg vel å sjå konstruksjonen som kritikk, heng dette saman med den eksplisitte kritikken Vinje kjem med. Vinje var ein aktiv aktør i samfunnsdebatten, og vi blir var ein kritikk mot den dansk-norske norma som låg til grunn i allmenta, alt i første nummer av *Dølen*, i programartikkelen som seinare har fått tittelen ”Dødens fyrste Ord”:

Det norske Folk er af det danske skakkjøyrt i Munnen, maa vita, - Byfolket meir en Landsfolket og Bygdarfolket meir en Fjøllfolket. ... Synd er det ataat for ein norsk Mann at tala dansk:

Her talas dansk, og hvert eit Ord,
det snører til vort Tungebaand,
og jagar fraa vor Fedres Jord
den store stærke norske Aand.
Hver Vise er eit Ledamot
i Klaven kring den norske Fot.
(Vinje 1858b:9)

Dølen, som ”vil tala til alle desse Folk” er ”reint i Beit”, og vel å ”rigtig høla (caressere) meg fram som med Smaaborn” (ibid). *Dølen* står altså i ein uttalt opposisjon til dansken. Desse kritiske sidene får likevel ein ekstra estetisk dimensjon ved å bli eit litterært prosjekt. Tekstane til Vinje er samtidsdokument, men med eit iscenesett eg som bryner seg på kulturelle tankar på estetisk vis. Både essaya og dølemålet er såleis estetiske konstruksjonar. Vinje blir altså både kritikar og konstruktør, og dei politiske og diktariske sidene er nøye integrert i kvarandre. Eg vil difor supplere den diskursteoretiske forankringa med tankar om retorikk og litteratur- og sjangerteori. Men først, kva inneber dette diskursive perspektivet og vil sjå tekstane til Vinje i?

1.2 Diskursteoretisk forankring

1.2.1 Kva er diskurs?

Om språket vårt er vove inn i sosiale mønster knytte til kontekst, tidlegare kommunikasjon, ritual, reglar eller normer for det som er høveleg språkbruk, vil

utsegner vi kjem med, meir eller mindre følgje slike retningslinjer. (Og om ein ikkje følgjer dei, vil ein i stor grad bli vurdert etter dei ettersom dette er sosiale struktureringar.) På den måten er ikkje språket fritt eller tilfeldig – vi ytrar oss innafor ulike 'diskursar'.

Det finst ikkje ein eksakt definisjon av omgrepet 'diskurs', men omgrepet dekkjer ein idé om at våre måtar å snakke på ikkje nøytralt avspeglar omverda, identitet og sosiale relasjonar, men aktivt spelar ei rolle i å skape eller forandre dei. Dette med di diskursen forsyner oss med kategoriar, omgrep og røyndsoppfattingar. (Jørgensen & Phillips 2005) Det vil seie, ved å gå inn i ein allereie gitt diskurs, overtek vi språkleg fortolka oppfatningar av røynda. Men vi kan samstundes formulere nye, som igjen verkar tilbake på diskursen.

Måten verda trer fram for menneske på innafor ei slik diskursiv ramme kan vi kalle 'representasjon'(Neumann 2001:25). At tilgangane vi har til verda, går gjennom språket, og difor alltid inneber tolking, er ein hovudtanke i diskursteorien. På denne måten vil det ikkje finnast ei sanning, men mange kjempande fortolkingar, noko som gir plass til sosiale kampar om representasjonar. Som vi alt har sett gjennom ytringane til Monrad og Vinje, finst det ein tydeleg dissens mellom korleis Monrad, som borgar, og Vinje, som døl, ser på språkprosjektet. Vi kan med diskursteorien seie at dei har ulike representasjonar av det.

I ein representasjon spelar nokre omgrep ei sentral rolle, og ofte er slike omgrep gjenstand for kamp mellom forskjellige representasjonar: Ord kan ha mange tydingar, og er dermed ganske tomme i seg sjølv. I diskursteorien blir desse kalla 'element'. (Jørgensen & Phillips 2005:38) Gjennom konkrete ytringar blir elementa sett i samanhengar som etablerer relasjonar mellom dei, og med det fastset tydingane deira. Denne ytringsprosessen kallast 'artikulasjon', og han får elementa til å gå frå å vere fleirtydige til å bli lukka 'moment' innafor diskursen. Element som i høg grad er opne for forskjellige tydingstilskrivningar kallast 'flytande nemningar'. (ibid:39) Det er desse teikna diskursane kjemper om å kunne definere innhaldet i. Slik kan vi sjå meiningsskilnaden i artikulasjonane til Vinje og Monrad som ei usemje over innhaldet til og relasjonen mellom nokre sentrale omgrep som til dømes 'språk', 'kultur', 'allmugen', 'eliten', 'borgarskap', 'folket', 'folkeånd' 'nasjon(alitet)', 'offentleg' og 'døl'. I dei ulike ytringane er det, som vi skal sjå, desse same omgrepa som går igjen, men dei blir gitt ulikt innhald. Dei blir med andre ord flytande nemningar.

Vi kan dermed forklare ein diskurs som ei (midlertidig) fastlåsing av tydingar

innafor eit bestemt domene, der momenta får tyding ved å stå i fast relasjon til kvarandre. (ibid:36) Når vi lukkar eit element til moment, lukker vi samstundes ute andre moglege tydingar av ordet. Desse vil ikkje forsvinne, men liggje i 'det diskursive feltet', feltet utafor diskursen, som inneheld andre tydingar av elementa.(ibid:37)¹ Herfrå kan dei true fastlåsinga i den enkelte diskursen. Når Vinje artikulere språklege ytringar på landsmål i allmenta, bruker han ord og ytringar som ikkje tilhøyrer den offentlege diskursen, men som er teke frå det diskursive feltet, frå ein annan diskurs. Såleis viser han at der finst andre tydingar og samband enn dei gjengse; han etablerer samband som bryt med norma i den offentlege diskursen, og kanskje kan vi til og med seie at han truar ho. Når element som 'folk', 'nasjon' og 'kultur' får alternative definisjonar i Vinje sine artikuleringar (meir om dette i 3.2), er dette i høg grad påverka av den ideologien eg meiner heile diskursen hans sirkulerer rundt, som botnar i det å vere døl (Sjå 1.2.3.) Vi kan såleis setje 'døl' som eit 'nodalpunkt', eit teikn andre teikn får tyding i høve til. (Jørgensen & Phillips 2005:37)

'Diskurs' er altså meir enn språk og meir enn ein måte å snakke på; omgrepet tek ikkje berre høgde for språk i bruk eller i kontekst, men også ideologiar som ligg bak språkbruken og i orda som blir ytra, og kva slags relasjon dei står i til kvarandre. Dette bind språkbruken saman i noko større. Kan hende vi kan forklare omgrepet som ei slags abstrakt foreining av fleire tekstar eller språklege ytringar som på ein eller annan måte høyrer saman. Korleis desse høyrer saman, vil variere, men foreininga vil ha ei bakanforliggjande ramme som set grenser for kva slags ytringar som kan inngå i henne. På den måten får omgrepet 'diskurs' dobbel tyding – diskurs blir både dei konkrete tekstane eller ytringane som høyrar saman, og det abstraherte grunnlaget for kvifor dei gjer det. Desse to aspekta kan ikkje rivast laus frå kvarandre; diskursen blir påverka av dei konkrete ytringane samstundes som ytringane blir strukturerte gjennom den allereie eksisterande diskursen. Dette forholdet må vere tovegs for at vi i det heile skal kunne bruke språket på nye måtar. Absolutte reglar ville ført til ei evig gjentaking av det same. Regler må likevel vere der som støttestruktur i kommunikasjonen mellom menneske. Det vil difor alltid finnast usynlege rammer rundt ein diskurs, som definerer og avgrensar kva vi kan seie, og måten vi kan skape mening av verda.

¹Det diskursive feltet' kan indikere all tydingsdanning som er mogleg, men utelukka. Jørgensen og Phillips (2005:37-38) kritiserer omgrepet for å ta for lite omsyn til relevans, og meiner omgrepet bør bli supplert med omgrepet 'diskursorden' frå Norman Fairclough (1992), som viser til diskursar som kjempar i same terreng. Poenget for meg er å vise at det finst eit ytre, noko diskursen utelukkar, men som samstundes er med på å konstituere diskursen ved å vere det han blir konstituert imot. Til mitt bruk synest det då tilstrekkeleg med omgrepet 'det diskursive feltet'.

Det er slike rammer eg meiner Vinje utfordrar i sine offentlege ytringar, og det er dette eg i denne avhandlinga vil prøve å utdjupe. Reaksjonane Vinje fekk for å bryte normer, særleg for bruken av landsmålet, er interessante – dei speglar tydelege språksyn, og minner difor om at språket er noko langt meir enn ei ytre målform. Monrad hevdar eksplisitt at Vinje tek landsmålet i bruk ”udenfor sin Grændse”, og vi ser av reaksjonen hans, og orda han bruker, at han ser språket som noko meir enn eit ytre, nøytralt skal, det er eit ”Middel, hvorigjennem den [dvs. Nationen] tilegner sig og udvikler alle høiere Kultur-Elementer”. (Monrad 1858a, sjå s. 2) Når Vinje i sine folkespråklege ytringar bruker ord og uttrykk som ikkje tilhøyrer den offentlege diskursen, men som er teke frå det diskursive feltet, lagar han hol i den eksisterande diskursen og plantar noko framandt, noko konkurrerande. Tesen min er i så måte at Vinje, gjennom å bryte med norma som finst i det offentlege rommet, men utan å tre ut av det, skapar rom for ei alternativ allmente, ein alternativ offentlig diskurs forankra i dølemålet.

1.2.2 *Diskursens orden*

I eit diskursivt perspektiv er det ikkje korrespondansen mellom røynd og representasjon som er interessant, men korleis ulike representasjonar, med kvar sine moment, står til kvarandre. Eg vil sjå Vinje sine ytringar som noko meir enn kommunikasjon, dei speglar representasjonar og ideologiar som kan fortelje oss noko om Vinje sjølv og forfattarskapen hans. Likevel meiner eg slike trekk kjem best fram nett ved å sjå på forfattarskapen som kommunikasjon. Vinjes stemme er ei av fleire i ein bestemt kontekst. Det er brotet Vinje gjer med det gjengse i den offentlege diskursen, eg meiner fører til ein ny diskurs. For å skjønne kor Vinje bryt ut av normalen, blir det følgjeleg naudsynt å få eit grep om byggverket. Kvar diskurs har sin eigen struktur, men denne er bygd opp av nokre generelle prinsipp. I verket *Diskursens orden* gjer Michel Foucault greie for tre typar prosedyrar, eller krefter i diskursen han meiner avgrensar og skapar orden i diskursane, og med det reiser byggverket. Desse tre er ’ytre utelukkingsprosedyrar’, ’indre avgrensingsprosedyrar’ og ’underkastingsprosedyrar’.

Av ytre utelukkingsprosedyrar nemner han (1999:9ff.) ’forbodet’, ’skiljet mellom fornuft og galskap’ og ’viljen til sanning’. Kvar diskurs har retningsliner for *kva* som er lov å seie (regulert av tabu), *når* ein har lov å seie kva (regulert av ritual i dei ytre vilkåra), og *kven* som har lov å røre ved kva for nokre emne (regulert av det talande

subjektet sin privilegerte og eksklusive rett). Dette utgjør 'forbødet'. På same måte finst ein akse som skil det som er fornuftig frå det som er galskap, og ein som skil sant frå usant. Ytringar frå den marginaliserte sida av aksane, kan bli avskrivne som forbodne, galskap eller usanne, og på den måten bli *utelukka* frå diskursen. Dette er reglar som berre gjeld innafor den enkelte diskursen, ulike diskursar har ulike måtar å operasjonalisere desse aksane.

Dei indre avgrensingsprosedyrane kallar Foucault (1999:15ff) identitetsspel. Desse har som funksjon å strukturere diskursen; ved å vere vilkår ytringar må rette seg etter, *avgrensar* dei talen frå å vere fri flyt. Ved dette skapar dei ein struktur som er spesifikk for den enkelte diskursen, og vi kan difor sjå dei som identitetsskapande. Foucault nemner 'kommentaren', 'forfattaren' og 'disiplinen' som slike prinsipp.

Prinsippet om kommentaren dreier seg om forholdet mellom primær- og sekundærttekst. Ein kommentar må ta utgangspunkt i noko allereie sagt, og dermed er identiteten til kommentaren påverka av referansen til dette sagte. Samstundes skal kommentaren tolke og seie noko nytt. Dette opnar for nye kommentarar og såleis ein lekk av ytringar med liknande identitetstrekk. På den måten vil ytringar stadig reaktualisere diskursen gjennom gjentakninga og det same si form. Dette meiner Foucault *avgrensar* det tilfeldige. Foucault meiner dette held liv i autoritære tekster som religiøse tekster, rettslige dokument, eller klassiske litterære verk ved stadig å adaptere desse til ei oppdatert verd, og koplar dermed prinsippet om kommentaren til ei oppretthalding av makt. Eg vel å ikkje gå inn i dette maktsporet i denne avhandlinga. I staden vil eg vise korleis Vinje ikkje berre bryt med den offentlege diskursen, men også tek utgangspunkt og bygg vidare på det allereie sagte i han. Sjølv om Vinje tek utgangspunkt i det allereie sagte, vrir han det til å bli noko nytt, og det er dette nye han er oppteken av. Såleis vil eg konsentrere meg kring den brua eg meiner finst frå Foucaults prinsipp om kommentaren til Bakhtins dialogisitet – alle ytringar går ut frå andre sine ytringar og er etterfølgt av svarande ytringar.

Prinsippet om forfattaren dreier seg om "forfatteren som grupperingsprinsipp for diskurser, som deres betydningers enhet og opprinnelse, som arnestedet for deres koherens" (Foucault 1999:17) Det vil seie, forutan å vere bindeleddet teksten har til realiteten, tilbyr forfattaren eit referansepunkt til å forklare individualiteten til teksten, samtidig som han fungerer som ei norm for kva slags påstandar ein kan komme med om teksten. Sjølv om Foucault meiner forfattaren berre ikler seg ein forfattarfunksjon med reglar føreskrivne av epoken, er det ved å gjere nett dette han kan endre funksjonen. Her

får vi ein parallell til prinsippet om kommentaren: Forfattaren må tre inn i ein allereie definert forfattaridentitet for å kunne ytre seg i diskursen. Men han representerer samstundes ein individualitet som ikkje kan tilsvare denne hundre prosent, og såleis vil modifisere forfattarfunksjonen, og opne for nye forfattarar, som reaktiverer liknande identitetstrekk. På den måten vil forfattarfunksjonen stadig *avgrense* diskursen gjennom individualiteten og sjølvstet si form – fordi individa tilskriv diskursen mening, blir karakteren av det vilkårlege fjerna. Hos Vinje er det her interessant korleis døleidentiteten blir dette referansepunktet, eller nodalpunktet, meininga blir tilskrive rundt.

Det siste indre prinsippet, prinsippet om disiplinen, handlar om disiplinen som ein bestemt teoretisk horisont, og korleis denne skapar vilkår for stadig å kunne produsere nye påstandar. Ved å vere eit ”anonymt system som står til rådighet for den som vil eller kan betjene seg av det, uten at dets mening eller gyldighet er knyttet til den som har oppfunnet det” (ibid:19), står prinsippet i kontrast til forfattarprinsippet. Ved å skulle konstruere nye påstandar framfor å reaktualisere gamle, står det i kontrast til kommentarprinsippet, der ein gjenoppdagar noko allereie eksisterande. Utvikling er eit grunnprinsipp; ein skal i det uendelege kunne produsere nye påstandar. Difor handlar det ikkje om å samle summen av det sanne, men *å vere* i det sanne. Det vil seie, disiplinen er eit objektområde, eit sett av metodar og ei samling av påstandar som blir rekna som sanne (ibid:19). Nye påstandar må dermed ta omsyn til desse vilkåra for å kunne tilhøyre ei viss kunnskapsgrein. På den måten *avgrensar* disiplinane det tilfeldige ved å skyve misdanningar til disiplinens utsida (ibid:20). Liknande vil ei kvar ny ytring som held seg til den sanne sida av aksen, reaksentuere reglane, og med det identiteten i diskursen.

Den siste gruppa av prosedyrar kallar Foucault for underkastingsprosedyrar. Desse handlar om å forme det talande subjektet: Subjekta som skal kunne tre inn i diskursen, må *underkaste* seg visse sett av krav: Det første finn stad i ’ritualet til talen’, som definerer kvalifikasjonen dei talande må ha, rørsle, åtferdsmåtene, omstenda og heile settet av teikn som diskursen er samansett av, orda sin tenkte og pålagde verknad og dessutan grensene for deira tvingande kraft. (ibid:23) Det andre settet av krav finn vi i ’diskurssamfunn’, som produserer og forvarar diskursar i lukka rom. Her blir det skilt mellom verdige og uverdige talarar gjennom eit tvitydig samspel over kva som blir halde hemmeleg og kva som blir vedkjent. Å kunne tre inn i diskurssamfunnet handlar om talaren sin posisjon i diskursen – ein må oppnå eit visst nivå innafor den særskilte

diskursen for å kunne ta del i løyndene. Det tredje settet av krav finn vi i 'doktrinen'. Doktrinen knyter dei talande subjekta til visse utseiingstypar, og såleis til andre talarar med same utseiingstypane. Til gjengjeld blir andre forbodne, og her speler utelukkingsprosedyrar og forkastingsmekanismar inn om eit talande subjekt formulerer uakseptable utsegner. Det fjerde, og siste, settet av krav til den talande finn vi i dei 'sosiale tileigningsformene'. Utdanning er eitt døme, kva ho tillèt og forhindrar, følgjer diskursive liner, og ho opprettheld dermed tileigninga av diskursane. Foucault understrekar at desse fire underkastingsprosedyrane er svært knytte til kvarandre. Dei utgjer eit byggverk som sikrar fordelinga av dei talande subjekta i ulike diskurstypar og av visse subjektkategoriar si tileigning av diskursane.

Foucault ser alle desse prosedyrane som tvangs- eller kontrollmekanismar som regulerer og innsnevrar diskursen ved å fjerne det tilfeldige og vilkårlege. Ein *utelukkar* ytringar som anten overskrider forbodet, galskapens skilje eller viljen til sanning. Ein *avgrensar* ytringar med interne identitetsspel dei må følge, og ein stiller krav talaren må *underkaste* seg for å ta del i det diskursive rommet. Eg meiner Vinje ikkje lèt seg utelukke, avgrense eller underkaste. I staden byggjer han seg eit politisk organ som lèt han stige ut or dei stramme rammene og inn i sitt eige rammeverk, der han sjølv er herre. På den måten kan vi lese *Dølen* som eit språkleg fridomsprosjekt. Rammene kjem likevel ikkje frå inkje, og eg meiner Vinje byggjer på og samanføyar element frå allereie etablerte diskursar idet han etablerer sin eigen.

Vinje strukturerer med andre ord diskursen sin *i høve* til noko anna. Det kan difor lønne seg å sjå på brotet Vinje tek frå dei gjengse oppfatningane i den offentlege diskursen ved hjelp av Foucault sine prosedyrar. La oss begynne med dei ytre utelukkingsprosedyrane, aksane over kva som er lov/forbode, rett/galt og sant/usant innan diskursen. Desse aksane blir bestemt ut frå reglar om *kva* som kan bli uttrykt, *når* dette skjer og *kven* som uttrykkjer det. I dette tilfellet kan vi òg tilføye eit *korleis*. Vi treng ikkje leite lenge i mottakinga Vinje fekk, for å sjå forsøk på å avvise og forkaste *Dølen*. Monrad (1858b) forklarar i *Morgenbladet* at "Skrivter i Dølemaalet...maa søge sit største Fortrin i et vist Præg af Naivitet og ægte Naturlighed." I så måte kan *Morgenbladet*

ikke rose Foredraget for nogen særdeles ædel Simpelt eller Popularitet, for nogen ægte Døletone. Det hele giver slet ikke Indtrykket af at være tænkt i dette Maal, meget mere kunde man tage det for en Oversættelse av sædvanlige Journal-Artikler. Forfatteren har formegen Reflexion bag Øret; man føler altsomtiest at det er ingen ægte Døl, men som Thelebonden vilde sige, en «Storfant», der blot af en eller anden Grund har forklædt sig i

Kufte, den vil heller ikke ret sidde paa ham. Og Kuften selv er ikke engang ægte, hverken i Stof eller i Snit, men viser sig ved nøiere Betragtning som eftergjort. Tøiet er ujevnt, sommetsteder næsten til Overmaal tykt og luvet, andre Steder tyndt og viser islaaede Traade, der tydeligvis ikke ere spundne paa nogen Dølevindes Teen. (ibid)

Sitatet viser at Vinje ikkje berre bryt med dei gjengse normene for kva som er rett og gale, sant og usant, høveleg og uhøveleg, innanfor allmenta, men han bryt også med dei gjengse oppfatningane av korleis ein skal ytre seg på folkemålet. Målforma skulle bli brukt til å få fram naivitet, det ekte og naturlege. Då må ein vere fullnorsk og presentere ein truverdig varietet av allmugespråket, og ikkje tillempe det og ”rigtig høla” seg fram til ”eit Maal, som ligg midt imellom det norske og danske” slik Vinje innrømmer at han gjer i ”Dødens fyrste Ord” (Vinje 1858b:9)

Sitatet frå *Morgenbladet* er teke frå den andre artikkelen Monrad skreiv på bakgrunn av *Dødens* framturen i allmentas presse, og kan difor med fordel bli sett i samband med sitatet vi såg på innleiingsvis: ”Det er kun en ringe Kreds af stoffer og Former der egne sig til at behandles i dette Sprog” (Monrad 1858a). Allmugesjargongen har visse grenser, han ”egner sig kun for et særeget, saare indskrænket Feldt, kun for en vis Art af Folkelivs-billeder” (Monrad 1858b) Som kunstnarleg verkemiddel må han då vise seg som ”en forædlet gjænfødt Natur” gjennom ”Barnlighed og fromme Hengivelse.” (ibid) Det er dette som til no har vore oppgåva til folkemålet, og kanskje kan vi med Foucault sine indre avgrensingsprosedyrar seie at det er dette som utgjer identitetstrekka til ein folkemålsretta diskurs. I så måte skil ytringane til Vinje seg frå desse normene, og overskrid dermed både grensene til allmugediskursen og allmentediskursen.

Viss vi kan sjå desse to diskursane som to forskjellige disiplinar, blir det klart at det ikkje handlar om kva som er rett eller gale, sant eller usant, høveleg eller uhøveleg, men om å vere i det rette og sanne og høvelege, å vere på rett side av aksane. Vinje er derimot ikkje der, han tek steget ut av det gjengse og gjer noko anna. På den måten reaksentuerer han ikkje reglane og identiteten som allereie finst i dei to diskursane, men foreinar dei på ein måte som ikkje blir gjenkjent som rett, sant eller høveleg. Ytringane overskrid med andre ord forbodet, skiljet over galskapen og viljen til sanning, og blir dermed, av Monrad og andre offentlege skribentar, utelukka frå diskursen. *Aftenbladet* (1858, nr. 236) utelukkar til dømes at det finst andre kyndige døler enn Vinje idet dei hevdar at ”Det er kun Skade at «Dølen» er det eneste Væsen, som kan age henad denne Bifrost ad hvilken jo de tvende Nationer skal samles til en højere Enhed”. Slike avvisingar forsterka seg ved at pressa etter kvart tagde om Vinje. (Haarberg 1985:51ff)

Det kan likevel verke som det er Vinje sjølv, og ikkje berre ytringane hans, som blir utelukka frå diskursen. Det er forfattaren som har ”formegen Reflexion bag Øret” til å vere døl, og som samtidig er for bajas til å vere borgar. Det er Vinje som ”har smagt af Kunskabens Træ” Det er ”hans Begeistring som hans Talent, der uidentivl ere mere af rhetorisk end poetisk Art” og som difor ikkje er ”tilstrækkelige til at bringe Umiddelbarhedens Billede helt og klart tilbage”. Vinjes *karakter* har ein ”for rastløs, stræbende Natur til at vende fuldkommen forsonet tilbage dertil.” (Monrad 1858b) Også *Aftenbladet* stiller spørsmål med nemninga ’døl’:

Naar «Dølen» forklarer, at han taler et Sprog, der ligger midt imellem det norske og danske, synes det ogsaa at være en Misforstaaelse af ham at kalde sig en Døl. Den Sprogblanding, der kan siges at ligge midt imellem det dannede Sprog og de forskjellige Bondedialekter, eller som de «synkvævede» Norskhedsgivere siger, mellom det danske og det ægte norske Landsmaal, udvikler sig jo i det store egentlig kun i Omegnen af Byerne, tales kun af Forstædernes Beboere og ikke oppe i Fjeldbygderne og forsaavidt havde det visseliig været mer adækvat om Bladet havde taget Navn af «Pipervikingen», «den norske Grønlander» eller «Hammersborgeren». (*Aftenbladet*, 1858, nr. 236)

Desse forslaga til omdøyping reduserer rolla Vinje vil spele som talsmann for folket, til å berre bli talsmann for dei frå Pipervika, Grønland eller Hammersborg, provinsen kring Christiania. Kritikken heng nok saman med måten Vinje strukturerer diskursen sin kring det å vere døl. På den måten kan vi nok sjå prinsippet om forfattarinstansen som det mest sentrale. Forfattarinstansen tilbyr, som sagt, eit referansepunkt som forklarar fellestrekk tekstar av same forfattaren har. Denne har vore sett som ein sentral faktor i Vinje sine mange tekstlege sprell. Vinje blei klovn og harlekin av di tekstane hans hadde slike kvalitetar, like eins blei tekstane latterleggjorde av di forfattaren var latterleg.

Hos Foucault må det talande subjektet underkaste seg visse krav om det skal tilhøyre diskursen. Til dømes gjeld det å underordne seg ritualet til talen. Vi kan sjå eit brot på ’ritualet til talen’ gjennom at Vinje formulerer seg på landsmålet, men dette brotet blei truleg forsterka av både ein direkte skrivemåte og ein djerv døleindividualitet som ikkje lét seg kue av underkastingsprosedyrane. Anna kritikk av *Dølen* går nemleg ut på at Vinje bryt tabu; han er upolert i biletbruken, han er ironisk og spottande, og kjem med uhørte metaforar om til dømes fordøying, mat som må inn eller blir tvinga ut den eine eller andre vegen. Også dei utilslørte og direkte personåtaka Vinje kjem med, kan føyast inn i rekkja av brot på kva som er lov å seie.

Magne Myhren (1993:128ff) finn ein tradisjon i heimbygda til Vinje som derimot verdset flåkjefta uttrykk og uvørdne ordtak. Han skriv: ”Det å kunne ordleggja

seg på denne måten vart sett på som ei ære” (ibid:129). Kvikke og treffande svar, utsegner og ordtak har blitt nedarva som ein slags folkeleg tradering, og Myhren meiner dette kan ha fungert som kjelde for Vinje sin biletrike og direkte språkstil. I så høve blir det tydeleg at tabuet sitt ’kva’ må bli forstått i samband med eit ’når’ og eit ’kven’. Kritikken over at Vinje bryt tabu (sjå til dømes Ernst Sars (1912:301) eller Paul Botten-Hansen (1863)) botnar i det dei ser som ei ringeakt for grensene mellom offentleg og privat (Time 1982:16). Bjørnsons (1887) kommentar over at Vinje ”ta paa alt vort, især det fineste, med Vadmelsvaat” er dermed illustrerande, og viser friksjonen som fanst mellom det upolerte kva’et og det døleaktige kven’et i det offentlege når’et. I dei andre borgarane sine auge kan ikkje dei tre variablane saman passere i den offentlege diskursen – Vinje vil dermed ikkje *vere* i det sanne, han *er* i noko anna.

1.2.3 Diskursiv identitet

Vinje vil vere døl. *Dølen* er namnet på avisa hans, og heile diskursen hans er sirkulert kring det å *vere* døl. ”Dølen” tyder enkelt og greitt ”personen frå dalen”, men gir klare (negative) assosiasjonar til bonden og den ulærde mann (slik vi lett kan sjå av dei få sitata eg her har drege fram). Såleis står ”dølen” i dikotomi til den boklærde mannen. Å vere ”døl” blir altså ei rolle, og til roller blir det knytt forventingar om korleis ein skal opptre, kva ein kan og ikkje kan seie. Desse forventingane innfrir ikkje Vinje, og såleis blir heller ikkje døleidentiteten akseptert. Vinje sin individualitet passar ikkje dei eksisterande representasjonane av denne identiteten. Vinje har med andre ord konstruert ein døleindividualitet som korkje passar til dei gjengse oppfatningane av korleis ein døl kan vere eller til korleis ein forfattar skal opptre i ein offentleg diskurs. Vinje sin døl er ein hybrid, ein offentleg døl, eit avvik frå baa leirane. Han blir dermed avvist som ein uverdige talar, både i det offentlege og som døl. Men nett denne hybridposisjonen gir Vinje høve til å plassere seg utafør baa desse diskursane. På den måten finn Vinje eit rom der han kan frigjere seg frå forventingane som blir stilt, både til å vere døl og til å vere offentleg borgar – han har allereie ved posisjonen brote dei.

Dølespråket har dermed ei klar identitetsside. Dei språklege vala vi tek, plasserer oss på innsida eller utsida av ulike fellesskap. Bestemte utsegner eller måtar å uttrykkje oss på kan peike mot forskjellige kollektiv. I fellesskap kan dette skape ei intern forståing som knyter talande subjekt til kvarandre. Samtidig kan slike interne talemåtar markere ulikskap og distanse frå personar som ikkje er innvigde i fellesskapet. Ord og

former er dermed ikkje berre uttrykk for kven vi ønskjer å vere, men like mykje for korleis vi vel å forhalde oss til adressaten. Ønskjer vi å bli assosiert med nokon, kan vi nærme oss deira måtar å tale på. Ønskjer vi å skape distanse, kan vi distansere oss gjennom stil og tone. På den måten er det interessant at Vinje tek i bruk nemninga ”døl” og med det gjer seg til talsmann for gruppa.

Stereotypien ”døl”, med tilhøyrande assosiasjonar, er plassert sentralt i det biletet Vinje teiknar av seg sjølv. Vinje blir talsmann for dølane, for allmugen, for dei som vanlegvis ikkje tek del i allmenta. I så høve er *Dølen* eit nasjonalt prosjekt. Likevel kan vi ikkje utelukke eit individuelt prosjekt - gjennom posisjoneringa skapar Vinje eit bilete av seg sjølv, kan hende som folkeleg og demokratisk, men òg som ugiengs og annleis. Dette fordi han ikkje forhold seg passiv til dølerolla. Vinje var den einaste kyndige dølen. Han har såleis ikkje identitet som døl ved at han tilhøyrer gruppa, men han identifiserer seg med ho. Stereotypien ”døl” fungerer såleis som ein slags sjablong, som Vinje fyller med innhald ved å trekkje på andre diskursar og fellesskap. Momenta i diskursen til Vinje er såleis ikkje unike for han, men i kombinasjonen blir dei særeigne. Slik sett er det ”Vinje som dølen” som bind ytringane saman, og ikkje *Dølen* som publikasjon, rolla gjekk langt ut over avispublikasjonen.

Det blir dermed heller ikkje avisa i seg sjølv som er interessepunktet i denne utforskinga, men ytringane til ”dølen”, som kan sjåast som uttrykk for eit større diskursivt prosjekt. På den måten kan vi sjå språket, og avisa, som ein måte å skape identitet på, men det blir ein dualitet her i individuell og nasjonal identitet. Tilsvarande kan vi sjå dølespråket både som både eit individuelt språk i subjektiv og direkte stil, og som uttrykk for eit nasjonalt språk.

1.3 Formål og problemstillingar

Denne avhandlinga er eit forsøk på å gjere båe delar. Eg vil sjå *Dølen* og dølediskursen både som eit nasjonalt (kap. 3) og eit individuelt prosjekt (kap. 4). Sjølvsagt er det ikkje heilt uproblematisk å bruke omgrepet ’diskurs’ på Vinjes journalistiske forfattarskap. Diskurs er eit overindividuell fenomen, og det gir ikkje eigentleg mening å snakke om utelukkings-, avgrensings- og underkastingsmekanismar om det berre er ei stemme som ytrar seg i diskursen. Når eg likevel hevdar at Vinje skapar sin eigen diskurs, er dette meir som eit bilete på den nynorske offentlege diskursen som har utvikla seg i forlenginga av *Dølen*. Vinje tek ein posisjon i det diskursive feltet som opnar eit rom for

ei nynorsk allmente, vi kan seie at han tematiserer og peiker mot ein alternativ diskurs ved å gå føre som døme. Historisk sett kan vi nok seie at prosjektet hans er realisert, at det finst ein slik offentleg nynorsk diskurs som nok framleis forhold seg til riksmålsallmenta som konkurrent og motstander i kampen om definisjonsmakt. Idar Stegane (1991:5) set 1868 som året for ”dei fyrste freistnadene på organiserte tiltak som kunne danne grunnlag for ei eller anna form for alternativ offentlegheit”, men skriv samstundes at *Dølen* ”førte straks over til ein ny etappe i språkdebatten”. Han forklarar: ”*Dølen* var ein freistnad på å føre ut i praksis påstanden om at landsmålet var eit landsmål, dvs. eit mogleg riksmål, for heile samfunnet, ikkje avgrensa til spreidde glimtar frå det litterære bondelivet” (ibid:21). Det er dette eg meiner med Vinje sin diskurs. Det er likevel ikkje mitt prosjekt å sjå korleis Vinje sin diskurs har utvikla seg vidare, eg vil berre vise rommet eg meiner han opna i kritikken sin. La meg presisere:

Attgrodde sosiale praksisar kan førekomme så naturlege at vi gløymer dei berre er ein av mange representasjonar. Det er berre gjennom å sjå kva som lukkast ute, vi kan sjå kva for nokre sosiale konsekvensar som følgjer ei diskursiv strukturering. Det er dette Vinje gjer med sin nye diskurs – gjennom den alternative konstruksjonen sin syner han det som utelukkast i den offentlege diskursen, og kva for sosiale konsekvensar det har. Eg vil difor stille spørsmålet: *På kva for ein måte peikar det språklege fridomsprosjektet til Vinje mot ein alternativ offentleg diskurs, og korleis utfordrar han, med dette, den dominerande offentlege diskursen?* For å kunne svare på dette må vi inn i dei konkrete artikulasjonane til Vinje: Kva for nokre moment omdefinerer han, og kva slags rolle spelar dei i Vinjes diskurs i høve til den offentlege diskursen?

Slik teikna i diskursen er relasjonelt definert, og difor får tyding gjennom å vere forskjellige frå andre teikn, får også Vinjes diskurs si spesielle tyding i relasjon til den offentlege diskursen. Slik eg les Vinje, er det viktig for han å inkludere heile folket i lesekrinsen sin, og dermed i allmenta. Vinje vil, som vi såg i ”Dølen's fyrste Ord” ”tala til alle desse Folk”, både ”Byfolket”, ”Landsfolket”, ”Bygdarfolket” og ”Fjellfolket”. (Vinje 1858b:9) Allmenta skal vere for *alle* menn, både allmugen og borgarane. Allmugen kan i den offentlege samanhengen sjåast som ’dei andre’ i høve til kven som vanlegvis tek del i diskursen – dei danna. I så måte er det interessant å sjå Vinje sin diskurs som ein motsetnad – kan hende subversiv – i høve til det språklege og kulturelle systemet som prega norsk offentleg diskurs anno 1858. Å gjere seg til motsetnad viser, som sagt, ein konstruksjon av noko nytt samstundes som konstruksjonen speglar ein kritikk av det han bryt med. Slik vil eg sjå Vinje og målstrevet hans; brotet med det

dansk-norske riksmålet kan sjåast som ein kritikk av den offentlege diskursen, men kritikken må bli forstått i lys av konstruksjonen sjølv, den nye diskursen. Det er dette eg freistar å gjere i denne avhandlinga. Problemet med å forstå ein historisk tekst ligg i gapet mellom forståingshorisonten vi har i dag, og den dei hadde i den historiske perioden vi freistar å gripe. Det er difor det er så viktig å setje Vinje inn i konteksten. Av den grunn vil språkpolitikken ligge som eit overordna aspekt i forhold til analysane, men for å syne korleis frigjeringsfrå dei strenge rammene i den offentlege diskursen også får konsekvensar innafor forfattarskapen, må perspektivet på målstreket utvidast frå rein tematisk politikk til (politisk) poetikk.

'Poetikk' er læra eller vitskapen om diktinga. Når eg her taler om Vinje sin poetikk, meiner eg den bakanforliggjande norma for diktinga sin eigenart som er synleg gjennom verka hans, både i form og tematikk. Synet ein har på dikting generelt, legg premissa for eiga dikting, og dermed vil vi kunne finne ein individuell poetikk hos Vinje, influert av språkstriden og posisjoneringa som skribent for folket. I så måte vil andre del av problemstillinga mi vere: *Korleis fører Vinjes språkprosjekt til ein særeigen poetikk?*

Eg trur følgjande sitat, opphavleg skrive som kritikk mot at avisa *Illustreret Nyhedsblad* heldt seg til "de Dannede" mottakarane framfor heile folket, kan syne ein tanke som klargjer dette:

Men vil man skrive for Folket, maa man sandelig være djærv, norsk og endog lidt «raa», som disse fine Mennesker kalder det. Der maa være Liv i det man skriver, der maa ingen Liglugt være i Stilen eller Tanken. (Vinje 1855b:80)

Kritikken er spesifikt retta mot ein artikkel Paul Botten-Hansen har skrive i *Illustreret Nyhedsblad*, men kanskje kan vi likevel dra ut eit generelt poeng som gjeld Vinjes eigen poetikk? Vinje meiner eit nyhendeblad ikkje berre skal halde seg til den eksklusive lærde lesekrinsen, men også inkludere folket. I så måte set han dei danna mottakarane mot folket og den lærde diskursen mot den folkelege og lette stilen. Slik eg forstår det, er Vinje kritisk til det lærde av di det er bunde fast i konvensjonelle omgrep og samband. Det ligg dermed meir i språkprosjektet enn det ytre politiske. Vi kan seie at kritikken i like høg grad blir retta mot poetikken som ligg latent i den offentlege diskursen, som med "en fornem og dansk Mine snerte Norskheden" framfor å "være et Udtryk for den djærve Folkeaand med sit greie Sprog". (ibid) Skal vi sjå sitatet som eit peik mot poetikken til Vinje, blir det naudsynt å spørje: På kva for ein måte kan den folkelege diskursen hans karakteriserast som djerv, norsk og rå, og korleis får han sagt

noko meir, eller anna, enn det vi dermed kan sjå som ein udjerv, unorsk og urå offentleg diskurs? Er det, sagt med Vinje sine ord, dette djerve, norske og rå, som skapar liv og hindrar liklukt og gir Vinjes diskurs særpreg?

Målet med avhandlinga er altså å seie noko om korleis Vinje sitt språklege fridomsprosjekt fører til *både* ein alternativ offentleg diskurs i konteksten det står i og ein spesiell poetikk, ei bakanforliggjande norm for diktinga sin eigenart, i tekstane. Grunnen til dualiteten er at det berre er Vinje sjølv som ytrar seg innafor rammene til den nye diskursen. Når ytringane kjem i *Dølen*, der han posisjonerer seg sjølv som ”døl”, pregar ”Vinje som dølen” heile diskursen. Både *Dølen* og dølediskursen kan dermed sjåast som ein personifikasjon av Vinje sjølv. Dette ser vi gjennom at samtidskritikken i stor grad sette likskapsteikn mellom Vinje, *Dølen* og det provoserande tekst-eg’et. Det blir dermed uklart om diskursen og forfattarskapen inngår i eit overordna nasjonalt prosjekt om å forme ein nynorsk offentleg diskurs, eller om det nasjonale programmet og diskursen blir brukt til å forme ein (kunstnarisk) identitet som døl. Eg trur Vinje spelar på dette diffuse. Heile diskursen ber preg av dobbeltrolla han spelar som individ og offentleg person, kunstnar og politisk skribent. Poetikken blir politisk og politikken poetisk, og begge faktorane inngår i konstruksjonsprosjektet til Vinje. Det er difor ikkje språket aleine som er interessepunkt i avhandlinga, men heile Vinjes diskursive posisjon.

*Clearly human beings could dispense with all discourse,
though only at the expense of having nothing to say.*

(Wilfrid Sellars)

2 Resepsjonen og eg

2.1 Resepsjonen

Det kulturkritiske aspektet har blitt reint gløymt i vinjelitteraturen, skal vi tru Jon Haarberg, som i si nylesing av forfattarskapen, *Vinje på vrangen* (1985), har samanfatta resepsjonen av Vinje. I den samanhengen retter han kritikk mot forskinga på fire område: For det første har ho, (med Sigmund Skards doktoravhandling *A.O. Vinje og antikken: studier i norsk åndshistorie* (1938) som det store unntaket,) vore umetodisk, omgrepsfri, populær og kåserande. Dette heng truleg saman med punkt nummer to; ho har vore meir oppteken av mannen enn av verka hans, og dermed meir av psykologien, biografien og dei politiske standpunkta enn av det litterære uttrykket. Dette kan forklarast ut frå at Vinje som person vakte merksemd, han hadde eit omstridd og omskifteleg offentleg liv, samt ei ukonvensjonell framtoning med programfesta tvisyn. Dessutan hadde han ein forfattarskap som i stor grad dramatiserte han sjølv i eit framtrédande 'eg'. Veggen har dermed vore kort til å lese tekstane hans som sjølvframstillande, og spørsmålet "kven var Vinje *eigentleg*?" ligg i så måte både implisitt og eksplisitt i svært mange arbeid. Det tredje området Haarberg rettar kritikk mot, er at vinjelitteraturen har vore prega av ei moralistisk haldning overfor det usømmelege i forfattarskapen, anten ved på den eine sida å orsake eller teie om desse sidene, eller på den andre sida i form av rein avvising. Det fjerde er meir ein observasjon av at alle mono- og biografiar om Vinjes liv og verk har vore skrivne på landsmål eller nynorsk av målforkjemparar, noko Haarberg meiner har redusert historia sitt bilete av Vinje til å bli einseitig. (jf. Haarberg 1985: 17-19)

Eg kan ikkje anna enn å stille meg bak Haarberg i denne kritikken. Det som i høg grad set preg på resepsjonen av Vinje, både før og etter Haarberg (1985), er at

mange har skrive lite, mens få har skrive grundig om verka hans. Det er altså essay, talar og artiklar som dominerer materialet om Vinje. Resepsjonen har difor eit tydeleg kommentarpreg, noko som truleg i større grad enn om han hadde vore full av større utforskingarbeid, har opna for eigne evaluerande (og dels ugrunna) vurderingar av Vinje og skrivninga hans, og dermed dei fire problema Haarberg skisserer.

Når eg i den følgjande gjennomgangen av resepsjonen vel å vie Haarberg så stor plass som eg gjer, er det fordi han alt har gitt ein inngåande gjennomgang av resepsjonshistoria til Vinje, men òg fordi han, med arbeidet sitt, har markert seg som ein viktig figur i forskingstradisjonen. Haarberg tek eit oppgjær med resepsjonen av Vinje, og ved å sjå feila i denne, finn han eit nytt rom for forsking. Nylesinga Haarberg gir Vinje, bør vi lese i samband med nylesinga Sveinung Time kjem med på same tida. Desse to gir saman eit så omkalfatrande bilete av Vinje at det førte til ein diskusjon om karakteren hans, ein diskusjon så sentral at dei fleste skriveri av nyare dato har sett seg nøydde til å ta stilling til han. Den viktigaste årsaka for Haarbergs store plass her, er kanskje likevel at han dreier resepsjonshistoria rundt språkprosjektet til Vinje, interesseområdet for denne avhandlninga. Det var dette språket som markerte Vinje som annleis i samtida, og det er nett omveltinga språket sosialt sett representerte, som ifølgje Haarberg (1985:37) har vore den mest avgjerande faktoren for korleis Vinje har blitt vurdert gjennom historia. Trass dette meiner han resepsjonen har vore så oppteken av Vinjes ortografiske og morfologiske normeringsforsøk, eller av å sjå landsmålet som ein måte å gi diktinga ei nær og usmykka kjerne, at det sosiale aspektet som finst ved eit slikt språkbytte, har drukna i rein filologi eller psykologi.

Dette tilsynelatande paradokset har truleg oppstått med di det kommunikative elementet ved språket har blitt gløymt (eller avfeia – Vinje var den einaste kyndige dølen, jf. *Aftenbladet* (1858, nr. 236)). Dei som har sett språkkonstruksjonen som resultat av trongen Vinje hadde til å uttrykkje seg, har konsentrert seg om nettopp denne trongen. I så høve har språket blitt til for skaparen si skuld, og har hovudsakleg ein ekspressiv funksjon, noko psykologien og biografien har kunna forklare. Dei som har konsentrert seg om målforma som skaparverk, har i hovudsak sett på byggjeklossane det er bygd opp av. Ofte går slike prosjekt ut på å finne ein heimspråkleg arv frå folkemålet sine dialektar i språket til Vinje. I begge tilfelle har det kommunikative blitt skove i bakgrunnen, og dermed har vi også mist relasjonen til riksmålet og brukarane av det, ein relasjon Vinjes folkemål fekk ved at det blei teke i bruk i den offentlege arenaen. Og just fordi Vinjes språk var eit bruksspråk, har målforma vore så framtrudande i

forfatterskapen, i både form og tematikk, at det ikkje lèt seg gjere å sjå forbi ho. Vender ein seg mot forfatterskapen til Vinje, vender ein seg òg mot målforma han er realisert gjennom. Det gjer at dei som har kommentert Vinje sin forfatterskap, like fullt har respondert på målforma. Vi kan dermed seie at språkstriden, og mottakarane sine posisjonar i han, har vore ein så nærliggjande faktor i tolkingsprosessen, at han har gjort mottakarane for nærsynte til å sjå det overordna sosiale spelet dei sjølve har teke del i.

Nett dette var det vi såg hos Monrad, og nett dette er det vi ser når han vidare hevdar at språket ikkje hadde nokon ”ægte Døletone”, men berre var eit ”Machverk” og ”Bastardsprog” som vekte minne om ”det saakaldte Russenorsk; det er vistnok mindre end smukt” (Monrad 1858b). Reaksjonen hans er representativ for den offentlege mottakinga Vinje og språkprosjektet fekk, og dei tydeleg ironiske og nedlatande vurderingane av Vinje vitnar om at dølemålet var langt frå å vere eit umarkert litterært uttrykk. *Christiania-Posten* meiner det finst ein samanheng mellom formelle lingvistiske eigenskapar og kulturnivå; å bruke dølemål blir dermed eit tilbakesteg til eit mål utan ”anden Udvikling end den, som den simple udannede Mand var istand til at give det, [og] med sine indskrænkede Begreber og Tanker kunde han neppe bidrage stort dertil.” *Christiania-Posten* (1858) *Aftenbladet* (1858, nr. 236) påstår at *Dølen* hørde heime mellom ”Hougfolk” og ”Troidpak”, og stiller seg mildt sagt kritiske til potensialet i avisa:

Betænker man tillige, at det er af «Dødens» Skræppe det norske og det danske Folk har at forsyne sig med det aandelige Livsstof, ved hvilket de skal blive hinanden lige i Sind og Skind, saa vil vel ogsaa manges En faa sine store Tvivl med Hensyn til Proviantens Tilstrækkelighed, ikke at tale om, at de Fleste af dem, der har forsøgt paa virkelig at tygge Dødens første Traktement i sig efter al Sandsynlighed har faaet et Tilfælde i Kjævebenene, der vil nøde dem til i længere Tid at afholde sig fra alskens lignende Spegemad.

Prosjektet *Dølen* blei med andre ord avvist allereie ved idégrunnlaget. Innafor allmenta var det hovudsakleg det leiande kulturelle sjiktet som tok del, og målforma og bondestanden ho representerte, markerte Vinje som ein utaforståande, ein annleis ikkje-typisk borgar. Det set difor merke på den skriftlege mottakinga av *Dølen* at det var denne bokspråklege eliten som gav han omtale.

Samstundes kan vi ane ein uskriven, meir positiv resepsjon i måten Vinje vender seg til lesaren på, og gjennom Paul Botten-Hansens (1863) skildring av korleis Vinje som fesjåtalar fengsla publikum idet ”mangen fund og fængende Tanke sendtes udover den leende Forsamlings Hoveder”. Slike positive mottakingar fann i all hovudsak stad utafor den borgarlege allmenta, i marknadskulturen, hos folket, eller kanskje

fortrinnsvis innafor den vaksande målrørsla. På den måten kan vi snakke om ei todeling i resepsjonen av *Dølen*, i ein negativ og ein positiv omtale, ei todeling som i høg grad har vore basert på antipatiar eller sympatiar mottakarane har hatt til ”Dølen” som figur og som språkprosjekt, og som kanskje nett difor ligg farleg nær skiljet mellom borgarskapen og allmugen.

Alt Sigmund Skard (1938) snakkar om ei todeling når han hevdar at resepsjonen kan delast etter korleis ein har svart på spørsmålet: ”Er det i djupare forstand samanheng i utviklinga hans [dvs. Vinjes]?” (Skard 1938:9). Samtida, som bygde på nærintrykk av mangfaldet til Vinje, klarte ikkje å sjå nokon samanheng, meiner Skard, mens ettertida, som har hatt eit meir distansert, historisk blikk på mannen og forfattarskapen, har funne eit organisk prinsipp i det nasjonale². Det er klart at tekstane til Vinje hadde ein annan relevans i samtida, då både dei politiske referansane og sosiale resonnementa var tidsaktuelle, enn dei vil ha i ettertida når aktualiteten har bleikna. Eg trur likevel skiljet må byggje på meir enn avstand i tid. Som vi har sett, omtala mottakarane i samtida Vinje på ein negativ og fordømmende måte, og mange kritiserte det dei såg som grovkorna og folkeleg litteratur. Dette blei nok forsterka av Vinje sin person og veremåte, både i og utafør teksten, som ikkje tilsvarte etikettane for borgarleg oppførsel. Vinje blei oppfatta som upåliteleg med di han stadig skifta meining, kom med personlege åtak og ikkje respekterte grensa mellom offentleg og privat (jf. t.d. Aasen, 1957:329; Bjørnson, 1912:126-8; Botten-Hansen, 1863; Sars, 1912:304,353) Når han med sitt omskiftelege vesen blei vanskeleg å putte i bås, kom karakteristikken om mangel på kjerne, noko nemningane ”Peer Gynt” (Sars, 1912:300), ”kameleon” (Sars 1912:301) og ”Hofnar” (P. Botten-Hansen, 1860:309) vitnar om. Både Peer Gynt og kameleon-karakteristikken tyder på ein for smidig eller haldningslaus person, medan ”hoffnarr” viser til ein autoritetsfornektande humorist, ein kanskje ikkje like streng kritikk. Sjølv om Vinje blei akseptert som klovnaktig kåsør og harlekinsk provokatør av både Sars og Botten-Hansen, speglar slike nemningar den generelle dommen Vinje fekk, ein dom med tydeleg negativ klang. Vi kan difor seie at todelinga til Skard fell saman med skiljet over positiv og negativ omtale.

Dette forstår vi om vi ser todelinga i lys av Haarbergs resepsjonskritikk. (jf. s. 18) Punkt nummer to på kritikklista gjekk ut på at ein har vore oppteken av mannen og

² Som representantar for dette ”vokstersynet” nemner Skard Vetle Vislie, Halvdan Koht og Olav Midttun. Skard trer også sjølv tydelig inn i gruppa idet han søker ei lineær utvikling til det som skulle bli ei assimilering mellom humanistisk kulturarv og indre folkeleg tradisjon.

ikkje verka hans. Dette ser vi i at begge gruppene har leita etter utvikling hos mannen, og det er han, og ikkje litteraturen hans, som manglar kjerne. Skard skriv til dømes:

men som heilt *menneske* er han for dei ein kuriositet, eit stykke «naturhistorie», som fell utanfor rubrikkane og ikkje har krav på å takast fullt ålvorleg. Når desse granskarane legg vekt på sokalla lyriske drag i *karakteren* hans, er det som eit forsonande moment ved det at *han* ikkje åtte karakter; *han* var i sin djupaste grunn usætande, den utvikling ein finn er lite spontan av di *han* sakna sentrum. (Skard 1938:9, mine uthevingar)

Med Foucaults teori i bakhovudet, kan vi sjå at det er prinsippet om forfattaren som (naturleg nok) er det mest sentrale i resepsjonen av Vinje. Det kan likevel verke som det hos Skard blir litt omvendt; det er ikkje forfattaren som gir referansepunktet til ytringane, og som derfor kan forklare fellestrekk dei har, men fellestrekk dei ulike ytringane har, skal byggje opp om kjernen til forfattaren.

Kritikk nummer tre går ut på at vinjelitteraturen har vore prega av ei moralistisk haldning overfor dette uakseptable i forfattarskapen, anten ved å orsake eller teie om sidene, eller i form av rein avvising. Det er ikkje vanskeleg å sjå denne haldninga i dei eksplisitte nedvurderingane av Vinje; men også hos dei meir positivt innretta mottakarane i ettertida finn vi haldninga, om enn i ein vilje til å bortforklare, unnskylde eller teie om desse sidene ved Vinje (ikkje minst er dette tydeleg hos Skard sjølv, til dømes i sitatet ovanfor). Skard (1938:9) freista å ”syna at flakkinga ofte berre er eit overflatefenomen”. Slik har målsaka i høg grad blitt kopla til diktarens personlegdomsutvikling. Også her er prinsippet om forfattaren sentralt. Den personifiserte *Dølen* gav landsmålet eit andlet, og det blei dermed viktig for motstandarane av målet å rakke ned på han, og like viktig for følgjarane å legitimere han som kultur- og norskdomsfører. Vi kan seie at dei to gruppene hadde ulike representasjonar av Vinje, eit altruist-bilete står mot eit egoist-bilete: Altruist-biletet viser ein Vinje som ofra seg sjølv, økonomisk, ryktemessig og helsemessig, for å tene ei sak større enn seg sjølv, allmugen si sak, dei som ikkje kunne ta del i allmenta sjølv, si sak. Egoist-biletet viser ein rabulist, ein mann som berre tener sine egne interesser, spottar og rakkar ned på andre. Desse to bileta kunne vanskeleg einast, og utelukka kvarandre gjensidig som forbodne, galne og usanne.

Haarberg (1985:41) dreg skiljet endå vidare ved å korrelere det med skiljet mellom språkleirane – det er riks- og bokmålsbrukarane som ser Vinje som ein mann utan kjerne, mens landsmåls- og nynorskskribentane ser han som ein nasjonal føregangsmann. Haarberg meiner det absolutte og verdiladde skiljet Skard set mellom statiske og dynamiske skildringar av Vinje, verkar pressa, og vil heller seie at det er

målsaka, ikkje spørsmålet om ein einskapleg personlegdom eller karakter, som utgjer det sentrale prinsippet i framstillingane. Haarberg forklarar denne til dels aparte inndelinga med at lesinga varierer med dei sosiale, historiske og individuelle føresetnadene lesarane har for ho. Når så dei samtidige riksmålsskribentane opplevde at Vinje gjorde seg skuldig i eit kulturelt overtramp ved å bruke folkemålet i eit offentleg medium, kan dette forklarast ut frå dei sosiale og historiske føresetnadene dei hadde for dette synet. Vinjes opptreden forsterka vidare provokasjonen, og mange av åtaka er retta mot han og ikkje mot litteraturen hans. Når dei offentlege debattantane vidare tagde om Vinje, og det i ettertida hovudsakleg er målfolk som har skrivne større arbeid om han, er det dermed naturleg at vi her finn eit anna bilete av han. Dei hadde andre føresetnader for å forstå forfattaren, og dessutan eit ønske om ein aktverdig representant for landsmålet. Haarberg meiner dei i dette ønsket har prøvd å tone ned det omskiftelege og humoristiske ved Vinje, og med det skapt klassikaren ut av nasjonalisten, noko som resulterte i at ettertida sin nasjonale føregangsmann drukna hoffnarren frå samtida. (jf. Haarberg 1985:53) Det er i det heile uklart om Vinje bruker seg sjølv, språket sitt og forfatterskapen sin for å fremje det nasjonale prosjektet om å forme ein nynorsk offentleg diskurs, eller om han tvert om bruker ideen om det nasjonale prosjektet til å forme seg ein kunstnarisk identitet som døl. Eg undrast om ikkje denne gåta markerer eller forsterkar ei slik todeling som Haarberg postulerer. Truleg ser bokmålsleiren målsaka og dei retoriske verkemidla som grep Vinje bruker for å fremje sin eigen person, medan nynorskleiren fokuserer på etos og andre grep som offer for å fremje det norske språket i kampen om ein nasjonal identitet.

Ved dette er vi komne til Haarbergs fjerde punkt i kritikken: den aukande interessa kring det nasjonale hos forfattaren, som vi serleg finn hos nynorskskribentane, har skapt eit einsidig bilete av Vinje. Fordi dei har teke han i bruk som talsmann for språkpolitikken, blir merksemda retta mot det nasjonale i Vinjes verk og virke, det idealistiske og ueigennyttige i innsatsen med *Dølen*, og det vakkert vemodige i lyrikken hans. (jf. Haarberg 1985:55) Det er noko liknande Hans Skei (1992:27) hevdar i det han skriv at litteraturhistoriske framstillingar har redusert eller forenkla Vinjes mangfald ved å velje ei side, eller ein dominerande eigenskap å fokusere på, for på den måten å kunne auke klargjeringa av denne eine sida. Gjennom deira apologetiske haldning overfor målsaka skapast biletet av Vinje som nasjonalmoment og martyr, ein mykje alvorlegare Vinje enn omtalane frå samtida gav inntrykk av. På den måten har vinjeresepsjonen utvikla seg frå det eine ytterpunktet – å sjå Vinje som ein vondskapsfull rabulist – til det

andre – å sjå han som ein nasjonal høgfjellslyrikar. Det eine er like overdrive negativt som det andre er overdrive positivt. Det er dette Haarberg kritiserer, at ein har gått frå det eine einsidige bilete av Vinje til det andre. Eg synest Ole Martin Høystad uttrykkjer det klårt når han minner om

at det er forskjell på *heilskap* og *einskap*. Til liks med mange andre gjer, så vidt eg kan sjå, ikkje Skard denne distinksjonen. Vinjes syn er heilskapleg, men ikkje einskapleg. Einskaperen bygger på identitet og homogenitet. Ein heilskap kan derimot vere ihopsett av uforeinlege og sprikande fenomen. (Høystad 1992:91)

Fordi Skard søkjer spor frå antikken og det klassiske i skrivestilen til Vinje, er synet hans ”medvite einsidigt”. (Skard 1938:6) Han vil sjå bakanfor mangfaldet, for å finne livstrua, trua på fornuft, som han meiner er stabil og uforanderlig, og som difor kan forklare *heile* mannen: ”under all flakking på overflata syner livshistoria hans ei konsekvent utfolding av ein sjeleleg kjerne” (Skard 1938:426) Men nett fordi han vil forklare heile mannen ut frå eitt prinsipp, og ikkje sjå hans ihopsette mangfald som sprikande delar i eit heilskapleg forfattarskap, har Vinje blitt redusert og forenkla, eller rettare, tamt og ufarleggjort, for å passe inn i denne einskaplege homogeniteten som klassisist. Sjølv i sin mykje seinare artikkel ”Aasmund Olavsson Vinje – faunen på tempeltrappa” (Skard 1980) , der han tek opp dei humoristiske sidene ved Vinjes prosa, synest dette å vere tilfelle. Framleis er det fokus på personen Vinje som oppofrande martyr og nasjonal profet. Det provokative blir berre ei side ved Vinje, eit ytre som forkler ei djupare, inderleg sjel, som er den eigentlege kvaliteten ved *Dølen*.

Til dette kjem både Sveinung Time (1982, 1984, 1985) og Haarberg (1985) med motsvar. Viss vi ser dei til no omtalte leirane som antitesar som vektlegg kvar si einskaplege tolking – ’Vinje som hoffnarr’ mot ’Vinje som nasjonalforkjempar’ – kan både Haarberg og Time sjåast som representantar for ein ambisjon om å sameine dei to Vinje-bileta i ei heilskapleg lesing. Begge gjer likevel dette gjennom ei slags reindyrking av den ”tapte” vrangsida ved Vinje – latteren, tvisynet og folkekulturen. Hallvard André Kjelen (2001:22) kritiserer Haarberg (1985:14) for nett dette: ”Liksom Skard vel å sjå bort frå «vranngsida» og døype den «overflateleik», så vel Haarberg å sjå bort frå «retta» av di det er «[...] systemfriheten og den folkelige humoren som må sees som det nye og normbrytende, og som har gjort Vinje «epokal» i litteraturhistorien.»” Kjelen meiner dette reduserer fokus for mykje og seier at:

Problemet med etikettane henolog og kameleon er at ein tek det for gjeven at Vinje var det eine eller det andre. Vinje var bae delar. Henolog og kameleon - dette er posisjonar i Vinjes tankeform. Dei inngår i ein dialektisk tenkjemåte der skrivaren posisjonarer seg for

å drive tanken vidare framover. Målet er naturlegvis ein syntese, altså «henologisk», men vi er berre undervegs. (Kjelen 2001:12)

Sjølv om eg er einig med Kjelen, trur eg det er verd å hugse at Haarberg og Time var einsidige av di dei ville tydeleggjere ein (tapt) del av heilskapen. Dei set seg opp mot klassikarbiletet, som inntil då hadde rådd resepsjonen, ved å vidareføre den riksmålsspråklege kritikken, om enn i nytt lys.

Dette kjem tydeleg fram i diskusjonen som følgde desse utgjevnadene i *Syn og Segn*. I første nummer i 1984 stod to stykke om Vinje: ”Tankehæstepærer 1852-1858: Vinje som Drammens-korrespondent” av Haarberg, og ”Infinitiv” av Time. I ”Tankehæstepærer” illustrerer Haarberg ved hjelp av 14 utdrag frå christiania-korrespondansane til Vinje (valt etter kriteria ”humor”, ”paradoks” og ”provokasjon”) ein Vinje på vranga alt i den danskspråklege *Drammens Tidende*. Det er verdt å minne om at også desse artiklane blei omtala som ”Ordgyderi af værste Sort”. (*Christiania-Posten*, 1851) Haarberg vil altså ha fram at det er noko meir enn målforma per se som markerte Vinje som spesiell, Vinje hadde òg hatt evna til å provosere på dansk. Tilsvarande utviklar Time eit syn på Vinjes språk som motsetnad i artikkelen ”Infinitiv”. Språket til Vinje blir eit motarbeid mot norm, system, orden, og vane – språket blir eit forsvar mot automatisering ved at det snur om på sosiale barrierar og skapar ”ein ny sosial syntaks” (Time 1984:40). Time legg nok grunnen til dette litt meir i nynorsken enn Haarberg vil gjere, men hovudsaka er at Vinje med sin ”teuflische” skrive- og veremåte ”gav utkastet til eit fundamentalt brot med autoritativ språkpraksis” (Time 1984:40). På den måten står dei båe i motsetnad til Skard, som meiner målbyttet var det mest vesentlege vendepunktet for Vinje.

Skard svarar Time med artikkelen ”Den heile Vinje”. Her skriv han at ”under dette flimmeret på overflata ser vi i dag eit system av koordinerande krefter. Og dei heng godt i hop.” (Skard 1984:363) Skard meiner Time (og Haarberg) ikkje kan klare å sjå heile Vinje om han ser bort ifrå det klassiske hos skribenten (jf. Kjelens kritikk). Atter ein gong vender diskusjonen tilbake til Vinje sin karakter, og i Times svar ”Å koma under gauketre” (nr. 1, 1985) kjem oppmodinga om at ”ein kan kome vidare i språkforståing ved hjelp av teoriar om *intertekstualitet*, *karnevalisering* og *degradering*.” (Time 1985: 88) Debatten blei følgd opp av endå to innlegg, båe i *Syn og Segn* nr. 2, 1985: Skards artikkel ”Sluttmerknad om den heile Vinje” og Times ”Etterord”.

Eg må seie meg einig med Kjelen (2001:22), som konkluderer med at det som

”karakteriserer denne debatten i *Syn og Segn*, er usemja om overordna subjekts- og språkfilosofi. I liten grad blir det sagt noko vesentleg om Vinjes tekstar”. Likevel syner ordvekslinga at det har føregått eit skifte i Vinjeresepsjonen; medan Skard trekkjer fram Vinjes språk som ”ei ny autoritativ språkform på folkenorsk grunn” og ”ein mest mogeleg allgild norm for det nynorske skriftmålet” (Skard 1984:364), ser Time på skrivemåten og på retoriske og litterære grep. Vinjes språk er ikkje berre ei nynorsk norm, men eit personleg litterært språk. Både Time og Haarberg oppmodar difor for å gå djupare inn i skrivemåten med litterære og retoriske teoriar.

Både forfattarane gir det uhøviske ein renessanse ved å sjå det i samanheng med Mikhail Bakhtins karnevalisme (2001). Karnevalismen som litteraturteori er utarbeidd på bakgrunn av ei forståing av karnevalet som spontan motkultur til det katolske føydalsamfunnet i middelalderen og renessansen. Her blei det som elles måtte tøykast, offentleg, og ein kunne degradere det åndelege og spøke med det heilage, verdiar som elles stod høgt. Kroppen, i sin konkrete fysikk, var sentrum for degraderinga. Frigjort frå åndelege tilvisingar representerte kroppen både ei motvekt og eit tabu i kulturen. Men han viste òg til noko menneska har felles, til livssyklusen. I karnevalsk samanheng blei han difor feira, og ved denne oppløftinga blei samfunnsordenen underlagt naturlova om endring, og samfunnet sine privilegium og forbod blei såleis noko ein kan leike med. I opphevinga av det offisielle verdssystemet oppstod ei ny verd i grenseland mellom liv og leik, kultur og kunst, og i denne tilsynelatande prinsippause festen finn Bakhtin eit prinsipp: Latteren er herre over frykta. Når det alvorlege og høgtidelege vil halde fast ved status quo, vender latteren seg mot framtida i ein optimistisk konstruksjonsideologi; ei anna verd er mogleg. Tilveret blir såleis sett i parentes. Men latteren har også ein annan funksjon; ser vi på hoffnarren som Vinje titt har blitt samanlikna med, og korleis han avdekte røynda, botnar dette i latteren, som kamuflerer alvoret som spøk, som noko ein *kan* sjå bort ifrå.

Ved å sjå humoren til Vinje i denne samanhengen, evner Haarberg og Time å setje dei gamle negative karakteristikkane i nytt lys. Slik karnevalet var ei slags folkeleg protestform mot dei herskande klassane sitt kulturmonopol, kan litterær karnevalisering lesast som offentleg kritikk. Degraderinga til Vinje er i så høve ikkje berre ei gravlegging, men har òg ei konstruktiv side – i kritikken ligg eit ønske om noko anna. Dette perspektivskiftet fører med seg to nye måtar å lese Vinje på. For det første kunne synleggjeringa av dei spenstige grepa Vinje tok i bruk, skape ny interesse for litteraturen hans. Time (1982:21, 24) meiner at det som ofte har vore framstilt som

vingling, slingring og meiningsskifting, har med den essayistiske forma og livshaldninga hans å gjere, og at ein treng litterære teoriar, essayistiske og retoriske, heller enn grammatiske for å skjønne språkprosjektet til Vinje.

For det andre skaper dette perspektivskiftet eit rom for å sjå *Dølen*, mannen som bladet, i interaksjon med allmenta i samtida, og då ikkje berre som journalistisk rapportør, men også som aktiv, resonnerande kritikar. Både Time og Haarberg set Vinjes forfattarskap i samband med oppkomsten av den borgarlege debatterande og meiningsskapande allmenta. På denne måten får dei fram det kommunikative og sosiale aspektet, som tidlegare har blitt oversedd. Hovudårsaka til det er at dei ikkje lenger søker Vinjes karakter, men vender seg til forfattarskapen og til rolla han spelte i samfunnet. Vinje og *Dølen* hans blir ein slags spontan (karnevalesk) motkultur til det offentlege samfunnet i Noreg.

Arbeida til Haarberg og Time, og då kanskje særleg Haarberg sitt, har prega resepsjonen etter dei. Metaforen 'rett/vrang' har blomstra vidare med stadig reviderte tolkingar. Ein har òg teke fatt med å lese Vinje sine skriv litterært, og ikkje berre biografisk. Men det er òg dette litterære sporet som dominerer den vidare forskinga. Svært få går vidare på å sjå Vinje som ei stemme i ei oppblømande borgarleg allmente. Kjelen gjer til ein viss grad dette, og finn med det eit spor Haarberg og Time har oversedd. Det er ikkje berre i det vrange Vinje står i interaksjon med samtida si. Kjelen vidarefører Skards idé om klassiske sider hos Vinje. Han fører dei ikkje direkte til antikken, men til samtida sine bilete av antikken. Desse bileta pregar Vinje sitt syn på det klassiske. (Kjelen 2001:3) I eit diskursteoretisk vokabular kan vi snakke om samtida sine representasjonar av antikken. Hovudfagsoppgåva til Kjelen heitar *Antikken og det moderne i A. O. Vinjes forfattarskap*, og handlar nett om møtet mellom antikken som klassisk tradisjon og det nasjonale og moderne i Vinje sine tekstar. Kjelen meiner Vinje er prega av tysk klassikk og vil adoptere det antikke, gjere det til sitt eige. Då kan samstundes det heimlege bli klassisk. (Kjelen 2001:5) På den måten kan vi her snakke om ein ny syntese. Kjelen sameiner det klassiske og rette (frå Skard) med det politiske og vrange (frå Haarberg) ved å inkludere faktorane i det han kallar for ei demologisk danning, ei danning han meiner er sentral i tekstane til Vinje: Vinje vil danne folket, og folkeleggjere danninga (Kjelen 2001:28, 49). Ei slik danning er ikkje berre politisk, også det estetiske spelar med.

Dette minner om Monrad (1876:54-56) sine ord om samtida sin "Journal-Literatur", som ikkje berre spelar ei politisk offentleg rolle, men òg må "være med at

aabne Udsigter i det Skjønnes Verden ved at bringe Meddelelser af poetisk og æsthetisk Art ... Journal-Literaturen bliver saaledes efterhaanden et Forraadskammer for Aandsfrembringelser af forskjellig Art” (ibid:56), og han spelar ei stor rolle i danninga av ”Den almindelige Mening eller Opinion”. Vinje gjer nok noko litt anna enn det Monrad tenkjer med ”poetisk og æsthetisk Art”, men målsaka til Vinje må seiast å ha ei estetisk side. Vinje set latinen, som er ”haard og stiv i Ordenes Legemer” (Vinje 1857:216), mot norrønt mål, som betre eignar seg til å romme andens rørsle av di det ”ere flydende heelt igjennem” (ibid). Dette meiner Kjelen, og eg med han, er kvifor Vinje byrja å eksperimentere med skriftnormalen – i eit ledig, nytt og ubrukt språk kan ein få fram nye tankar. Eit slikt skriveideal blir såleis ein del av danninga til Vinje.

2.2 Mitt prosjekt – ein ny inngangsportal

Prosjektet mitt er nett eit forsøk på å ta opp igjen tanken om Vinjes språkprosjekt som kulturkritikk. Det er altså ikkje noko eineståande nytt eg grip fatt i. Mange har prøvd å gripe og forstå den rare stemma i *Dølen*; språket og identiteten til Vinje har vore diskutert sidan han gav ut første nummer av *Dølen*, slik det så ofte er med sterk litteratur. Eg har likevel ein ny innfallsvinkel, med tilhøyrande omgrep, og håper difor å kunne føre forskinga litt vidare. Eg meiner det diskursanalytiske kan aktualisere Vinje og med det hjelpe til å sjå forfattarskapen hans i nytt lys.

Eg meiner Vinje er eit spesielt tilfelle av di forfattarskapen kan fungere som modell for ein ny nasjonal tenkje- og talemåte. Skal ein kunne forstå og postulere dette, må ein sjå ytringane på bakgrunn av konteksten. Tekstane til Vinje er historiske, dei er ei konkret stemme frå ei konkret tid. Men dei er òg litterære tekstar. Dei har såleis ei utvendig historisk så vel som ei innvendig litterær side. Vi har sett ei forflytting i resepsjonen frå historisk-biografiske til tekst-immanente lesingar, men kanskje er det mest spennande ei vandring mellom desse to lesemåtane?

I dei tidlege lesingane trer forklaringar om Vinje som unggut frå fattigslege kår sterkt fram til å forklare ein bondenatur som skin igjennom tekstane til Vinje. Haarberg (1985:18) meiner slike biografiske lesemåtar viser liten tekstforståing og går over til å sjå Vinje i lys av litterære teoriar. Men kanskje har Haarberg si vridning ført til at det sosiale aspektet (etter han) har drukna, trass i at det var dette han ville få fram? Går det an å avvise at motsetnadene mellom dei to verdsoppfatningane som Vinje har opplevd, har prega tekstane hans?

Til å seie noko om dette utan å gå i biografifella, meiner eg diskursomgrepet eignar seg. Ein diskurs er eit overindividuell fenomen, og blir derfor noko anna enn biografi, ein diskurs eksisterer også på eit anna nivå enn den individuelle teksten, og derfor òg på eit anna nivå enn sjanger. James Paul Gee (1996:137ff) skil mellom primær- og sekundærdiskurs. Primærdiskursen er den vi blir fødde inn i og oppdratt gjennom. Denne konstituerer såleis vår første sosiale identitet og blir ein slags base for seinare diskursar. Primærdiskursen formar den grunnleggjande forståinga av kven vi er, kven 'folk som oss' er, og kva desse gjer, verdset og trur. Sekundærdiskursane er dei ein tileigner seg gjennom sosialiseringar med forskjellige grupper eller institusjonar, lokale eller nasjonale. Altså, viss primærdiskursen er heimediskursen, blir sekundærdiskursen ein slags utediskurs. Det er i desse sekundære diskursane Gee meiner vi lærer å kommunisere med folk utafor kretsen av våre fortrulege. Den primære diskursen vil likevel tene som rammeverk for eins tileigning eller læring av andre diskursar, dei sekundære diskursane byggjer på og forlenger språkbruken og verdiane, haldningane og overtydingane vi tileigna oss gjennom den primære diskursen. Men også ein sekundærdiskurs kan influere eller omforme ein person sin primære diskurs. Dei to diskursane kan vere meir eller mindre kompatible med kvarandre, og dei kan blande seg eller forstyrre kvarandre og skape konflikt.

Tilsvarande går det an å forklare Vinje – han kjem frå ein primær bondediskurs, men tileignar seg ein danna, kulturell sekundærdiskurs. Spenninga dei imellom festar seg truleg i Vinjes dølediskurs (sjå kap.4) Diskurs blir ein måte å forhalde seg til eit metanivå, og ytre seg innan dette. Gee skriver at når ein er inni ein diskurs, kan ein klare seg fint utan å vere medviten kring kva slags reglar ein følgjer, medan ein derimot gjerne blir meir obs på kva ein prøver å gjere når ein kjem over i ein uvant situasjon, ein situasjon der ein ikkje greier å innrette seg. Truleg har Vinje sin utanfrå-og-inn-osisjon hatt noko å seie her; kanskje ser Vinje lettare kva den offentlege diskursen er strukturert kring ved ikkje å vere "innfødd" i han?

Forfattarskapen til Vinje kan nok falle under nemninga 'poetokrati'. Agitatoren, politikaren og folkeopplysaren blir integrert med diktaren og kunstnaren i den politisk-poetiske *Dølen*. Eg er ikkje den første til å sameine desse to sfærane hos Vinje, men eg trur eg gjer det på ein ny måte. Grepet eg tek med diskursteorien er å ta utgangspunkt i nokre sentrale omgrep, for så å sjå korleis desse blir gitt ulik meining i ulike representasjonar. Tanken er å komme nærare relasjonen mellom Vinje og 'dei andre' ved å sjå korleis dei same omgrepa kan bli gitt ulik tyding, og bli sette i ulike

samanhengar. På den måten kan vi meir nøyaktig sjå kor Vinje skil seg frå andre representasjonar, kor han trekkjer på dei, og kva som egentlig ligg i brotet han tek frå den offentlege diskursen. Eg meiner dette brotet er viktig, ikkje berre for å skjønne det ytre politiske i forfattarskapen hans, men òg for å skjønne poetikken hans. Diskursteorien byggjer på ideen om at våre måtar å snakke på ikkje avspeglar omverda, identitet og sosiale relasjonar nøytralt, men aktivt spelar ei rolle i å forandre dei. Slik kan vi sjå at ideologien og språkpolitikken ved å farge omgrepa Vinje bruker, også fargar kva Vinje tenkjer om språk, kunst, diktning og stil (jf. Kap 4).

Kjelen koplår landsmålet til dannelsingsprosjektet, som er både politisk og estetisk, men meiner middelet ikkje strekk til i målet om å danne folket og å folkeleggjere danninga. Han skriv:

Ein kan kanskje seie at Vinjes dannelsingsprosjekt ikkje var vellukka, og dei midla Vinje hadde tru på, journalistikken og målsaka, ikkje strakk til. Midlet var ikkje det rette for det målet som han hadde set seg. Ein stor «Verfremdungseffekt» kan vanskeleg harmonere med eit demokratisk siktemål.

Vidare koplår han *Dølen* til dei lærde lesarane og diskuterer denne ”Verfremdungseffekten”, framandgjerings-effekten, han meiner målforma skapte ved å for dei vere ei uvant form. Vinje bruker dølemålet med sine gruppemarkørar utanom gruppa døl, noko Kjelen meiner både gir ein parodisk og travesterande effekt og blir einslags latin på heimleg grunn:

At landsmålet skulle inngå i dannelsingsprosjektet må seiast å ha vore Vinjes intensjon med å ta det i bruk, men verknaden vart, som Haarberg seier, ein annan. Landsmålet vart i liten grad teke seriøst. Bøndene, som høyrde til den gruppa som særleg trong danning, var konservative, og få av dei las *Dølen*. (Kjelen 2001:50)

Kanskje vi med dette kan innføre eit femte problem i resepsjonshistoria til Vinje – ein vanske for å sjå Vinjes prosjekt i større samanheng? ”Verfremdungseffekten” er i språket ved at det er ei uvant form, og nynorsken kan dermed seiast å vere ein slags latin. Men at denne vanskeleg kan harmonere med eit demokratisk siktemål, kan eg ikkje heilt forstå. At Vinje nok i samtida ikkje representerte dei rette verdiane og haldningane til å nå igjennom, er nok tilfellet, men er det ikkje nett det som er poenget? Det er ved å gjere noko anna han lukkast. Vinjes prosjekt er større enn han sjølv, og eg meiner han eksemplarisk demonstrerer den dynamikken som finst i diskursive formasjonar. I brotet frå den gjengse diskursen i allmenta opnar Vinje eit rom for ei alternativ allmente, ei nynorsk allmente. Det demokratiske målet trur eg ikkje er at Vinje aleine skal gjere folket meir danna og danninga meir folkeleg. Eg trur heller målet

ligg i framtida – Vinje peiker mot at dette er mogleg, i ein annan diskursiv formasjon.

Ein annan distinksjon Gee gjer, er nemleg mellom tileigning og læring. Gjennom å bli utsett for ting, gjennom forsøk og feiling, eller gjennom å øve i sosiale grupper utan formell læring, *tileigner* ein seg noko. Gjennom undervisning eller visse livserfaringar som triggjar medviten refleksjon, *lærer* ein seg noko. Læringa involverer altså metakunnskapar gjennom forklaringar og analysar. Gee meiner dei to måtane å få tak på kunnskapar har forskjellige mål: ”We are better at performing what we acquire, but we consciously know more about what we have learned.” (Gee 1996:139)

Gee argumenterer for at diskursar blir meistra gjennom tileigning, ikkje gjennom openbar instruksjon, men gjennom å vere ein slags lærling i sosiale praksisar der folk allereie meistrar diskursen. Ein må dermed kunne ta del i den sosiale praksisen for å ta del i diskursen. Eg trur mykje av poenget til Vinje ligg her: Allmugen hadde ikkje tilgang til denne offentlege diskursen ved at dei ikkje hadde tilgang til den sosiale praksisen for han. (Lista til den låg for høgt når alle nyheitsblad held seg til dei danna mottakarane, jf. ”Djærv, norsk og endog lidt raa”). Posisjonen Vinje tek i det diskursive feltet, opnar eit rom for at dei kan ta del. For lite tileigning fører altså til for lite praktisk meistring, mens for lite læring fører til for lite analytisk og reflekterande forståing og avgrensar kapasiteten for visse former for kritisk lesing og refleksjon. Ein bør ha båe delar for å kunne ta stilling i språkdebatten Vinje fører. Ein kan ikkje kritisere ein diskurs med ein anna, skriv Gee (1996:145), utan å ha metakunnskapar om båe diskursane. Men tileigning må i alle fall delvis gå føre læring. Eg trur vi kan snakke om ein dualitet her – Vinje reflekterer mykje kring språk, og skaper med det større metaperspektiv kring både sin eigen og den offentlege diskursen. Han kan likevel ikkje openbert instruere nokon til å ta del i dølediskursen hans, til det må han gå føre som døme. Slik blir både kritikk og konstruksjon viktig.

Vi kan nok seie at Vinje sitt prosjekt var mislukka i samtida hans ved at der aldri blei nokon dølerevolusjon. Såleis har Kjelen rett. Dette trur eg likevel er å sjå for snevert på prosjektet hans. Vinje skapte debatt, og med det refleksjonar kring språk, både sin eigen diskurs, og den som rådde det offentlege rommet på midten av 1800-talet. Aasen (1870:211) skriv i nekrologen om Vinje at ”Fordelen ved Tingen var, at Vinje blev bestandig læst, og at Folket derved vænnede sig til at læse og efterhaanden forsonede sig med den uvante Sprogform.” Slik sett lukkast Vinje.

*Vi vil ikkje annat hava af Nationaliteten
enn det, som hever Verd for all Verdi.*

(Vinje)

3

Språkleg eigarskap

Det at Vinje vil vere skribent for folket, heng tett i hop med kva slags Noreg han kjempa for. Målstrevet hans er eit nasjonalt strev, og språkpolitikken har mykje å seie for skrivestilen til Vinje ved å gi spesielle vilkår for han. Eg vil difor, før vi i kapittel 4 ser på skrivestilen, klargjere språkpolitikken hans Vinje gjer seg til talsmann for. Slik sett tek dette kapitlet føre seg den første delen av problemstillinga mi: På kva for ein måte peikar det språklege fridomsprosjektet til Vinje mot ein alternativ offentleg diskurs, og korleis utfordrar han, med dette, den dominerande offentlege diskursen? For å kunne svare på dette, må vi, som sagt, inn i dei konkrete artikulasjonane til Vinje og sjå kva for nokre moment han omdefinierer, korleis dei står til kvarandre og kva slags rolle dei spelar i Vinjes diskursive formasjon i høve til den gjengse offentlege diskursen. Til artikulasjon har eg såleis valt eit føredrag, ”Om vaart nationale Stræv”³. Teksten er ikkje teke frå *Dølen*, men eg meiner dette er forsvarlig ettersom eg ikkje skriv om *Dølen* som publikasjon, men som eit diskursivt prosjekt. I så høve kan føredraget like fullt bli sett som ei av ”Dølen” sine mange offentlege ytringar. Grunnen til at eg har valt akkurat denne teksten, er at Vinje her gjennomgår det ”nationale Stræv” på historisk vis. I denne gjennomgangen omtalar han seg sjølv og sitt prosjekt i samband med å drøfte språkstriden meir allment. Dette gjer teksten eigna til å sjå situeringa Vinje gjer av seg sjølv i konteksten han skriv i, noko eg trur vil klargjere målstrevet hans, og dessutan hjelpe til å vise korleis han lagar sin eigen diskursive posisjon i og ut av denne konteksten.

Tesen i avhandlinga er at Vinje ikkje trer inn i ein allereie gitt diskurs, men

³ Foredraget er halde i Bergen 8. desember 1868 til inntekt for ”Taarnet paa Bergenhus”, Rosenkrands-tårnet, og er utgjeve på prent året etter.

definerer sine egne diskursive rammer å ytre seg i. Desse rammene kjem ikkje frå inkje, og eg vil i dette kapitlet vise korleis Vinje trekkjer på andre representasjonar for å skape si eiga diskursive allmente, og sitt eige alternative ”Noreg”. Påstanden i dette kapitlet er at Vinje sin diskurs, som går i folkeleg retning, reduserer avstanden mellom språk og tanke, og med det hjelper til å frigjere både eit nasjonalt og individuelt sjølv – ved å føre til større språkleg eigarskap.

3.1 Kampen om ”Noreg”

I boka *Norge – en kritikk* søker Iver B. Neumann å forstå Noregs haldning til Europa og EU. Fordi han meiner sosiale analyser bør ta utgangspunkt i meininga dei handlande legg i det dei sjølve gjer, vil han spore korleis Noreg har blitt skapt og oppretthalde som handlande subjekt. Tanken er: Forstår ein omgrepa ei politisk eining ser både seg sjølv og den andre gjennom, vil ein komme nærare relasjonen mellom dei to. (Neumann 2001:19) I så høve gir han ein historisk så vel som diskursiv gjennomgang av omgrep han meiner har forma nordmenn sine tankar om kva ”Noreg” er og bør vere. I hovudsak gjeld dette omgrep som ”nasjon”, ”folk” og ”stat”, men også omgrep som ”kultur” og ”samfunn” spelar inn. Vi kan kalle desse moment i diskursen om Noreg, og som vi ser, er dette moment som liknar dei vi var inne på i 1.2.1,

Biletet av Noreg utgjer såleis eit ’vi’, som grensar mot eit ’dei-andre’. Neumann går difor også inn på korleis ein har skapt ”Sverige”, ”Danmark” og ”Europa” som andre politiske einingar ”Noreg” får si tyding i høve til. Det er eit interessant perspektiv, også for vårt vedkommande. For å forstå Vinje si diskursive posisjonering, er det nødvendig å ha eit innblikk i dei posisjonane Vinje skapte sin i opposisjon til. I så høve kan Neumanns syn på 1800-talshistoria som ein diskursiv kamp om å definere Noreg som nasjon, vere ein fin måte å situere Vinje i konteksten han skriv i, og med det klargjere hans eige språkprosjekt.

Iver B. Neumann peikar på tre diskursive posisjonar i Noregs 1800-talshistorie. Desse posisjonane ber i seg tre ulike representasjonar av kva slags politisk prosjekt Noreg skulle vere, og dominerer på kvar si tid i løpet av 1800-talet.

Den første posisjonen er embetsstanden sin, ”den etatiske representasjonen”. Embetsmennene såg seg sjølve som leiarar av nasjonen. Dei var ”staten”, medan ”nasjonen” bestod av både den styrande standen og dei styrte, allmugen. Omgrepet ”allmuge”, som skil den lågare standen frå eliten, er sentralt i denne representasjonen. I

etatistane sine auge var det sosialt sett dei sjølve som hadde noko å seie; kulturstrøymingar og -uttrykk blei ikkje sett på som spesifikke for den enkelte nasjonen, men var avhengig av impulsar utafrå. ”Kultur” blir dermed embetsmennes kultur – det var dei som klarte å absorbere den generelle europeiske kulturen. Eit slikt syn støtter dermed opp om eit samvirke mellom Noreg og Danmark og resten av Europa.

Som eit motstykke til denne representasjonen veks eit sterkt driv mot nasjonalkjensla fram i løpet av dei første tiåra av 1800-talet, og med det ein alternativ representasjon av ”Noreg” som nasjon. Denne når sitt høgdepunkt ved ”det nasjonale gjennombrøtet” på 1840-talet, og Neumann (2001:79) døyper han i tråd med det ”den romantiske, nasjonalistiske representasjonen”. Inspirert av den alleuropeiske nasjonalromantikken skulle ein no finne Noreg sitt eige kulturelle uttrykk. Dette skulle ein finne hos ”folket”, og då helst hos allmugen, som ikkje hadde distansert seg frå denne kulturen ved å etterape dansk språk og europeisk kultur. ”Den frie bonden” blir eit sentralt symbol, og ”folkekultur” eit sentralt omgrep, vi kan seie eit nodalpunkt som strukturerer denne representasjonen. I så høve går eit søk etter nasjonens inste vesen gjennom mellom anna folkedikting, folkeviser og folkedans. Det blir likevel ikkje rett å seie at kulturen som no gjeld, er allmugen sin. Berarane av denne representasjonen var embetsmenn, og ”den frie bonden” var ikkje reell, men simulert og idealisert – det var embetsstanden sin representasjon av ”folket” og ”folkekulturen” som gjaldt. Eit viktig poeng i denne representasjonen er det at omgrepet ”folk” skil seg frå ”allmugen” ved at det også inkluderer embetsstanden. Noreg er blitt nasjon og har i så høve eitt folk. Folket må like fullt leiast av nasjonalistar frå embetsstanden, difor er forholdet mellom stat og nasjon framleis organisk – også i denne representasjonen er det embetsmennene som er staten og som leiar nasjonen. Dette er det derimot lite fokus på, og konflikten mellom den etatistiske og den nasjonalromantiske representasjonen avgrensar seg langt på veg til å gjelde plassen ”folket” skulle ha som identitetsmarkør for ”nasjonen”.

Med den romantiske nasjonalismen som såbotn, veks ein ny representasjon fram. Særleg blomstra denne etter det moderne gjennombrøtet i 1870-åra. Representasjonen, som Neumann kallar ”den folkelege nasjonalismen”, tek ikkje utgangspunkt i embetsstanden og deira kapital, men i landsbygda og byane på Vestlandet. Ein vil her innføre folkestyre; nasjonen skulle overta staten. Hinderet for dette var det sterke grepet embetsstanden hadde om statsmakta. Ei polemisk haldning overfor denne embetsstanden pregar difor representasjonen: Dei folkelege nasjonalistane meinte det ikkje eksisterte éin kultur og eitt folk i Noreg, slik dei romantiske nasjonalistane meinte,

men to separate kulturar, ein sjølvstendig ”folkekultur” og ein framand ”embetsmannskultur”. Embetsmannskulturen hadde vidare hegemonisk og institusjonell kontroll over statsapparatet, og var suspekt på grunn av dei overnasjonale sambindingane til den danske kulturen. Hovudteiknet på dette var det dansk-norske målet embetsstanden brukte både i skrift og tale. Det er dermed naturleg at det er i denne gruppa av folkelege nasjonalistar vi finn målforkjemparar som Aasen og Garborg.

Idet dei folkelege nasjonalistane trekte inn embetsstanden sitt språk som unasjonalt, fekk dei romantiske nasjonalistane eit problem – argumenta dei folkelege nasjonalistane brukte, var som tatt ut frå romantikarane sin eigen retorikk, som hadde insistert på å ta utgangspunkt i det norske når ein skreiv historie eller søkte kulturuttrykk; kvifor skulle det då vere annleis med språket? Talsmenn for den romantiske nasjonalismen kom difor på banen med argument om at det var for mykje kultur i språket til at ein kunne kvitte seg med det. Å byte til folkemål ville innebere å gå tilbake til eit kulturnivå som var mange hundre år gammalt. Dette ville vidare føre til at ”Noreg” kom utafor den felleseuropeiske utviklingsgangen dei meinte landet hadde teke del i gjennom embetsstanden.

Som vi ser, er desse argumenta dei same som *Dølen* blei møtt med. Både etatistane og dei romantiske nasjonalistane såg denne samanhengen mellom kultur og språk, og den offentlege arenaen som gav Vinje omtale, var i all hovudsak sett saman av desse to gruppene (som begge tilhørde den bokspråklege eliten). Når Vinje, som kvass agitator for eit norsk språk, bryt med denne oppfatninga gjennom utgivinga av *Dølen*, kan det sjå ut som han vil kunne gli rett inn hos dei folkelege nasjonalistane. Fleire har også plassert han i nasjonalromantikken, som i denne samanhengen kan tolkast til å vere representant for dei romantiske nasjonalistane. (t.d. Oddmund L Hoel, 2008; Kjelen, 2001:30) Tesen min er likevel at det ikkje er så lett å plassere Vinje i noka av desse gruppene. Vinje etablerer ein språkleg praksis som peikar mot ein representasjon av ”Noreg” som på viktige punkt skil seg frå dei rådande posisjonane i den diskursive kampen om ”Noreg”. Skilnadene er like fullt inspirert av desse tre rådande representasjonane av Noreg som nasjon og som politisk prosjekt, men kombinasjonen er særreigen for Vinje, og kan dermed synleggjere hans eigen diskursive ideologi.

3.2 Vinjes "Noreg"

8. desember 1869 held Vinje ein tale i Bergen. I denne talen, "Om vaart nationale Stræv", gir han sjølv ein variant av språkstriden si historie. Historia er sterkt farga av subjektive kommentarar og analyser, og kan dermed lesast som Vinjes eige bilete av "Noreg" som nasjonal, kulturell og historisk eining. Gjer vi det, meiner eg Vinje, gjennom vinklinga han gir denne historiske gjennomgangen, posisjonerer seg sjølv utafør dei tre posisjonane Neumann teiknar opp. Eg vil difor i det følgjande vise korleis Vinje trekkjer på alle dei tre diskursane i sin eigen posisjon.

"Om vaart nationale Stræv" heiter talen. Historia slik Vinje skildrar ho, dreier seg likevel meir om eit språkleg strev, eit "Maalstræv", enn eit generelt "nationalt Stræv", men for Vinje går dette hand i hand. Historia blir framstilt som ei spenningsfylt utvikling som fører fram til stadig rikare (og kan hende rettare) forståingshorisontar. Ut frå Vinje si framstilling meiner eg vi kan dele kampen for det norske språket i tre steg: å identifisere trongen for eit nasjonalt språk (eller berre nasjonalitet?), å oppdage Noregs eiga nasjonale stemme, og å utvide funksjonsområdet til denne nasjonale stemma. (I så høve plasserer Vinje seg historisk i det siste steget, som han karakteriserer som "det eigenlege Målstræv". (Vinje 1869b:242))

Vinje opnar talen med å spørje: "Kva er det me vilja?" På dette svarar han: "Me vilja det, som stend i den fyrste Paragraf i vaar Grunnlog: At Kongeriket Norge skal vera eit fritt, sjølvstendig, udeilelegt og uafhendelegt Rike" (Vinje 1869:237). Grunnlova sine ord skulle i form av å vere nett *den norske Grunnlova* sine ord, vore illokusjonære; dei skulle i kraft av seg sjølve ha utført det dei erklærte, og Noreg skulle blitt eit fritt, sjølvstendig, udeleg og uafhendeleg rike idet dette blei deklart. Likevel stiller Vinje det opp som eit ønske, noko "me" vil. I ein halvsvensk stat med eit fordanska språk kunne nok ei slik erklæring synast meir som ei markering av *mangel* på norskdom enn ei markering *av* norskdom. Å fylle denne mangelen er noko Vinje meiner alle er samde om: "Ja, det vilja me alle, svarar kver og ein, og dette er netup det rimelege i vaart Stræv, at alle norske Folk maa vera med paa det." (ibid) Slik samlar Vinje heile det norske folket i eit kollektivt "me" som hugar å kjempe for norskdom i "Kongeriket Norge", og med det fylle mangelen grunnlova hadde markert. Vinje byrjar slik sett ikkje med språkstriden, som er saka i talen hans, men tek ei sidedør inn til han ved å framstille eit utgangspunkt "alle" kan vere samde i. Det er nett dette utgangspunktet som ligg som premissen for det språklege strevet Vinje vil greie ut om, og ved å skape semje kring grunnlaget hans eige språkprosjekt stig ut av, vinn Vinje

truleg velvilje frå publikum for seg og si sak. Herfrå kan han gå over til å tale om dei ”mange Tvistemål” som kjem ”[s]osnart Tingen verdt utgranskad”.

Gjennom det same me-et fortset Vinje inn i det første steget i det nasjonale (mål)strevet, som kan karakteriserast som ’å identifisere trongen for eit nasjonalt språk’:

Me saag og straks, at det ikke var nok at me hadde eit norskt Statsraad og eit norskt Storting og ein norsk Ombodsbolk eller Embættesstand med heile det utvordes politiske Regelverk. Dette var ein Adam, skapt af Leir, før Livsens Ande vardt blaasen i honom. Der maatte koma eit indre, eit nationalt Liv i desse utvordes Former, og dette Liv maatte ganga ut ifraa Folkets eget Tungemaal og Tenkning og heile Livskrav. (Vinje 1869b:238)

Med grunnlova blei dei ytre premissane for å vere eit ”fritt, sjølvstendig, udeleleg og uavhendeleg rike” lagt, og Noreg ”fekk atter sit Rikssverd” (Vinje 1869:238). Dette er likevel ikkje nok. Kvar nasjon har sitt folk og dermed rett på eige kulturuttrykk. Noreg er blitt ein nasjon og fortener sin nasjonalitet; såleis *måtte* det komme eit indre, nasjonalt liv i desse utvortes formene – og det basert på ”Folkets eget Tungemaal og Tenkning og heile Livskrav”. (Vinje 1869b:238) (Igjen er dette noko ”me” såg straks, og dermed er einige i.) Dette minner sterkt om den nasjonalromantiske tankegangen. Charles-Louis Montesquieu hadde hevda at dei naturgitte forholda var med på å skape vilkåra for individualiteten til eit folk. Det same meinte Johann Gottfried von Herder gjaldt for nasjonalånda eller folkeånda. Kvar folk og kvar nasjonal kultur er ifølge Herder forma av ei bestemt folkeånd eller nasjonalkarakter, og det var denne ånda representantane for den nasjonalistiske, romantiske representasjonen ville søkje.

Det blir likevel ikkje heilt dette Vinje søkjer. Sjølv om han hevder at utgangspunktet for det nasjonale livet må vere folkets eige tungemål, tenking og livskrav, er ikkje hovudpoenget å finne den opphavlege folkeånda hos allmugen. Det ligg nemleg noko meir aktivt i nasjonstanken til Vinje. Dei ytre statsforvaltningane blir sett som ”ein Adam”, eit utgangspunkt som føreset det indre livet som manglar. At Vinje alluderer til skapingsforteljinga, er interessant av di det samanstiller prosessen å finne nasjonens liv med skapingsprosessen, og såleis insinuerer at dette indre, nasjonale livet må skapast, ikkje leitast fram. Denne tanken kjem òg eksplisitt fram i sitatet: ”Og det ligg soleids til paa Landskortet, at du maatte segja om det, som ein Franskmann sagde om det hægste Væsen: «Si dieu n'existe pas, il faut l'inventer», eller dersom der ikkje var slikt eit Væsen, so måtte du finna på eit. Det trengst nemlig til.” (Vinje 1869b:239) Synet Vinje har på den norske identiteten minner på denne måten meir om konstruksjonisme enn essensialisme. Han vil ikkje definere det nasjonale ein gong for alle, men har eit relativistisk, konstruksjonistisk syn på kva ”folket” er – vi er det vi gjer

oss til. Vinjes tanke blir dermed noko anna enn det nasjonalromantiske søket etter nasjonens inste vesen, og omgrepet ”folkeånd” har dermed ei litt anna tyding hos Vinje enn hos dei romantiske nasjonalistane.

Vinje skil like fullt mellom ”norsk” og ”ikkje-norsk”, og i lys av skildringa av ”Utlendingar med utlendskt Tungemaal og Stell” som ”ein utvordes Sjukdom” det ”skulde ein Kur til”, (Vinje 1869b:238) liknar argumentasjonen dei folkeleg nasjonale sin. Vi ser hint av tokulturstanken, særleg idet Vinje framstiller ein kur mot det unasjonale i kampen for det nasjonale. Vinje vil ha *eitt* folk, ”både i Form og i Innehald; det måtte vera det heile Folk”. Det er frå dette (heile) folkets tungemål, tenking og livskrav det indre, nasjonale livet må tre ut. Det spørst likevel om ikkje Vinjes kur mot det utlandske skil seg frå polemikken til dei folkeleg nasjonale. Eg trur det ligg eit poeng i Vinje si understreking av *det heile folket*. Vinje vil, som sagt, ikkje at allmugen skal bli ekskludert frå allmenta. Men han vil heller ikkje amputere det utlandske slik mange folkelege nasjonalistar tenderte mot. Vinje vil heller kurere dette slik at ”folket” kan innehalde både allmugen og elite. Denne kuren byrja i det små, men ”Noreg” vil ikkje vere sjølvstendig før det har ”eit sereiget Land med sit sereigne Tungemaal og sine sereigne Tankar” (Vinje 1869b:238) Det held ikkje å berre fjerne det unorske og på den måten bli reint norsk; strevet etter sjølvstendet blir framstilt som ein prosess, og har tre ”Vilkor” som må bli oppfylt – ”Noreg” må få eit særlege land, eit særlege tungemål og ha særlege tankar. Desse heng tett i hop, og sentralt i tanken om å skape sin (sær)eigen identitet står ”Bokriket eller Literaturen [som] er eit Uttryk for det finare og hægge aandelege Liv i eit Folk”. (Vinje 1869b:238)

Dette ”hægge aandelege Liv” spelar ei vesentleg rolle i Vinje sitt ”Noreg”, og gjer at årsaksforklaringa til kvifor Vinje meiner landet bør bli kurert og sjølvstendig, ikkje lenger minner om ”krigføringa” til dei folkelege nasjonalistane, men om etatistane sin meir sosiale representasjon av ”Noreg”:

Det er ingen grunn til, at eit Folk skal vera eit Folk for seg sjølv, dersom det ikke har desse sereigne Vilkor til eit sjølvstendigt Liv, so at det kan vera til Uplysning for det store Samfund af dei mange Verdsens Folk, som netup hava eit sjølvstendigt liv vert for seg, for at dei skulle leggja sin Skilling til det store aandelege Sameige, som den heile Menneskeslægt liver af. Eit Folk, eit Samfund er ikke ei Grille. Det er ikke slik ein Kile, som du kan slaa ned og reisa up atter. Det er ein aandeleg Vokster eller Organisme, som har si Livsgjærning i det store Menneskesamfund. Og ei slik Organisme er vaart Land. (Vinje 1869b:238-239)

Det etatistane frykta mest var isolasjon. Dei meinte kulturstrøymingar ikkje var spesifikke for den enkelte nasjonen, men var avhengig av impulsar utifrå. Dermed blei

den store angsten at Noreg i sin hug etter det spesifikt nasjonale, skulle ende opp som ein provins åtskilt frå resten av den europeiske sivilisasjonen (jf. Neumann 2001:90) Noko av det same ser vi hos Vinje: Vinjes ”Noreg” skal ikkje vere ein nasjon i og for seg sjølv, men fungere som ein av mange organismar i eit åndeleg sameige. Men å vere nasjonal blir ikkje ei motsetjing til å stå i eit europeisk samvirke hos Vinje, snarare blir det ein føresetnad for å kunne gjere så.

Ifølge Neumann (2001:68) skjedde det gjennom bytta av diskursane ei innsnevring frå ein sosial definisjon av nasjonen over mot ein meir biologisk: Mens etatistane la hovudvekta på rolla Noreg (via embetsmennene) spelte i den generelle europeiske utviklinga, får Noreg tydinga si i det som var forskjellig frå andre nasjonar hos dei romantiske nasjonalistane. Hos dei folkelege nasjonalistane er Europa nærast gløymd, og avgrensinga av nasjonen blir gjort til ein prosess som går føre seg *innafor*, og ikkje ved, Noreg sine grenser. Når Vinje såleis skriv at dei særeigne vilkåra Noreg har til eit sjølvstendig liv – land, tungemål og tankar – også blir føresetnader for å ”vera til Uplysning for det store Samfund”, spelar dei altså ei større rolle enn å berre vere identitetsmerke på det norske. På den måten trekkjer Vinje på den sosiale definisjonen av nasjonen han fann hos etatistane: Eit samfunn er ikkje berre ”ei Grille”, eit påfunn, eller ”ein Kile, som du kan slaa ned og reisa up atter”, men tener ein funksjon som ”aandeleg Vokster”, med livsgjærning i det store menneskesamfunnet.

I dette blir det særeigne norske viktig, og Noreg får si spesifikke rolle i det som er forskjellig frå andre nasjonar, slik som hos dei romantiske nasjonalistane. ”Noreg” må stå i dialog med resten av verda, men må samstundes utvikle egne idear. Dette sjølvstendet er viktig for Vinje, ein skal ikkje ”leve af Andres aandelige Smuler” (Vinje 1855a:188) som han skriv i ”Aandelig Selvstendighed”, men ”være et aandeligt selvstændigt Folk og have sine egne Bøger og Aviser.” (ibid:189) Her ser vi tydeleg dannelses-idealet til Vinje om å gjere det andre til eins eige. Ein skal eige, og ikkje bli eigd av språket. Dette er viktig for Vinje:

Vi har nok enkelte berømte Forfattere som f. Ex. Professor Munch og Wergeland; men for det første er det faa vi have; dernæst er de fleste vi have Danske, og endelig er som det Vigtigste – vor læsende Verden unorsk. Faar ikkje den et andet Sindelag, saa kan vi ikke kaldes et Folk i literær Henseende; vi blive afhængige af Udlandets Meninger; vi tilintetgjere det vesle vi har igjen af vor egen Natur, og enhver fremmed Mand, sjølv en dansk Boghandler vil med rette le ad os. (Vinje 1855a:189)

Utan å bli ei norsk lesande verd, ”kan vi ikke kaldes et Folk i literær Henseende”. Det åndelege i dette må understrekast, og eg trur poenget ligg her, i livsgjærninga nasjonen

har i å ”leggja sin Skilling til det store aandelege Sameige” (Vinje 1869b:239). Metaforen speglar kva Vinje meiner med nasjonalt liv; og spelar vi vidare på han, kan vi sjå orda i samanheng med evolusjonsteoriens omgrep ’ontogenese’, individets utvikling, og ’fylogenes’, artens utvikling. Kwart land er hos Vinje ein organisme, eit individ med sjølvstendig tankeliv, og metaforen viser nettopp at tankelivet vårt kan utviklast. Her ligg ein dimensjon av skaping; den åndelege fylogenesen er noko vi sjølve kan vere med å utvikle. Her spelar ”Bokriket” som ”Uttryk for det finare og hægare aandelege Liv i eit Folk” (Vinje 1869b:238) ein viktig rolle. I interaksjon med andre, menneske eller tekster, kan vi få stadig djupare innsikt som fører til at forståingshorisonten flyttar seg. Dette er ein sentral tanke i mange av tekstane til Vinje, til dømes kan vi i diktet ”Staale lærande” finne desse linene: ”Eit Hav af Kunskap saag han liksom gausa. / Og dette Havet skulde ut han ausa! / Han auste, so det vardt for Augom svart, / men syntes altid, at det større vardt.” (Vinje 1869b: 340)

For å kunne få utbytte av, og for å bidra til Europas fylogenes, må ”Noreg” sjølv, som organisme, utvikle seg til å bli sjølvstendig – gjennom å få eit særeige land med særeigne tankar uttrykt i eit særeige bokrike gjennom eit særeige språk. Det kan verke som om Vinje trekkjer opp att premissar frå opplysningsprosjektet som fanst hos etatistane; men i søket etter ein slik åndelig metamorfose (forvandling) blir det kva ”Noreg” kan få av *ny* kraft og innsikt, som blir viktig. Det handlar med andre ord om kva som er mogleg å *utvikle* av idear. Det sjølvstendige og eigenarta ved Noreg blir difor feira, og Vinje går ikkje tilbake til etatistane sin representasjon, men trekkjer på delar av den i kombinasjon med delar av den nasjonalromantiske representasjonen, som meinte at det særeigne ytre i ein nasjon gav vilkåra for folket sin individualitet:

Du, Nordmann, maa af Naturen vera den mest originale af os. Det er ikki deg sjølv at takka for dette, det er det alsidige Land, det er din Skog og di Mark, di Slett og din Dal, dit Fjell og din Fjord.” (Vinje 1869b:251)

Språkverda konstituerer røyndommen vår ved at vi tolkar røynda gjennom ord. Av denne grunnen må nordmenn ta utgangspunkt i det norske språket – det er oppstått av den norske livsverda, ut av dei livsvilkåra nordmenn må forhalde seg til, som ved ”det alsidige Land” med skog og mark, slette og dal, fjell og fjord, er svært forskjellig frå ”det vesle Slettelandet der lenger sud” (ibid: 239). Om språket set grensene for tanken ved å utgjere praksisen vi lever i, blir vi fanga av strukturen i språket. Distansen mellom nordmannen sitt norske tankepråk og det danske skriftsspråket denne tanken blir tvinga inn i, vil dermed kunne skape eit problem for tankeutviklinga. Skal ”Noreg” inngå i

fylogenesen, det vil seie leggje sin skilling i det store (europeiske) åndelege sameiget, må vi ha kontakt med den norske individualiteten; eit Danmark finst jo allereie.

Gjennom slike tankar meiner Vinje at trongen for nasjonalitet er identifisert. Historisk ligg der no ”i Grunntanken af vaart Folk, at me hadde eit slikt originalt Ord at segja” (Vinje 1869b:239), og Vinje aner ein ”Understraum up imot den norske Kyst” (ibid:240) om så overstraumen endå gjekk ned mot Danmark, mot dansk språk og kultur. Truleg er det først når ein ikkje lenger kan ta identiteten sin for gitt, at ein byrjar å søkje han. Trongen etter ein slik identitet hadde no blitt identifisert, og som følgje av dette kom no eit strev mot å vere norsk, og eit ønske om ein norsk litteratur og eit norsk språk.

Korleis denne fornorskinga skulle skje, og om striden om skriftspråket skulle kallast norsk eller dansk, morsmål ellar framandspråk, skildrast ikkje, men skin likevel gjennom i omtalen av ”vore Bokmenn” og i den metaforiske omtalen av striden mellom Wergeland og Welhaven som ”Lynglimt” og ”Toreslaattar langt burte” (Vinje 1869b:240) – altså som noko fjernt og forbigått: ”Du kan ikke skyna desse Lyn og desse Hagl, for dei fara for langt burte. Der er mangt, som du ikke kan tyda, for det heng i hop med hitt Liv, som ikke lenger er her.” (Vinje 1869b:240)

Vi er nå komne over i steg to, som vi kan karakterisere som det å oppdage vårt nasjonale språk eller vår eigen stemme. Språkleg sett vil dette vere ein prosess i seg sjølv, der ein vel ein språkmodell ein kodifiserer og agiterer for. Det er med andre ord her vi finn usemjene. I talen blir steget skildra som ei utvikling mot eit norsk språk gjennom bidrag frå forskjellige aktørar. Det mest interessante ved gjennomgangen er korleis Vinje lèt den kritiske stemma til Monrad komme til orde. Stemma kommenterer aktørane sine bidrag, men kommentarane er høgst ironiske og synleggjer motførestillingane mot eit norsk språk berre for å punktere dei. I denne nedringinga kjem eit alternativ fram, og slik speglar dei tydeleg Vinje sin eigen ståstad.

Vi har alt sett korleis Monrad harselerte med Vinjes utgiving av *Dølen* (jf. s. 2) Ifølge Oddmund Løkensgaard Hoel (2007:53) er Monrads modell for kulturutvikling sterkt prega av Georg Wilhelm Friedrich Hegels dialektikk, teorien om at motsetningar, ein tese og ein antitese, går opp i ei høgare eining, ein syntese, som igjen kan bli ein ny tese i neste steg. I Monrads modell for nasjonalitet blir det første stadiet, tesen, at folkeanda ligg som eit råmateriale i folkekultur og folkemål hos ein naiv allmuge. Antitesen er ein reflektert kunst og vitskap hos eliten, og det blir deira jobb å foredle råmaterialet, å gjere det reflektert slik det kan gå opp i ein syntese som samla

nasjonalkultur. Med andre ord har også Monrad ein idé om ein diktarisk skapar, (jf. Monrad 1845:110, her frå Hoel 2007:54) men denne ideen er meir nasjonalromantisk, og skil seg frå Vinjes ved at det her er eliten, og den aleine, som skal leggje premissane for kulturutviklinga og folkeopplysninga. Allmugen er naiv, og isolert frå den store kulturutviklinga i verda, noko Monrad meiner speglar seg i allmugespråket som dermed manglar omgrep til å fylle dei kulturelle krava eit nasjonalspråk må ha. Det kan likevel passere i ein folkloristisk idealisering ved at det hjelper å finne tak i den ibuande folkeanda som var premissen, tesen i dialektikken hans.

I Vinjes tale blir desse tankane framstilt som sjølv motsigande:

Det norske Spraak, som før var trutt ubrukelegt i Bokmaal, so nær som eit Ord her og der og eit norskt Ordalag imillom, det vardt no sagt at kunna bli brukat til Æventyr og simple Historier. Tenk simple! Lenger kunde det umogelegt koma! Nokot slikt veit eg, at f.Ex. Professor Monrad sagde, og han er ein Filosof. (Vinje 1869:241)

At Monrad allereie har modifisert seg frå å meine at det norske språket ”var trutt ubrukelegt i Bokmaal” til at det vinn innpass i domena ’eventyr’ og ’simple historier’ før han ytrar at det ikkje kan komme lenger, undergrev Alvoret i spådommen hans. Her er det særlig ordet ”trutt” som står i kontrast til modifikasjonen, men også den perifrastiske verbtida ’preteritum futurum’ (fortidig framtid) i sjølv påstanden ”Lenger kunde det umogelegt koma!” gir form til ein ironi; føreseinga er ved preteritumsforma ”kunde” sett i fortid, og synest dermed å vise ein feilslått profeti – lenger kom faktisk språket. Ironien blir forsterka gjennom at Monrad gjentek spådomen, trass stadige motprov:

Ivar Aasen skreiv sine Prøver af Landsmaalet og gjorde sin «Erving». No ja, Spraaket kunde, som du saag, brukas til Æventyr og «simple» Historier, og no gjorde det eit Stig frametter og kunde brukas til «naive Vers». Eg trur det var Filosofen, som her atter var ute. *Lenger kunde det umogeleg koma.* Til Politik og det meir samansette Tankeuttryk var det reint ubrukelegt. Ja men var det so. Det er med dette som med somangt nytt. Fyrst er det umogelegt. So verdt det tvilsamt. Og so er det ingen Mann, som har voret imot det. Der stod me. Men so trur eg vist det var «Dølen», som kom, og det er ikke fritt for, at Filosofen klo seg bak Øyrat og meinte, at det nok kunde skapas til det og paa ein Maate, men det vardt følt kunstig og tilgjort. *Lenger var det atter umogelegt at koma.* Men so kom der Vers f.Ex af Ivar Aasen, og Welhaven sagde, rigtignok privat, men likevel offentlig nok: «Den som hadde havt eit slikt Maal i sin Ungdom!» (Vinje 1869:242) (mine kursiveringar)

Historia viser gong på gong at profetien til Monrad sprekk. Det blir difor komisk at han tviheld på tanken om at folkemålet *no* ikkje kan komme lenger, særleg når referansen til ’no’ stadig blir forskove. Men kvifor blir det så viktig for Vinje å punktere Monrads meiningar?

Vinje er sjølv prega av Hegels dialektikk, og latteren mot Monrad liknar latteren

mot Asbjørnsen og Moe som ”synes reint liksom at bli sinnad, naar nokon vaagar at draga Tankefylgja vidare. Mannen trur gjerne at Livet aldri kan koma lenger, en han sjølv kom.”(Vinje 1869b:241) Ved å setje målstriden inn i eit historisk perspektiv, ser Vinje ikkje berre fortidas idear som relative, han ser òg seg sjølv, si målform og samtid som eit punkt i historia, og ikkje som det endelege punktet. Fordi både språk og tanke har sine eigne ontogeneser, blir Vinjes målform berre eit ledd i utviklinga og ikkje eit ferdig produkt. Ei slik utvikling vil finne stad med di tanken er i stadig utvikling og dermed vil omsetje språket; ”ny Aand og Tanke [er] komen in; og so nye ord.” (Vinje 1869b:243) Å innbille seg noko anna blir dermed ”flirande og det visar at desse Folk ikki hava den minste Kunnskap om Vilkoeret for menneskeleg Utvikling”. (Vinje 1869b:248) Viss vi stoppar her, og ser kva Vinje faktisk seier, finst der ein slående likskap til diskursteorien, og det å sjå ein diskurs som eit midlertidig stopp eller fastlåsing i tydingsglidingane teikna må gjennomgå (Jørgensen & Phillips 2005:38). Ein diskurs kan aldri fikserast så fullstendig at han ikkje kan bli undergrave av det fleirtydige som finst i det diskursive feltet liksom Vinjes målform ikkje kan fikserast så fullstendig at ho ikkje kan bli undergrave av den språklege ontogenesen.

Hos Vinje er tanken (og tida) større enn mannen som tenkjar han. Dialektikken her skil seg såleis frå Monrad sin ved at tanken vil leve sitt eige liv, også etter at mannen er død. Vinje sin syntese må bli ein ny tese. I dette perspektivet blir mangfald viktig, og historia treng både framgangsmenn, atterhaldsmenn og mellommenn:

All Framgang i Literatur som Politik verdt utgjord af disse tri Slags Folk. Framstiget er liksom Dampmaskina, dei praktiske Menn eller Middelvegsfararne er liksom Styresfolket, og Atterhaldsmennerne eller dei reaktionære er Vatnet, som held imot Farten og alt som dreg tilbake. Dei maa til allesaman; Livet maa hava alle disse tri Folk, og ingen kan godt vera den andre forutan. (Vinje 1869b:246)

Alle tre er moment i ein utviklingsprosess. Vinje fører såleis ikkje krig mot atterhaldsmennene slik som mange språkforkjemparar har gjort, men han vil gjerne tilføye si eiga stemme i mangfaldet. Det er likevel ikkje vanskeleg å sjå at sympatien til Vinje ligg hos framgangsmennene, ”som er den dragande Magt” (ibid), om enn deira innsats må bli tilføydd ”denne Samdraatte af alle disse tri Slags Folk” (ibid) som hjelper bokriket og nasjonen å komme til seg sjølv. Vinje målar dei litterært, og det nasjonale blir eit merke på kvalitet; ”det poetiske må alltid vera folkelegt og vera det reinaste Uttryk for sit Lands Tungemaal og Tanke” (ibid:247). Såleis blir det ”ikki stort at tala” om atterhaldsmennene, og nytta til mellommennene er praktisk, og ligg i å skjule framgangen for folket før alt er ferdig og ”denne praktiske Literatur umerkjelegt

er gleden *over* og *in* i denne poetiske og nationale” (ibid:247).

At Vinje bruker Monrad, den framstående hegelianaren, som opponent for denne tankegangen, degraderer kritikken han har komme med mot Vinje. Monrad bruker nemlig dialektikken som argument for at folkespråket ikkje kan bli brukt som bokmål. Vinje viser derimot korleis premissen for dette ikkje kan bli godtatt: Folkeånda er ikkje ein romantisk, statisk kjerne vi finn skjult hos allmugen, men ein dynamisk identitet ’vi’, som eit folk, skaper, ei kreativ kraft som dermed stadig er i forvandling: ”Den eine Mannsalder tek up i seg Tankeinholdet frå den fyrre Mannsaldren og omseter dette til sit Bruk og til Kravet for si Tid.” (Vinje 1869b:249)

Dynamikken som driv historia fram, ligg med det ”i det livande Menneskelege Hovud” og ikkje ”uppi Bokhylla” eller i språket. (Vinje 1869b:248) Han inneber at ein må fordøye det ein lærer slik at ein kan omsetje det til eige bruk:

Det er liksom med den likamlege Maten dette; den skal ikkje liggja som Graastein i Magen, men bli omsett til Safter og Blod og Livsnæring i det heile. Den, som derfor trur, at Uplysning, Cultur, ligg i dei gamle Boksamlingar og stend der uppi Hylla og ikkje verkar i Tankelivet for Dagen og Timen, han er lik den Mann, som ikkje vilde smelta Maten sin, men berre ganga og dragsa og bera på den som ein annan Steinpose.

Klarer ein å smelte lærdomen, vil det ikkje vere til åndeleg skade å bruke folkemålet til skriftspråk, snarare tvert imot, det er vel så godt eigna som den bokspråklege forma, fordi forma nettopp er det vi gjer ho til. Vi kan dermed sjå den ironiske attgivinga av stemma til Monrad som ein illustrasjon på at motførestillinga mot landsmålet er nett det – ei førestilling. Ved å setje Monrad sitt syn i historisk perspektiv, gravlegg Vinje tvilen på nynorsk som bruksmål. Dette må til for å gi såbotn til hans eige språkprosjekt. For å få fram at opplysning og kultur skal verke i tankelivet til fornying, og at det difor er viktig å forkorte avstanden mellom tankepråk og skrivespråk, må Vinje bryte med ideen om at det heilagste er det vi ikkje forstår. (Vinje 1869b:255) Slik kan vi sjå talen som integrert i ein større kulturkritikk: Nasjonen bør bli bygd på offentleg tankeliv, og det må dermed bli lagt til rette for at dette kan skje. Dette er sjølvstøtt og tanken i den offentlege opinionen, men dette offentlege rommet er for trangt i Vinje sine auge, der er ikkje plass til heile folket, det utelukkar ”det Folk, som mest trængde til at bliva boklærde” (Vinje 1858b:9) Monrad fyller ein funksjon i Vinjes retorikk mot denne ideen, og må bli redusert til å passe biletet Vinje ønskjer å teikne – som karikatur. Det er denne komiske distansen Vinje held i degraderinga, som synleggjer det håplause i tankegangen til motstandaren – alvoret i motstanden blir difor degradert til ein episyklisk forklaringsmodell, ein som ikkje oppfyller vitskaplege ideal, og som difor

stadig må modifierast. Resultatet er ei feiring av folket sitt potensial for læring, ikkje embetsstanden sitt potensial, slik vi såg hos etatistane, eller folket sine medfødde kvalitetar, slik nasjonalromantikarane var så opptekne av.

Vi har i gjennomgangen av Monrad-toposet entra det tredje og siste steget i ”Om vårt nationale Stræv”, nemleg å utvide funksjonsområdet til nasjonalspråket. Det er i dette steget Vinje har spelt den største rolla i både ånds- og språkhistoria, og det er også dette steget han kallar ”det eigenlege Maalstræv”. (Vinje 1869b:242) Ved *Dølen* blir folkemålet sitt domene utvida til ”Politik og det meir samansette Tankeuttrykk”. Avisasprengrer landsmålets smale bruksarena som stilistisk verkemiddel ved å ta i bruk den folkemålsbaserte nynorsken som offentleg forvaltningspråk. ”Nynorsken” kan fungere som eit verkty for å gjere den offentlege interaksjonen tilgjengelig for allmugen, og *Dølen* fyller dermed ein mangel som medium for offentleg oppfatning. Dette har, som vi har sett, samanheng med nasjonssynet til Vinje om at nasjonen skal bli bygd på og av offentleg oppfatning.

3.3 All-stand-litteratur: Den doble kommunikasjonen

På denne måten har dølespråket til Vinje ein pedagogisk funksjon; Vinje vil leggje til rette for at flest mogleg kan ta del i den offentlege diskusjonen. Som kulturkritikk vekker dette motstand, men kanskje er det ikkje språket i seg sjølv som er så provoserande og stygt, men assosiasjonane det vekker til allmugen, og ideen om at dei no skal ta del i det offentlege?

Djupedal (1972:279) skriv:

Merkeleg nok var det ikkje dølemålet som skapte vanskaner for han og gjorde han utlåg i visse krinsar i Kristiania. Det var heller hans meiningar og synsmåtar i konkrete saker som skapte motstanden. Målmannen Vinje kunne folk godta, sameleis som dei godtok målmannen Aasen. Men ein mann som pirkar ved autoritetane og ruskar litt opp i vanetenking og fordommar, har det gode borgarskap gjerne vanskeleg for å tåle.

At Vinje utfordrar fordommar og ideologiar, meiner eg likevel botnar i språket. Med sin offentlege bruk sidestiller Vinje det med riksmålet; språket kan såleis bli sett som ein metonymi på eit åtak eller hån mot den kulturen og danninga embetsstanden står for. Vinje ville tale til meir enn den kulturelle eliten, både byfolket, landsfolket, bygdefolket og fjellfolket skulle bli inkludert i Vinje sin diskurs (Vinje 1858b:9), noko som fører til ein utvida mottakarposisjon. Dette tek tankane til all-alder-litteraturen, som skal vere skriven for alle, halde ved lag sin estetiske autonomi, men samstundes vere tilpassa barn

(utan ei ovanfrå-og-ned-haldning). (Fosse 1999) Kanskje kan vi snakke om ein all-stand-litteratur, som skal vere skriven for alle, og samstundes vere tilpassa den ulærde allmugestanden?

Vi ser at kritikken som kjem mot Vinje, ofte botnar i denne utvida mottakarposisjonen, og mange har stilt spørsmål kring nytteverdien av å inkludere allmugen. Monrad utelukkar til dømes at målforma kan ha noko føre seg som opplysningsprosjekt for allmugen:

Langt snarere vil Dialekt-Litteraturen hævde sin beskedne Plads som et Moment i de dannede Klassers Underholdning og Kunstnydelse, som et Træk nemlig i den Billedveden, hvormed den høiere Dannelse medrette elsker at omgive sig. Det skulde saaledes ikke forundre os, om ogsaa «Dølen» faar flere Læsere blant Byfolk eller idethele dem, der selv tale et ganske andet Sprog end iblandt de «Døler», hvis Sprog den vil gjenvige. (Monrad, *Morgenbladet* 20. okt)

Francis Bull kommenterer også dette, men då på bakgrunn av innhaldet i avisa: ”Det virker eiendommelig at et blad som bærer navnet «Dølen» i sin første tid inneholder tallrike anerkjennende ord som bykulturen og hovedstadens fremste menn og samtidig er fullt av utfall mot både bondepolitikken og bondelivsdiktning” (Bull 1963:150, her sitert etter Østerud, 1987:255)

Også fleire seinare kritikarar har stilt spørsmål om lesargruppa til Vinje, både den reelle og den implisitte, verkeleg var allmugen. Opplaget til Dølen var på omlag 600 eksemplar, noko som langt ifrå inkluderte heile folket. Willy Dahl (1981:199) skriv at *Dølen* hovudsakleg var lesen av ”folk med innflytelse”, altså eliten. Skard (1938:362) viser til Vinje sin bruk av greske og latinske ordspel som er ”langt utanfor rekkjevidda åt almugamannen”, og dermed fortel om ”kva publikum han tenkte på med «Dølen»: ideallesaren høyrer tydeleg til hans eige daningslag og kan skyna på ei halvkveden klassisk vise.” (ibid) I tillegg har både Georg Johannessen (1987:84) og Time (1982:25) understreka den framandgjerande verknaden dølemålet til Vinje fekk ved å gjere merksam på sjølve uttrykket. Det er slike tankar som får Kjelen (2001:30) til å stille spørsmål kring danningprosjektet til Vinje; kan denne framandgjeringsseffekten harmonere med det demokratiske siktemålet? (sjå s. 30)

Kanskje er dette nett eit poeng? Kanskje dreier ikkje dølemålet seg berre om demokratisk målsak? Vinje er ikkje berre demolog og politikar, men like mykje, kan hende meir, forfattar. Estetikk vil difor vere viktig i seg sjølv nett av di det er estetikk. Likevel trur eg vi, uavhengig av kven den empiriske lesaren var, kan finne rom for både allmugen og embetsmenn i den innskrivne mottakarposisjonen.

Einkvar tekst er avhengig av å bli tolka av ein lesar for å kunne kommunisere. Fordi kompetansen, kodane og fordommane ein tilfeldig lesar har, vil vere ulike kompetansen, kodane og fordommane sendaren har, kan teksten bli misforstått eller meiningslaus om gapet mellom dei to er for stort. For å unngå dette må avsendaren byggje opp lesaren sin forståingsportal til å bli meir eller mindre lik sin eigen. Dette blir gjort gjennom teksten. Ein vil, gjennom tekststrategiar som val av språk, leksikalsk viten, stilistisk arv og spesiell encyklopedisk kompetanse, konstituere ein forståingshorisont som er naudsynt å ha for å få tilgang til tydinga i teksten. Men gjennom dei same tekststrategiane legg ein òg til rette for at lesaren kan skaffe seg denne horisonten. Det er denne forståingshorisonten som Eco (1996) kallar modellesaren, og Iser (1978) den implisitte lesaren. 'Ideallesaren' Skard talar om, kan vi på bakgrunn av dette skildre som ein tekstleg modell av Vinje sin 'ønskelesar', eit ønske teksten ikkje berre skal gi uttrykk for, men ved den rette dreinga også skal legge premissane for.

Sjølv om det både hos Eco og Iser, og også hos Skard, kan verke som det berre finst éin modellesar i ein tekst, trur eg det går an å tenkje seg fleire. Poenget med å innføre ein modellesar er vel at ein ønskjer at den faktiske lesaren skal kunne tre inn i modellesarrolla. Skal teksten i seg sjølv leggje til rette for at dette kan skje, vil det truleg bli viktigare at lesarane aksepterer modellesaren sin posisjon i teksten, enn at dei faktisk passer til figuren modellesaren har. Aksepterer lesarane posisjonen (medvite eller umedvite), kan dei tre inn i denne og lese teksten etter forfattaren sitt ønske. I så fall bør tekststrategien truleg ikkje vere å tilpasse teksten til ei bestemt målgruppe, men heller å opne for at lesaren, gjennom lesinga, kan identifisere seg med forståingshorisonten, og med det tilpasse seg teksten.

Det kan likevel diskuterast om ikkje auka medvit om dei empiriske mottakarane vil auke sannsynet for at ein tilpassar forståingshorisonten slik at dei kan tre inn i rolla som modellesar. Johan Tønnesson (2002:19-21), som dessutan opnar for at det kan finnast fleire modellesarar i ein tekst, forklarar at det finn stad ein polylog av stemmer som speler med eller mot kvarandre når ein skriv. Når tekstproduksjonen blir retta mot ulike modellesarar, speler også deira stemmer med i stemmekoret. På den måten kan biletet forfattaren har av lesaren tre fram i teksten. Vi kan kanskje tilføye at om ein veit noko om den empiriske lesaren, blir ramma rundt dette biletet stramma. Slik eg les Eco, er dette eit poeng. Han meiner ein lukkar teksten om ein utelukkande fokuserer på mottakarane og korleis ein kan nå dei. Modellesarane i slike tekstar samanliknar han

med skyteskiver som ikkje samarbeider med teksten, men berre ventar på å bli ramma. (Eco 1996:186) Til motsetning har vi opne tekstar. Ein open tekst har tomme rom. Desse må lesaren fyller gjennom inferensar, det vil seie samankoplingar og tolkingar av den allereie gitte informasjonen. Dette krev kunnskap og innsikt og dessutan ein aktiv og medviten innsats frå lesaren si side. Viss vi tenkjer oss at Vinje sitt dannelsingsprosjekt skal tilføre ein pedagogisk funksjon i tekstane sine ved å skulle danne folket samtidig som han skulle folkeleggjere danninga, vil det bli ei utfordring å kunne møte dei to ulike lesarane der dei er, samstundes som han skal utfordre dei til å tenkje vidare og lære noko nytt (i folkeleg eller danna retning)

Lesarane har forskjellige føresetnader for å møte krava teksten stiller. Eg vil tru det er i teksten sine tomme rom at desse føresetnadene vil spele den største rolla. På den måten kan vi bruke inferensane som indikator på kva rolle Vinje gir modellesaren sin: Jo opnare tekst, jo fleire krav eller høve til å inferere, jo dyktigare modellesar. Truleg er det dette Skard gjer når han skriv at den omfattande bruken av greske og latinske ordspel krev ein ideallesar som ”kan skyna på ei halvkvaden klassisk vise. (Skard 1938:162) Skard meiner Vinje ”nettupp i dette uslipte målet, som for ein stor del av publikum måtte ha mange vulgære assosiasjonar, sette pris på å minna um at den som skreiv, var ein vellærd mann og stod på «ein breidare Kulturgrunn»” (1938:362) Desse halvkvadne klassiske visene er eksoforiske referansar, referansar som refererer ut av teksten, og dei krev dermed forhandskunnskapar som Skard meiner er ”langt utanfor rekkjevedda åt almugamannen.” (ibid) Truleg stemmer det, men dette er likevel berre halve sanninga. Skard innrømmer at dei latinske og greske sitata sjeldan står aleine: ”Svært ofte set han rettnok sitata um, stundom med drastisk humor: *Incidit Scyllam*⁴,osb., – «Du slepte Fan’n og tok atter Satan»; men originalen skal um lag alltid med, og hermingane blir innførde på ekte humanistvis” (Skard 1938:362) Av di Vinje omset sitata, trur eg vi kan snakke om ei todeling i mottakarposisjonen. Sitatet og omsetjinga står i relieff til kvarandre, og såleis impliserer dei ein samanheng og ei kopling. Koplinga blir humoristisk av di det ikkje er ei rein oversetjing. Vinje utnyttar den parodiske og travesterande effekten som ligg i folkemålet gjennom bruken av dei dysfemiske orda ”Fan’n” og ”Satan”, og omsetjinga skurrar mot det latinske sitatet.

Ein allmugelesar utan kjennskap til sogene om Scylla og Chraybdis vil ikkje

⁴ Frå det latinske ordtaket: “*Incidit Scyllam qui vult vitare Chraybdis*”, som kan oversetjast til: Han faller i Scyllas hender han som ønskjer å unngå Charybdis.

kunne sjå dette. Dei kan nok skimte ein komikk i at eit høgverdig latinsk sitat står opp mot ord som ”Fan’n” og ”Satan”, men eg vil gå ut frå at (også) ei anna kopling vil finne stad – omsetjinga vil kunne bli brukt til å kunne forstå kva sitatet dreier seg om. Noka presis tolking vil ho ikkje kunne gi, men kanskje er det likevel nok til at (allmuge)lesaren kan følgje med vidare i teksten? (Kanskje vekker også tomrommet ei lyst til å lese saga?) Det som er kravd for å forstå teksten er dermed ikkje det same som det som er mogleg. Eg trur difor vi kan snakke om to ulike modelleseroller; å lese det som blir kravd for å forstå teksten, eller å utnytte potencialet som teksten gjer mogleg. Desse lesemåtane kan samsvare med føresetnadane ein lærd borgar og ein ulærd allmugelesar har, og gir kan hende både gruppene høve til å utvikle seg?

For å gå tilbake til Kjælens tvil om dannelsingsprosjektet til Vinje var vellukka, kan vi minne om at det er dei tre representasjonane Neumann nemnar, som er dei dominerande i den offentlege diskursen om Noreg. Vinje kjem med eit alternativ, men dette er berre hans, og han står slik sett på sidelina. Det er nok eit poeng at ikkje mange gjekk inn i dølediskursen til Vinje, og han revolusjonerte såleis heller ikkje samtida si. På den måten kan vi seie at prosjektet ikkje lukkast. Eg trur likevel, som sagt, at vi må sjå vidare på det. Ifølgje Gee kan ein jo berre lære seg å meistre ein diskurs gjennom tileigning, og ikkje gjennom openberr instruksjon. Ein må vere ein slags lærling i sosiale praksisar der folk allereie meistrar diskursen. (sjå 2.2) Vinje opnar eit rom for allmenta til å ta del i den offentlege diskursen gjennom den folkelege *Dølen*. Samstundes meiner Gee at om ein berre tileigner seg diskursen, og aldri lærer noko medvite om han, vil ein ha for lite analytisk og refleksiv forståing, noko som avgrensar kapasiteten ein har for kritisk lesing og refleksjon. Dette gir *Dølen* lesaren, gjennom konstant å vende tilbake til drøfting av slike spørsmål. Kanskje vi også i dette kan snakke om ein dobbel modellesar? Gjennom å gå føre som døme, hjelper han allmugelesarane til å kunne tre inn i det offentlege rommet, og såleis kunne tileigne seg den offentlege diskursen. Gjennom stadig drøfting av språk, og funksjonen det har i det offentlege, i litteraturen, og for refleksjon generelt, gir han høve for dei som allereie har tileigna seg den offentlege diskursen, å skaffe seg større medvite metaperspektiv kring denne, og med det større språkleg eigarskap i det diskursive rommet.

Vinje lager såleis ein diskurs med ein dobbel modelleser, ein diskurs der dei både har plass, både embetsmannen og allmugemanen. Når Djupedal (1972:279) skriv at det ikkje var dølemålet, men hans meiningar og synsmåtar som skapte motstanden mot han, er nok dette berre halvvegs sant. Heile den språklege stilen ber etter mi meining preg av

å vere skapt i opposisjon til den dansk-norske allmenta. Dette fordi det nasjonalpolitiske språkprosjektet til Vinje òg har ei estetisk side ved seg. Å utvide mottakarposisjonen inneber å modifisere skrivestilen. Innleiingsvis såg vi korleis Vinje kopla mottakaren til skrivestil, då han i essayet ”Djerv, norsk og endog lidt raa” kritiserte *Illustreret Nyhedsblad* for ikkje å leggje til rette for at allmugemannen kunne tre inn i lesekrinsen. Ifølge Vinje bør eit nyhendeblad vere til for folket, det vil seie heile folket. Vinje kommenterer at tresnitta bladet er illustrert med, viser at bladet ønskjer å vere folkeleg, men at dette berre førde til ”tvende Naturer i «Nyhedsbladet», som ikkje kunde tage nogen god Ende” (1855b:57), når verbalteksten ikkje var adaptert til allmugelesaren. På ein måte kan vi med desse ”tvende Naturer” seie at også *Illustreret Nyhedsblad* hadde ein dobbel mottakarposisjon eller modellesar. Vinjes konklusjon er likevel negativ. Funksjonen er nok for delt; om det einaste allmugelesarar kan få ut av teksten, er å sjå på bileta han er illustrert med, blir dei truleg ikkje mykje klokare, dei tek dermed ikkje del i allmenta sin diskurs, men blir i beste fall tilskodarar til han. Skal ein *skrive* for allmugen, må ein skrive ”greit og endefram ligesom Almuesmanden selv uden Lærdom og Kunst, og fremfor Alt maa det ikke med en fornem og dansk Mine snerte Norskheden”. (ibid)

Vinje snur på ein måte på kommunikasjonsproblemet; det er ikkje allmugen som er ueigna lesarar, men teksten som har avskrive dei ved å vere uadaptert. Det blir derfor teksten som kommuniserer dårleg. Det er dette som er bakgrunnen for sitatet:

Men vil man skrive for Folket, maa man sandelig være djærv, norsk og endog lidt ”raa”, som disse fine Mennesker kalder det. Der maa være Liv i det man skriver, der maa ingen Liglugt være i Stilen eller Tanken. (Vinje 1855b:80-81)

Til no har vi sett på den pedagogiske sida ved desse orda, og eg har linka dei til Vinjes eige språkprosjekt: Gjennom Vinjes djerve, norske og rå språkstil kan det ”svælgende Dyb imellem «Digterne»⁵ og Folket” (Vinje 1852:87) fyllast ved at det gir folket høve til å flytte forståingshorisonten sin i interaksjon med skriftverka. Men det å vere djerv, norsk og rå, har òg ei estetisk side ved at det er med og fastset stilmessige kvalitetar til teksten.

⁵ Her kan det merkast at «Digterne» står i hermeteikn, noko som kan tyde på ein viss ironi. Same ironien kan vi finne i ordet ”saakaldte i sitatet: ”I staden for at hæve Folket op til sig, skabe de Mennesker, som knote. Det svælgende Dyb mellem Almuen og de saakaldte Dannede, som man stræber at fylde du paa saa mange Maader, fyldes sandelig bedst ved det, at Bogsproget bliver mere folkelig.”

*Den der kun tar spøk for spøk, og alvor kun alvorlig.
den har faktisk fattet begge deler,
lige dårlig
(Piet Hein)*

4 Vinjes “nynorsk” som kunstspråk

Hovudtesen i denne avhandlinga er at språkkonstruksjonen Vinje skapar, blir eit alternativ til den offentlege diskursen, som er forankra i det danske språket. Til no har vi sett korleis Vinje viser ein alternativ posisjon på det politiske, ideologiske planet. Vi har òg sett korleis han, i denne alternative posisjonen, vil at heile folket, og ikkje berre dei danna borgarane, skal kunne ta del i den offentlege diskusjonen. Skal ein oppnå dette, må ein skrive for folket, og skal ein skrive for folket, må ein vidare vere ”djærv, norsk og endog lidt «raa»”. Ein må skrive på ein måte som skapar liv, og som hindrar liklukt, både i stilen og i tanken. (Vinje 1855b:80-81) På den måten kan vi seie at språkpolitikken påverkar skriveidealet i tekstane til Vinje. Korleis står så eit slikt skriveideal til Vinje sin poetikk elles?

Når eg no vil sjå på denne estetiske sida ved prosjektet til Vinje, har dette to grunnar. Den eine er at Vinje er forfattar; vi kan dermed ikkje utelukke eit individuelt og estetisk prosjekt sjølv om han gjer seg til talsmann for ein nasjonal og demokratisk språkpolitikk. Den andre grunnen er at når Vinje er den einaste som ytrar seg innafør ramma han teiknar for denne nye nasjonale diskursen, vil poetikken han ytrar seg gjennom, også prege poetikken i denne diskursen. Eg har tidlegare kalla prosjektet til Vinje for kulturkritikk. Også det estetiske er ein del av denne kulturelle kritikken. Går vi tilbake til kritikken mot *Illustreret Nyhedsblad*, ser vi at han i like høg grad er retta mot poetikken som ligg latent i den offentlege ytringsmåten, som med en fornem og dansk tone snerter det norske og kallar det rått.

Det er konstruksjonen til Vinje som står mot ein annan konstruksjon. At denne konstruksjonen er estetisk må ikkje gløymast av di det er nett gjennom konstruksjonen av ein ny poetikk han kritiserer den gamle. Vinje koplpar ofte det nasjonale til det

poetiske, og generelt er nasjonaliteten og politikken integrert i synet han har på kunst, handverk, diktning og stil. Men det er også vice versa. Vinje sitt sosiale Noreg er òg eit kulturelt Noreg. Vi har sett korleis Vinje definerer ”Noreg” på ein måte som både påverkar og er påverka av tydinga av ord som ”nasjonalitet”, ”folkeånd”, ”folket”, ”språk”, ”tanke” og ”offentleg meining”. Eg trur vidare dette vil påverke orda ”kunst”, ”handverk”, ”diktning” og ”stil”. Når det offentlege tankelivet i dette Noreg er så viktig, gjeld ikkje dette berre som ei politisk meining, tankelivet inneber òg ei meir generell og kulturell danning. Det skal òg bidra til ei kulturell utvikling, nasjonalt og internasjonalt. Dannelsingsprosjektet til Vinje er difor like mykje estetisk som politisk, og derfor er det mi meining at vi ikkje kan forstå Vinje sitt prosjekt fullt ut, om ikkje vi tar omsyn til også denne dimensjonen ved det.

Dette kapitlet tek såleis utgangspunkt i den andre delen av problemstillinga mi: Korleis fører Vinjes språkprosjekt til ein særeigen poetikk? Tesen er at Vinje sitt skriftsspråk har ein kunstnarleg dimensjon, som sirkulerer kring det å vere djerv, norsk og rå. Det blir difor eit poeng å ta steget inn i stilen, til skrivemåten til Vinje for å sjå kva for nokre djerve, norske og rå grep som ligg føre i tekstane. Skapar dei liv? Hindrar dei liklukt? Reflekterer dei språkpolitikken vi har sett?

Så kva kan vi egentleg leggje i det å vere djerv, norsk og rå? Ordet ’djerv’ kan tyde modig og uredd, men òg freidig, frekk eller pågåande. Kanskje kan Botten-Hansens (1860:2) skildring av Vinje peike i riktig retning? I hans auge var Vinje

et satirisk-dæmonisk-ironisk Element, en rigtig *dristig* genremæssigt henslængt Figur, der i Lighed med Hofnarrene kunde forsones med den middelalderske Pomp netop gennem Modsætningen, gennem Aandrighed og Formløshed, hvor Alt gikk i Galla. (mi utheving)

Eg vil foreløpig la sitatet henge, berre streke under ordet ”Modsætningen”. For no kan vi sjå djervskap som det å tore å bryte med dei gjengse normene, vere seg i standpunkt eller i skrivemåte.

Ordet ’norsk’ må stå i kontrast til dansk. Vi har i førre kapittel sett korleis Vinje har ein sosial definisjon av den norske identiteten, Den norske folkeånda skulle ikkje leitast fram, men skapast. Det er dermed ikkje ei naiv folkeånd Vinje gjer seg til talsmann for, men ei sjølvstendig, reflektert og danna ei, som både kan så og hauste i det større europeiske sameiget. Like fullt må denne norske identiteten bli skapt ut frå det norske språket, den norske livsverda og dei norske livsvilkåra, og det finst såleis noko norsk som står og skal stå i motsetnad til det danske. Slik sett står nok bonden og naturen likevel planta i Vinjes forståing av det norske.

Ordet 'raa' konnoterer noko uarbeidd, uforedla, uraffinert, grovt, eller kanskje ukultivert. Sett i samband med relativsetninga "som disse fine Mennesker kalder det", kan det kanskje tyde ein ikkje idealisert og opphøya, men rå og uhøvla realisme? Kanskje kan vi òg sjå ordet 'raa' i samband med det norske, ein skal vere norsk og rå framfor dansk og fin. I så høve kan vi seie at Vinje er djerv ved å konstruere eit norsk og rått alternativ til det gjengse, danske og kultiverte.

Tesen er altså at Vinje, som skribent for folket, strukturerer ein diskurs vi kan sjå i samband med desse orda. Eg vil difor forsøke å gje dei eit tydelegare innhald gjennom å sjå på grep Vinje nyttar seg av. Men for å komme dit må vi ta ein omveg.

For å syne rammene for poetikken til Vinje, vil eg først i 4.1 sjå korleis han definerer kunst, handverk og dikting, og korleis dette står opp mot samtida sine ulike kunstsyn. Dette vil eg gjere med utgangspunkt i desse tekstane: "Digtning", ei bokmelding frå Vinjes tid i *Andhrimner* (Vinje 1851), "Om Kunstarbeid" (Vinje 1869a), ein av to talar haldne i Bergen, "Om Haandverk og Industri" (Vinje 1868-69), ei talerekkje halden i Christiania Haandverkernesamfund. At desse tekstane ikkje er direkte frå *Dølen*, reknar eg, i mitt prosjekt, som mindre viktig enn at dei handlar om metaperspektiv eg trur er nyttige å drøfte for klarare å kunne sjå rammene kring dølepoetikken. Eg trur dessutan vi kan seie at det også i desse tekstane er "Dølen" som talar. Tankane Vinje har om kunst og estetikk vil feste seg i skrivemåten og dermed i diskursen hans, og på den måten kan det vere ein fordel at tekstane har eit spenn i tid og i sjanger (og målform). Det viser at dette er sentrale emne i prosjekt *Dølen*.

I 4.2 vil eg med utgangspunkt i "Om Stil" (Vinje 1867), eit essay frå *Dølen* nr.5 1867, vise korleis dei estetiske tankane gir utslag i korleis Vinje ser på stillære.

Til sist, i 4.3 tek vi, med utgangspunkt i denne stillæra, steget til essayet. Eg vil her ved hjelp av eit døme, essayet "Om Sorg", trykt i *Dølen* nr. 41 i 1859, vise korleis tankane vi til då ha sett om estetikk, kunst, dikting og stil festar seg i ord og grep i Vinjes måte å skrive på. Essayet "Om Sorg" har eg vald av den grunn at det nett ikkje er eit metaessay, det handlar ikkje om språkpolitikk eller språkpoetikk. Likevel er det, som vi skal sjå, nett det det handlar om.

4.1 Det kulturelle Noreg: Vinje om kunst, handverk og dikting

Vinje skriv i ei brytningstid mellom opplysningstid og romantikk på den eine sida og romantikk og (poetisk) realisme på den hi. Følgjeleg har han blitt tatt til inntekt for alle

dei ulike retningane. Knut Imerslund (1978:31) koplar han til ”opposisjonen mot klassisistisk og hegeliansk estetikk”, altså romantikk, medan Stegane (1987:55ff) meiner det nynorske prosjektet til Vinje ikkje kan passere i eit romantisk syn (slik vi har sett av mottakinga Vinje fekk), og at det vidare er nett den rasjonelle estetikken han meiner både Vinje og Aasen representerer, som utviklar seg vidare i den nynorske allmenta. Kjelen (2001:55) meiner desse stridande dommane tyder på at Vinje passar til estetikken vi finn i den poetisk realismen.

Det er altså ei sterk spenning mellom romantikk og rasjonalitet, både i samtida til Vinje, og i verka hans. Ein måte å sjå denne spenninga på, er å kople henne til dei to bileta av antikken Kjelen (2001) meiner å finne i Vinjes samtid. Kjelen skil mellom eit syn på antikken som er inspirert av den franske klassisismen, og eit som følgjer ideala til den tyske (ny)klassikken⁶. Generelt kan vi seie at det franskinspirerte synet har tru på eviggyldige estetiske verdiar og antikke ideal, og derfor søker å etterlikne og imitere antikke førebilete (Kjelen 2001:4), medan det tyskinspirerte synet er meir historisk relativt orientert, og av den grunn oppteken av forholdet mellom den antikke og den moderne kunsten. (ibid:5) Sjølv om det nok neppe er noko ein-til-ein-forhold her, kan vi kanskje ane eit samanfall mellom det franskinspirerte kunstsynet, ideala i opplysningstida og dei politiske representasjonane til etatistane, og mellom det tyskinspirerte kunstsynet, romantikken og dei romantiske nasjonalistane? Av den grunn vil eg vidare knyte det diskursteoretiske omgrepet ’representasjon’ til desse to ulike kunstsyna.

For å skjønne den franskinspirerte, rasjonelle estetikken kan vi sjå til Johan Sebastian C. Welhaven. Kjelen (2001:55) set han rett nok som representant for den tyske nyklassikken, men Imerslund (1978:15-19) forklarar estetikken til Welhaven slik: Diktinga skal spegle allmenngyldige ideal, ideen må vere uttrykk for ”det høiere Liv, der rører sig i Sjelen” (Welhaven 1832:105), noko som inneber at diktverket må vere frigjort frå einkvar samanheng til den materielle og sosiale røynda, og frå forfattern sine private affekter og lidenskarar. Det skjønne er hos Welhaven harmonien delane får når dei står til kvarandre; ideen skal trengje igjennom delane og forbinde dei vekslende førestellingane som står i desse delane. Ideen, som skal utgjere denne heilskapen, må vere allmenngyldig ut frå røynda som skildrast; kunsten skal ha funksjon som kunst, og

⁶ Kjelen bruker termen ’klasikk’ framfor klassisme etter tysk modell. Han viser til Per Øhrgaard: "Uttrykket «klassikk» skal understreke det jevnbyrdige med antikken: Her er det ikke snakk om en "isme", men om ekte vare." (Øhrgaard, Per: *Goethe, Et essay*, Gyldendal Norsk Forlag 1999, s. 135.)

ikkje tene andre formål, som filosofi eller politikk. Imerslund (1978:19) set Welhavens idealistiske estetikk i samanheng med eit menneske- og kultursyn som legg størst vekt på mennesket som åndsvesen, eit menneske som dermed står over den tidsaktuelle sosiale samanhengen. Også det nasjonale blir i hovudsak noko åndeleg, som ein verken kan hemme eller fremje gjennom politiske tiltak. Generelt, seier Imerslund, har ein slik estetikk samanheng med ”et statisk, konservativt og aristokratisk samfunnssyn med sans for det bestående, for tradisjon og for embetsmanns- og kongemakt”, noko som passar godt innfor ein klassisk representasjon av antikken.

Mot denne estetikken står altså den meir historiske representasjonen, inspirert av den tyske klassikken. Historia blir ikkje lenger sett som ei kjede av sjølvstendige hendingar, men som ei utvikling med framsteg. Denne nyorienteringa fører til at ein heller vil tilføre utviklinga noko nytt enn å gjenta det gamle; det skjønne blir i så høve relativt – det finst få estetiske reglar som er eviggyldige, og ein skal heller leggje vekt på det originale hos ein forfattar. Som eit døme på ein representant kan vi ifølgje Imerslund (1978:21) her setje Henrik Wergeland. Det moderne skal altså tilføre noko til antikken i denne representasjonen. Kjelen, som meiner prosjektet til Vinje går ut på å gjere det heimlege norske klassisk, meiner at Vinje har funne støtte for dette i denne tyske representasjonen: Det antikke kan gi ei djupare forståing av det germanske, då òg det norske, og knyte sterkare band til vår eigen antikk, den norske vikingtida. Ein kan, ved hjelp av filologi og historiske fag, konstruere ei ærverdig *norsk* fortid. (Kjelen 2001:8) Denne fortida kan igjen ”tangerast av notida. Ein kan slå ei bru over forfallstida attende til gullalderen og skape ein *ny* gullalder” (Kjelen 2001:55).

Dette fører tankane til programartikkelen ”Dødens fyrste Ord”, og kanskje spesielt til versa Vinje bakte inn i artikkelen:

I verdi vi store var' ei Gong.
Vi enno kan verda store.
Vi syngja om det so mangei Song,
og graata af det, vi gjorde. (Vinje 1858b:11)

Vort Folk i Trældom længe gjekk
Med Sorg foruten Sæli.
Men som de att'si Frihet fekk,
So maa det faa sit Mæli. (Vinje 1858b:12)

Vinje skildrar ei tapt fortid, ei stortid, og eit folk, som ”store var'ei Gong”, men som no er ”komet paa Villstraa”, av di det er ”af det danske skakkjøyrt i Munnen” (Vinje 1858b:9-10). ”Aldri kunna vi dog venta, at Maalet verdt so reint og klaart, som det vilde

have kunnat blivet, dersom vi ikkje havde voret under Danmark”, skriv Vinje (1858b:10). Trældommen ligg som ein flekk på tunga vår. Om denne tapte stordomen kan vi sørgje, synge ”so mangei Song/ og graata”, men det er ikkje dette som er Vinjes poetikk. Sorga står her opp mot ei optimisme: ”Vi enno kan verda store”. Vi treng ikkje sørgje ”For det gamle Maal ligg enno reint paa Folkemunnen; det kjem bare an paa, at vi bruka og reinska det”. (Vinje 1858b:12) Denne prosessen linkar Vinje til restaureringa av dei gamle ”græske Billætstytter”:

i Faakunnighetens Nott vurde dei sunderslegne af uheilage Hænder; men upplyste Menn grove Stykkerne ut af Moll og Grus og sette saman Appollo og Venus, der ere Mønster paa Venleik, solenge Verdi staar. (Vinje 1858b:10)

Sjølv om det opphavlege er tapt, kan ein konstruere eit nytt språk med utgangspunkt i dette. Det er likevel viktig at dette berre er eit utgangspunkt, vi skal ikkje tilbake til den reine, men no arkaiske forma. Kjersti Rorgemoen (2007:34) skriv:

Dødens oppgåve ligg ikkje innan det teorilingvistiske, målstrevbidraget til Vinje er *bruk* av og kommunikasjon via det nye språket, og til det er tøyeleg pragmatikk viktigare enn landsmålsidealet om det reine opphavet. ... Så trass i det tilbakevendte blikket i dødens språkideal, er praksisen framoverretta; det er ein utprøvande og kreativ ny norsk.

Sjølv om ein ikkje kan viske vekk merket av Danmark, går det ”ei nyskapande Aand gjennom det heile Folk” (Vinje 1858b:10) som ein kan gjere til lags med ein ny konstruksjon av eit norsk språk. Det er dette som er Vinjes prosjekt. Vinje er altså ein del av den historiske tradisjonen, men samstundes ein som let vere å repetere han. Dette trur eg er viktig å hugse på om ein skal diskutere ei adoptering av antikken.

Kjelen (2001:55) viser til nokre talar haldne i 1868-69. Ein av desse er ”Om Kunstarbeid”, der Vinje reflekterer over kunsthistoria: Kunsten, liksom kulturen og historia elles, endrar seg over tid, og rommar difor tanken som er i tida. Dette får Vinje til å søkje ”Mannen og Folket og den Tid, det maatte vera gjort i” gjennom kunstarbeida. (Vinje 1869a:188) I den antikke, greske kunsten finn Vinje jordiske trekk, sjølv i det guddommelege:

Dei menneskelege Lyster hadde likso vel sin Plass i hans Religions-System som dei guddommelege Sanningar, og Mannakravet i Naturen vaar hadde sin likso store Rett som Guddomskravet. Storguden Jupiter var etter Homer som kver af os; han var sinnad; han hadde imillom sine Uptrin med Kona si og Strid og Umak med Systkin og Born. Livet paa Olympen var eit jordisk Familieliv, og den greske Kunst maatte vera ei Afbildning af dette. Derfor er der heller ikkje sjælelegt Uttyk i dei greske Kunstverk. (Vinje 1869a:189)

Sjeleleg uttrykk, som var så framtreande i den romantiske tida Vinje skreiv i, fanst ikkje i dei greske kunstverka. Likevel meiner Vinje (1869a:193) at det var ”eit Slags

Tanke-Uttrykk i den grekiske Kunst og, men det var mest den utvordes Sorg og likamlege Liding, og ikkje den Understraum af det djupare Sjæleliv". Dette forklarar han med at "Ansvaret for sine eigne gjerningar friviljug og af seg sjølv var ikkje endaa gjenget up for Grekarne. Det var nokot utvordes i det heile Tankeliv og maatte derfor likeins vera det i den Kunst, som uttrykte dette." (ibid:194) Den kristelege kunsten, i "eit Stræv mot det himmelske, som bryt sunder dei jordiske Baand" (ibid:190), blir ein rein motsetnad til den antikke. Her tek "Tanken paa Gud og Anger over Synd" overhand, og blir "so sterkt lagd i Bildhogningar og Maalingar af den menneskelege Skapning og helst i Aasynet, at Figuren reint vardt sunderriven. Det skulde alt vera Tanke, so der liksom ingen Ting var atter for Likamen." (ibid:190) Den antikke og den kristne kunsten blir altså av Vinje sett opp mot kvarandre, og det er ikkje vanskeleg å sjå at det er den antikke og sanselege kunsten som får forrang framfor den kristelege og sjelelege. Sistnemnde får til dømes denne dommen: "Det var vel Villmannskapen i denne Tid, som gjorde myket til, at dei Kunstverk, vi hava fraa den Tid, sjaa so fæle ut" (ibid:190). Rennessansen, der heidningskapen, det menneskelege og det sanselege kjem fram igjen, blir vurdert meir positivt. Vinje diskuterer:

det verdt sagt, at der kom eit Atterslag i dette ved Thorvaldsen, idet han førde Kunstverket tilbake til den reinare grekiske Stilen.

Det er nok sannt dette i mangt af Thorvaldsens grekiske Afbildningar, men seer du f.Ex – hans Statu af Lord Byron, der han sit paa eit sunderrivt Berg med det tankefulle og sorgmodigt fagre Aasyn, so maa du straks tennkja, at den grekiske Aand aldri kunde vera komen so langt. Der er Tanke, Uttryk, Romantik, som det no mest verdt kallad.

Sjølv om ein har gått tilbake til meir sanseleg kunst, har ikkje kunsten gått heilt tilbake, han har teke med seg noko frå den sjelelege epoken: "Tanke, Uttryk, Romantik, som det no mest verdt kallad".

La oss forklare dette gjennom Schillers skilje mellom naiv og sentimental diktning: Schiller meiner vi kan dele diktarane etter om dei er natur- eller kulturvesen. Dette er først og fremst ei typologisk deling, men han meiner ho i høg grad tilsvavar forskjellen mellom den antikke dikteren som står i kontakt med naturen, og den moderne som har framandgjort seg han og blitt kulturell. Den antikke dikteren, i sitt nære og harmoniske forhold til naturen, forsøker å "etterlikne virkeligheten så fullstendig som mulig" (Schiller 1795:166). "I kjærligheten til sitt objekt synes han ikke å dra noe skille mellom det som er i kraft av seg selv og det som skyldes kunsten og den menneskelige vilje. Naturen synes mere å interessere hans forstand og hans vitebegjær enn hans moralske følelse" (ibid:160). Dette er den naive dikteren. Den moderne

diktaren, som derimot har fjerna seg frå denne naturen, vil ikkje kunne gi ei tilsvarande etterlikning utan at kjenslene for denne tapte naturen kjem i veggen. Dette er den sentimentale diktaren. Denne diktaren vil bli rørt ”med søtt vemod” (ibid) av den naive forhold til naturen, og desse kjenslene gjer han i stand til å reflektere ”over det inntrykket som gjenstandene gjør på ham, og den bevegelsen som han selv hentes i og dermed hentes oss i er grunnet ene og alene på denne refleksjonen.” (Schiller 1795:168) Det blir altså i den sentimentale diktinga ein dualitet mellom ”virkeligheten som grense og ideen som det uendelige”, og kjenslene får ei tyding dei ikkje har hatt i den rasjonelle klassisismen, noko Schiller set høgre: ”det mål som mennesket *streber* mot gjennom kulturen er uendelig langt å foretrekke framfor det som det *oppnår* gjennom naturen. (Schiller 1795:167)

Kjelen meinte at Vinje fann støtte for å gjere det heimlege norske klassisk i den tyske nyklassikken. Det er nok her i synet på naturen at koplinga mellom det heimlege norske og antikken ligg: ”Dei gamle og eldre Folk hadde det liksom enno vaare Landsfolk. Naturen var fager, naar den var til Nytte, og elles slett og fin, men var aldri noko kunsteme.” (Vinje 1869a:201) Nasjonalitet som idé ligg i notida, i kulturen og romantikken si tid, fordi naturdiktinga då nett ikkje berre inneheld naturskildringar:

Jeg tager imidlertid ikke Naturpoesi i en saa indskrænket Forstand, at jeg fra den skulde udelukke menneskelige Følelser og Lidenskaber, tvertimod: Menneske er ogsaa et Væsen, der er avlet i Naturens Skjød; men Naturen har i Menneskeaaenden gaaet ud over sig selv ligesom Larven, der har udsendt sin Sommerfugl. Naturen har her faaet Frihed og Bevidsthed, og de Love, hvorefter den styres, kaldes ikke længer Naturlove men Fornuftlove, og dog ere de i sin inderste Grund de samme; man gjenkjender dem, uagtet de virke i en høiere Sphære. ”Mennesket er et Naturens Barn” siger den almindelige Bevidsthed; det er derfor en evig Gjenstand for Poesien, det er selv Poesi og det Naturens dybeste og skjønneste. (Vinje 1851:36)

Det kultiverte mennesket har som sommarfuglen forlate naturens larvetilstand, og kan personifisere og foredle naturen, gi han liv og finne meining i han frå sin ”høiere Sphære”. Men slik sommarfuglen kjem frå larven, er mennesket eit naturens barn, noko som gjer både det antikke mennesket og den samtidige, men barnlege bonden til inspirasjonskjelde for poesien. Men før vi nikkar i takt med Kjelen i oppdaginga over at det er i kjenslene sin estetikk Vinje har funne støtte for prosjektet sitt, bør vi kanskje lese litt vidare i essayet ”Om Kunstarbeid”:

Engelskmannen Carlisle sagde om eit Verk af denne nyare Poesi: *It is all very well, but we want something better than gras*, eller: det er alt godt og vel, men vi vanta likevel nokot

annat en Gras. Eg har etter desse Ord talad om Graspoesi som den mest aalmenne no i desse dagar.⁷ (Vinje 1869a:202)

men so myket synes likevel dei fleste at vera samtykte om, at der er større Realitet og meir dramatisk Handling i det franske Kunstarbeid en baade i det tyske og engelske og jamvel det italienske, og at derfor Utvikling og framdrivande Magt maa koma fraa Frankrike, sovel i Kunstarbeid som i Politik og Literatur. (Vinje 1869a:203)

Kjelen (2001:55) innrømmer at ”Vinjes tankar om estetikk er samansette og usystematiske, og lèt seg ikkje så lett sette i bås ... Her finst både klare romantiske tankegangar, så vel som anti-romantiske og klassistiske”. Går vi tilbake til ideen om skaping, ser vi at Vinje meinte dei ytre premissa for nasjonalitet var lagde, men at landet mangla eit indre, ein identitet. Denne identiteten var ikkje ein skjult kjerne som ein på nasjonalromantisk vis skulle leite fram frå folkehavet, men var noko ein som eit folk skulle skape gjennom åndeleg frambringning. Nasjonen skulle bli bygd på og av offentleg oppfatning. Her kjem litteraturen, eller bokriket, frå diktning til journalistikk, inn; Vinje meiner det finst ein link mellom bokriket, som uttrykk for det åndelege livet hos eit folk, og den åndelege utviklinga til dette folket. Vi kan seie at ontogenesen uttrykt i bokriket er med og bestemmer den åndelege fylogenesen eit folk kan ha. Vinje vil altså ikkje berre konstruere ei ærverdig norsk fortid gjennom historie og filologi, men truleg meir bidra til å skape ei ærverdig norsk notid, gjennom ei offentleg allmente. Men det at litteraturen får ein funksjon for å fremje nasjonalitet, er ikkje det same som at han først og fremst har ein nasjonal(romantisk) funksjon. I bokmeldinga ”Digting” tek Vinje til orde for at dikt som set fedreland eller religion øvst, over poesien, mister sin poesi, ”de ere kolde; Hjertet bliver ikke bevæget, og man føler med et rigtigt Instinkt, at disse Tanker heller skulde være indklædte i ubunden Stiil.” (Vinje 1851:33) Verken religion eller nasjonalitet må vere hovudsak i Vinjes ”Digting”, det poetiske må komme først. I så måte kan det minne om Welhaven; diktet skal først og fremst vere dikt, frigjort frå einkvar samanheng til den materielle og sosiale røynda – det skal ikkje tene andre formål enn å vere kunst og vere poetisk.

Eg trur vi kan slå fast at det nasjonale løftet Vinje vil ha, skal gå føre seg som eit åndeleg løft, ein skal lærdast, ikkje oppdragast. Nasjonalitet kan dermed, slik som hos Welhaven, bli sett som noko åndeleg, ei danning i vid forstand. Det vil seie at også Vinje har ein idé om mennesket som eit åndsvesen. Likevel vil ikkje dette åndsvesenet

⁷ Ei liknande skildring kan vi finne i *Ferdaminni*, der Vinje omtalar den romantiske poetikken med Wergeland i spissen som hyttepoesi: ”den gamle Hyttepoesien, som rødde um ei Hytte og eit Hjarta, og trudde at Livet var so fagert og reint og uskuldigt burt i Hytturue. Ja sjølve Wergeland hekk so i denne Villa og kjende solitit til Livet, at han ynskte seg ein Halmhatt og eit Graakufte og ei Hytte inn med ei Aa” (Vinje, 1861:35)

stå over den tidsaktuelle samanhengen, og eg trur heller ikkje at Vinje meiner poesien skal fjerne seg heilt frå den materielle og sosiale røynda. Å vere allmenn er ikkje det same som å vere abstrakt, og eg trur det er nett ved å stå *i* tidssamanhengen, *i* det sanslege, *i* naturen, at ein vil kunne spegle det indre livet i nasjonen.

Vinje koplur ofte det nasjonale til det poetiske, og kan hende kan vi sjå drivkrafta bak trongen Vinje hadde til å fornorske språket, i samheng med ei drivkraft mot å poetisere det? Ideen Vinje har om den åndelege frambringinga, kan, mens vi er inne på antikken, ta oss til det aristoteliske omgrepet 'poiesis', som tyder nett frambringning eller skaping. I sin erkjenningssteori seier Aristoteles at vi erfarer ein enkeltting med sansane våre, men at vi deretter må abstrahere for å finne det allmenne og vesentlege ved denne tingen. For å oppnå vesensinnsikt, innsikt i det som gjer ting til det dei er, oppretta Aristoteles fire eigenskapar ved tingen, som bestemmer vesenet hans: Målet, førestellinga om det ferdige produktet; drivkrafta, omforminga som blir tilført råemnet; materien, stoffet tingen er lagd av; og forma, eigenskapane ein ting har. Ved hjelp av desse eigenskapane synleggjer Aristoteles ein forskjell mellom natur og kultur: Naturens ting (eller substansar) har alle dei fire eigenskapane, mål, driv, form og materie, i seg sjølv, mens dei kulturelle tinga er menneskeskapte, det vil seie, mennesket skaper målet og drivet ut av allereie eksisterande form og materie. Poiesis, skapinga, tyder dermed ikkje å frambringe noko ut av inkje, men å utnytte eller verkeleggjere eit allereie eksisterande potensial i tingen. Eg trur det ligg eit poeng her: Vi må ta utgangspunkt i noko, for å lage noko vidare. Til dette er naturen, som eit allment fenomen, sentral, også i Vinjes tankegang.

Vi kan finne syn som minner om dette både i den franske klassisismen og i den tyske nyklassikken; naturen er utgangspunktet for refleksjon, vere seg rasjonell eller romantisk. Dei franskinspirerte kan finne noko eviggyldig vakkert i naturen som subjekt, medan dei tysk-romantiske kan skildre han som objekt og idé. Ein tek altså utgangspunkt i natur for å lage kultur, men sjølve skapinga blir kultur. Aristoteles meiner vidare dette fører til to typar kulturelle skapingar: Vi har nyttekunst, som framskaffar noko naturen ikkje kan gi, men som er nyttig for menneska sitt ve og vel. I tillegg har vi den kunstnariske skapinga, der retorikken og poetikken finst, som etterliknar naturen. Mens nyttekunsten, som reiskap, er godt for noko anna, representerer kunsten eit gode i seg sjølv. (Skirbekk & Gilje 2000:96-115)

I både den franskinspirerte og den tyskinspirerte representasjonen har dette blitt til eit markant skilje; kunst er noko anna enn brukskunst, men eit slikt skilje finn vi

ikkje hos Vinje:

Ordet Kunst kjem af *kunna*, og at kunna ein Ting framifraa godt det er Kunst. Soleids tek Tungemaal det, og det er Uttrykket for den klaare Mannatanken. Men so hava dei funnet paa, at gjera den Skilnad, at det, som er til likefram Bruk og Nytte, det er Haandverk, og det, som berre er til at sjaa eller høyra paa, det er Kunst. Eg vilde med Spraaktanken gjera den Skilnad, at det, som der skal dei største Evne og den finaste Uplæring til at gjera, det var Kunst, og det, som der skal mindre Aandsgavor og Uplæring til, det var Haandverk. Eg meiner daa her i alle slike utvordes Gjerningar, der Ordet og Tanken ikkje er hovudsak, men Uplæring i at arbeida ut eit ytre To (Stof), som er til Gagn for Livet og til at faa gode Tankar af. (Vinje 1868-69:149)

Noko av det som definerer kunst i eit romantisk perspektiv, er at mottakaren ikkje skal ha nytte eller interesse av gjenstanden, men gjenstanden skal likevel kunne vekkje glede. Det spørst om ikkje dette blir for romantisk i dei noko rasjonelle øyra til Vinje. Vi har sett at koplinga Vinje gjer mellom allmugen i samtida og dei greske 'naturfolka' stammar frå at dei bae vil leggje naturen under seg, få nytte ut av han. Tilsvarande skildrar Vinje i opninga av *Ferdaminni* opplevinga av å køyre tog som opplevinga av eit dikt med di "Mannatanken, som her paa Skaparvis hever blaasit Liv i Nosi paa Jordklumpen, og gjort Kol og Vatn og Eld og Malm til Tenaren sin" (Vinje 1861:3) Jernbanen har ein tydeleg nyttefunksjon, men han kan like fullt vekkje glede og tanke: "Nei Jarnvegen er rik paa Tanke og Framhug fraa kver Side han verdt sedd. Han er ikkje lyft upp fraa Jordi, men gjenger som all sann Diktning gjennom det livande Liv, og straar Blomar rund ikring seg." (ibid:4) Skiljet mellom kunst og handverk kan dermed ikkje stå parallelt med skiljet mellom glede og nytte hos mottakaren. I staden blir det avsendaren si evne og opplæring som blir det springande punktet. Kunst er "at kunna ein Ting framifraa godt"; kunst er "det, som der skal dei største Evne og den finaste Uplæring til at gjera", mens handverk blir "det, som der skal mindre Aandsgavor og Uplæring til". Sameininga av desse to variablane er interessant. Litt skjematisk kan vi seie at dei franskinspirerte i sitt rasjonalistiske perspektiv var opptekne av opplæring, lære seg eit (antikt) mønster for diktinga, medan dei tyskinspirerte romantikarane var opptekne av det originale; diktaren skulle vere eit geni, og det var kunstnarpersonlegdomen hans og korleis den trådde fram i skaparakta som var viktig, ikkje det handverksmessige eller det ein trengde opplæring til. I Vinjes sameining kan vi kanskje bytte ut ordet geni, som impliserer noko reint medfødd, med ordet talent, der ein har eit større eller mindre utviklingspotensiale.

Alle kan løftast til eit høgre nivå, noko som òg gjer det viktig for Vinje å inkludere heile folket i bokriket og kunsten, også allmugen, som tidlegare har vore

ekskludert.

Ja, det er at vera Mann i sit Fag og vera det med Aand, det er det som er Arbeidets Kunst og Adelskap, og dette Adelsbrev kunna med alle faa. Og det er dette me skulle læra Folk, so den dugelege Mannen kan faa Agtelse for seg sjølv og Ære af sine Medmenneske, om so hans Gjerning er den ringaste. (Vinje 1868-69:153)

Men alt kan heller ikkje heilt ut lærast. Vinje vil ein skal vere ”Mann” og ”det med Aand” – individualitet finst og åndsgåver er naudsynte, men mannen står likevel ”i sit fag”, og også godt handverk kan adle tanken. Ein må ikkje gløyme, skriv Vinje, at ”Aandarlivet so tidt voks fram af Handarlivet, eller at Aandverket i dei mange Ting vikkad seg ut av Haandverket.” (Vinje 1868-69:142)

Viss vi skal finne eit forankringspunkt i poetikken til Vinje, trur eg det må liggje i dette, kunsten skal vere ”til Gagn for Livet og til at faa gode Tankar af” (Vinje 1868-69:149) Framgangstanken er sentral hos Vinje⁸, og det ligg like fullt tankar i handverket som i kunsten. Det handlar om å utnytte eit allereie eksisterande ”To (Stof)”, med potensiala som ligg i det. For å kunne gjere dette, må ein altså halde seg til toet, til røyndommen, naturen og det konkrete. Dette gjenspeglar seg i det Vinje skriv om poesi i essayet ”Digting”:

Den lyriske Poesi, i sin reneste Umiddelbarhed og musikalske Skikkelse, bliver med al sin Hjertelighed og Ynde tilsidst trættende, med mindre den knyttes til en bestemt Gjenstand eller Fortælling, hvorom den kan slynge sig som Ranken om sin Stængel. Ligesom derfor Poesien er greben ud af Livet, saaledes maa den ogsaa vende tilbage til det og beaande dets Stillinger og Forholde. Uden en saadan Bærer er den en Sjæl uden Legeme, en Flagren, der somoftest taber sig i en abstrakt Taageverden. (Vinje 1851:27)

Den ekte kunsten må bli henta ut or naturen, eller vere ”greben ud af Livet”. Ein må vere *i verda*, på det konkrete planet, og ikkje i ei åndeleg abstrahert bakanforliggende idéverd, eller i ei romantisk draumeverd. Derfor må kunsten hos Vinje ”knyttes til en bestemt Gjenstand eller Fortælling”. Eg trur dette er det springande punktet i poetikken til Vinje, som elles ber i seg trekk både frå det rasjonelle og det romantiske. Kunsten må springe ut frå ein tanke frå avsendaren, som igjen kan vekkjast hos mottakaren. Gjennom Aristoteles sin erkjeningsteori kan vi seie at skaparen synleggjer eit potensiale i tingen gjennom å tilføye mål og drivkraft, nye vinklingar eller

⁸ Her må det nok nemnast at det har vore diskutert kor vidt denne optimismen varar hos Vinje. Skard (1938) skildrar ei utvikling frå ei ”tøyleslaus framstegstru” til ei antimoderne haldning etter Vinje hadde vore i England og sett baksida av moderniteten. Også Tuva Paasche Einarsen og Øyvind T. Gulliksen finn ei tilsvarende utvikling i forhold til Vinjes syn på Amerika. Kjelen (2001:43) meiner eit slikt haldningsskifte kan skuldast at den materielle utviklinga gjekk ut or rammene til Vinjes modernisme, som Kjelen plasserer innafør ein romantisk horisont. Eg trur likevel framsteget er viktig for Vinje, ein skal tenkje framover, og kunsten skal hjelpe til å vere ”til Gagn for Livet og til at faa gode Tankar af”, som Vinje skriv så seint som i 1868.

samansetningar, til det allereie eksisterande, til forma og materien. Målet og drivkrafta vil ikkje ligge der eksplisitt, men kan synast gjennom vinklingane og samansetningane av form og materie.

Aktualiseringa av dette potensialet må likevel bli gjort i møte med diktinga, av ein fortolkar. Og det er gjerne dette som skil kulturens ting frå naturens. Mens eigenskapane i naturens ting er gitte, er poesi, gjennom skapinga, blitt tilføydd menneskeleg tolking. At denne ikkje er gitt, men må bli tolka subjektivt, er det som gir liv til poesien; viss vi kan sjå eit dikt som ein slags metonymi på ei (abstrakt) subjektiv oppleving, vil denne opplevinga kunne bli formidla vidare til ein mottakar. Men utan ei forankring i det konkrete vil dette bli ”trættende”, diktinga vil vere som ”en Sjæl uden Legeme, en Flagren, der somoftest taber sig i en abstrakt Taageverden”, og altså ikkje kunst. Kanskje kan vi seie at det abstrakte drep assosiasjonsevna vi finn i kunsten ved anten å leie veg ut i det transcendentale til ei førebestemt fortolking, eller ved nettopp det motsette, å villeie oss ut i ei tåkeverd av noko vi nett ikkje kan sanse.

At kunsten fjernar seg frå det abstrakte blir likevel ikkje riktig, i det han også vender tilbake til livet han er gripen ut av og ”beaande dets Stillinger og Forholde”. Kunsten i eit slikt perspektiv vil dermed vere noko meir enn rein etterlikning, og vil ikkje bli naiv; gjennom å fokusere på si eiga form, med verkemiddel og språk, forseinkar eller skjerpur kunsten tanken, og kan dermed gi han nye retningar. Kanskje kan vi snakke om ei framandgjerjing: Gjennom nye vinklingar eller samanstillingar kan kunst få oss til å sanse på nye måtar, sjå nye sider ved ei sak, eller rett og slett oppleve ho på ein ny måte: Ein bruksgjenstand kan miste kvardagsfunksjonen sin og bli noko anna. I avautomatiseringa og underleggjeringa av språket vi finn i diktekunsten, vil kunsten nettopp seie noko meir generelt og allment enn han eksplisitt hevdar, han vil gi ein abstraksjon av det konkrete. Men dette vil berre liggje der tilsynelatande. Kanskje er dette å overfortolke Vinje, og Vinje er, slik eg ser han, slett ikkje nokon modernist. Der må vere noko konkret å abstrahere frå, noko som gjer at dei heilt moderne uttrykka ikkje får plass i Vinje sitt kunstomgrep. Dette skriv også Kjelen (2001:57) idet han viser til talen ”Om Kunstarbeid”:

i den sokallad spiritualistiske Kunstretning i forskjellige Laand no i denne seinare Tid og verd for myket Aand, om Kunstarbeidet er nokso velgjort. Den ytre Form verdt liksom sprendt, daa der verdt lagt for myket i den. (1869:191)

Eg trur dette har samanheng med det Vinje kallar ”de poetiske Umuligheder, at skrive Hymner til Abstrakter, som Troen, Haabet, Friheden osv., de maa sænke sig ned i Livet

og utvikle sit Kompositionstalent.” Det konkrete må vere med. Men dette å senke seg ned i livet treng likevel ikkje vere det same som å gå attende til det antikke ideal og den natur-lege måten å dikte på, slik Skard (1938), og til dels Kjelen (2001), argumenterer for. Kjelen (2001:105) meiner det er klart at Vinje ikkje seier ein skal attende til antikken i bokstavleg tyding, men at antikken må vere med som element i ei vidare utvikling, ein må attende for å bere det fram.

La oss ta ein kort titt på diktet ”Attende til Antiken”:

Aa, eg verdt trøytt af det kunstige Liv og lengtar atende
til dette greide og elskande, eg i Ungdomen kjende.
Med denne Kunst verdt det kunstig og leidt, med alle dei Krokar.
Vondt er at vinda den Hespilen greid, med alle dei Flokar.
Venus skal vera, som fordum ho var, det Kvende so fine,
ikkje med Chignong og Shawl og med Slæp el’ stor Crinoline.
Magt liksom Mod eg i Mannen vil sjaa fraa Hovud til Hasen,
ikkje ein ”Fyr” med ”Munderingen” paa og all denne Stasen.
Lærdom hev’ alt som er fagert og stort, ei fintklædde Fanten.
Aa, lat meg sjaa det Vaaherre hev’ gjort og ei Fabrikanten!
Alt dette Nye i Tale som Kunst i Knoting skal klinga.
Tanken verdt klædd liksom Mannen i Stein med Ordner paa Bringa.
Shakspeare og Goethe kan Tankane snu og leikande vende,
men til Homer og Edda maa du paa Slutten atende.
Der og i Soga og Eventyr maa du atter deg finna,
Naar i Romaner deg sjølv du hev’ gløymt og leset deg sinnad.
Langhald dei treska: d’er knasande turt baad’ Elsen og Hatet.
Hjartelag turkar og Tankjen kjem burt med alt dette Pratet.
Truskap er det eg af Livet vil faa, og Folk vil eg finne.
Gjev meg eit Menneske, lat meg det sjaa baad’ ute og inne!
Det er i eit som i annat, maa tru, at Sanninge vinner.
Om til di Vogga du atter maa snu, før Livet du finner.
Stødt desse Ord maa du minnas som Mann – dei skrivne er slike:
”Verdt du ei atter eit Barn, du ei kan faa erva Guds Rike (Vinje 1868:234-235)

Heile diktet er strukturert kring dikotomien naturleg-kulturell representert gjennom to typar dikting, den antikke mot den romantiske. Her står det greie og elskande liv mot det kunstige og leie, fylt av krokar og flokar. Den naturlege Venus mot kvinner i ”Chignong og Shawl og med Slæp el’ stor Crinoline”, kulturelle og særleg unorske plagg. Ein mann med makt og mot i kroppen, mot ein mann med dette motet påkledd som eit ytre i ”Munderingen” (uniform), og ”med Ordner paa Bringa”. (I hermeteikna kring ”Fyr” og ”Munderingen”, kan vi òg her ane ein viss ironi.) Sjølv om desse to estetikkane er representerte gjennom antikken og romantikken, trur eg ikkje det må peike mot antikken i konkret tyding. Diktet representerer den dikotomien som er så tydeleg generelt i Vinjes dikting mellom det naturlege, indre og ekte mot det sminka, kulturelle og fine, mellom allmugefolket og eliten, ”fjøllkultur” og bykultur. Diktet kan såleis liksom godt bli lese som ein språk- og/eller kulturkritikk, eller som eit sukk eller

opprop mot det staselege og finklede, men knasande tørre. I så høve står antikken som eit døme, og diktet kan tolkast som uttrykk for eit ønske om å gå attende til det naturlege, som ikkje nødvendigvis treng vere antikken, men til det usminka, og kan hende rå, djerve og norske, altså tilbake til ein annan type poetikk.

Ei slik lesing synest eg høver med resten av Vinje sitt føredrag ”Om Kunstarbeid”, der han set opp både ei øvre og ei nedre grense for kva som kan vere kunst:

Nei, Kunsten har si Grense. Den ligg liksom midt imillom Himil og Jord; lenger up kan den ikkje koma utan at overskrida si Grense paa den Kant, og ikke heller lenger ned, utan at missa Kunstnavnet. (Vinje 1869a:191)

For mykje ånd vil bli for abstrakt, medan for lite vil bli banalt. Dei moderne naturdiktarane blir kritiserte for å abstrahere naturen, gjere han til idé og objekt. Dei ligg over grensa for kva som kan vere kunst. Omgrepa Vinje skaper kring ei slik dikting, graspoesi og hyttepoesi, tyder på at ein ikkje får sagt noko viktig med denne type dikting; ho manglar tanke, som er det Vinje set som kjernen i dikting. Dette stemmer med versa ”Tanken verdt klædd liksom Mannen i Stein med Ordner paa Bringa” og ”Hjartelag turkar og Tankjen kjem burt med alt dette Pratet”.

Motsett vil den greske kunsten falle *under* grensa for kva som kan vere kunst hos Vinje. Når det likevel blir rekna som kunst, er det av di denne kunsten står i ei anna tid. Tida, med sitt ytre, sanslege fokus, blir dermed likevel reflektert i det som må vere ei mønsterform for si tid(s kunst). Men: ”Dersom ein Bildhoggare no vardt standande ved «Antiken», so var han ikke lenger [fyldest] for si Tid, om han aldri so myket var ein Mønstermann for den ytre Form” (1869:191) Å vere i verda tyder òg å halde seg til tida ein lever i. Ei etterlikning vil ikkje gjere det, ho vil tvert om fungere som ”Gjengangeren, der flagrer i sin Ligskjorte og med Knokkelhaanden svingar den matbrændende Lunte, og hule Dødningebenen udgjør hans Artilleripark. Det er en uhyggelig Skikkelse, som igjen maa manes ned i det Rige, hvor han hører hjemme” (Vinje 1851:30) Etterlikningar står ikkje i livet – dei står i ei anna tid og tradisjon enn dei er skrivne i. Dei blir gjengangarar.

Eg trur vi no er inne på det som var det viktigaste i kunsten for Vinje: det skal i kunsten liggje tanke, men den må komme fram i samspel *med ei ytre, konkret* form. Greier ein det, kan kunsten elles gjerne vere enkel. Om kunsten skal byggje bru mellom det konkrete og det abstrakte, det reelle og det ideelle, føreset dette ei subjektiv oppleving, men òg ei gjenspeiling av den konkrete verda, enkelttinga, og ikkje ei

abstrahert verd – i denne kan ingen kjenne seg igjen. Dette kunstsynet har implikasjonar for det kulturelle Noreg Vinje vil ha. Kunsten har funksjon i høve til danningstanken – kunsten skal komme frå ein tanke, og adle andre sine tankar vidare. I så høve kan vi kople desse tankane tilbake til dei vi diskuterte i 3.3, om at litteraturen, som skulle vere for alle, også måtte tilpasse seg den ulærde bonden. Truleg er det også derfor Vinje finn folkekulturen, med sitt fysiske, konkrete språk, så godt eigna til dikting. Viss poesi er konkret, subjektivt og utan abstraksjonar og objektive sanningar, og med det har ein energi som står i kontakt med naturen, kan vi i Vinjes ord: ”det poetiske maa altid vera folkelegt og vera det reinaste Uttryk for sit Lands Tungemaal og Tanke” (Vinje 1869b:247), finne ein tanke om slike kvalitetar i folkekulturen. Folkekunsten vil hos Vinje, også i det djerve, norske og rå, i biletbruk og i ironi og folkelatter, i sine kreative former, bli kunst. Den adlar tanken, har lyrisk karakter og blir dermed ikkje eit naivt barnesteg, som ikkje fyller krava til å bli (danna) kultur slik vi har sett mellom anna Monrad hevde. I Vinjes omkalfatring av kulturomgrepet får folkekulturen ein eigenverdi som gjer at den bør kunne leve side om side med samtidas staselege og fine danna kultur – i dølediskursen.

4.2 Om stil

Synet Vinje har på kunst og dikting får igjen konsekvensar for korleis han ser på stillære, noko også Time (1982:24) er inne på i ”Borgaren og satyren”, der han skriv: ”Vinjes ny-norsk er eit bok-mål. Med det meiner eg at det er eit litterært språk, dvs. eit kunst-grep i sin freistnad på å be-gripe røyndommen.”

I essayet ”Om Stil” tek Vinje utgangspunkt i Schillers filosofiske essay ”Über die notwendigen Grenzen beim Gebrauch schöner Formen”, der han skil mellom tre stilartar: ’die schöne Diction’, ’die wissenschaftliche Diction’ og ’die populære Diction’. Desse tre stilartane passer til ulike høve, og har dermed forskjellig funksjon. Ut av denne tredelinga lager Vinje si eiga tolking, der han rangerer stilane: ”først er Du Barn, so verdt Du Tater og so endeleg ein Mann” (Vinje 1867:209) Ei slik trapp svarar til utviklingstankegangen som var så typisk for Vinjes samtid, og kan såleis bli kopla både til danningperspektivet vi var inne på i kapittel 3, og til estetikken vi har sett på i dette kapitlet.

Vinje koplar barnet til ’den folkelige stilen’, ”som utan at vita det talar greidt og yndefullt, men med alt trongsynt eller borneret” (Vinje 1867:209), tateren til ’den lærde

stilen', med "Ciceronianske Vendingar", og "lange Inleidningar til stutte Tankar" (Vinje 1867:208), og mannen til 'den fagre stilen', "ein literær Stil, som aaleine er ein Borgare i Bokriket og berer Nationens Spraak og aandelege Liv fram mot sit Maal" (Vinje 1867:208). Her ser vi at utgangspunktet for denne trappa samsvarer med til dømes Monrads syn på folkekulturen som naiv og som eit barnesteg. Men vurderingane av dei forskjellige stilartane svarer ikkje til nivåa i trappa; det er den litterære stilen, som *aleine* er borgar i bokriket, og dermed berre den som kan bere språket og det åndelege livet i nasjonen fram mot målet sitt. Det er dessutan den lærde stilen, identifisert med "Tjovespraak" og "Tatermaal" (Vinje 1867:207) som får den største kritikken: "Den som er Barn, han kan føra ein folkeleg Stil, og likeins den som har gjenget gjennom Taterskapet; men Tateren sjølv kan aldri gjera det" (Vinje 1867:210) Dette er interessant fordi vi kan sjå at Vinje motset seg det dominerande perspektivet om det lærde som det anerkjente og kulturelle. Set vi stillæra i samanheng med kunstsynet vi nettopp har diskutert, ser vi at tateren, fortapt i dei ciceronianske vendingane, den lærde formlæra, søker ut i det abstrakte og objektive, og difor manglar det naturlege preget som vi kan finne i den folkelege stilen, og som vi har sett Vinje oppvurdere. Vinje skildrar ytrarane i denne stilen som så fokuserte på det å vere kulturelle at dei droppar dei barnlege konkrete elementa – difor er dette òg ein stil, så tung at ingen "utan at faa Bitaling for det" (Vinje 1867:207) vil orke lese det. Nyttan Vinje tilkjenner denne lærde stilen, er dermed modifisert til ein ytre framstillingsmetode, å nærmast lure lesaren til å tru at ein er lærdare enn ein er: "Eg er ikki blind for Nyttan af ein lærd Stil: den agar eller imponerar mangein Lesare; for han trur, at det maa vera grovt til lærde Menn, som skriva so eit lærdt Spraak". (Vinje 1867:207)

Ei slik degradering må ikkje bli tolka til at ein skal gå tilbake til den folkelege (og naive) stilen, ho må derimot bli forstått i lys av det øvste trinnet, den fagre stilen, idealstilen. Vinje set altså opp ein stil han meiner fungerer mot ein som ikkje fungerer. Dette blir altså ikkje berre kritikk mot det ufruktbare, men like mykje ein måte å vise ein alternativ, framgangsrik stil, eller konstruksjonsideologi, på.

For å vende tilbake til kunstsynet: Fordi den lærde stilen blir ein berar av sjel utan lekam, som taper tanken fordi han er støypet ned i "den «Phrase» som [ein] først lærde den i" (Vinje 1867:210), klarer han ikkje å adle tanken, han klarer ikkje å smelte "til frisk aalmenn Livsnæring Lærdomen sin" (Vinje 1867:208), slik kunsten gjorde ved å slynge seg som ranken om sin stengel, gripen ut av livet for så å vende tilbake for å gi det ånd. Ved ikkje å leggje til rette for ein dynamisk kontakt med ein fortolkar, manglar

stilen liv. Den lærde stilen er ein daud stil, ein einvegskommunikasjon. (Kan hende det er dette Vinje (1855:80) meiner når han i kritikken mot *Illustreret Nyhedsblad* snakkar om "Liglugt være i Stilen eller Tanken"?)

Her må vi understreke at Vinje ikkje legg den lærde stilen daud, men gravlegg det generelle synspunktet om at han er fullgod, ved å syne manglane han har. I desse manglane blir Vinjes idealstil, den fagre stilen, fødd. Karakteren til denne stilen openberrar seg i nektinga av kvalitet i den lærde stilen. Den fagre stilen er ein litterær stil som "berer Nationens Spraak og aandelege Liv fram mot sit Maal". "Alle smaae Fagsmenn hava gjengjet up i denne heilstøypte Mann liksom Brøker i sin Generalnevnar." – det vil seie, han har nettopp greidd å "smeltat til frisk aalmenn Livsnæring Lærdomen sin". (Vinje 1867:208) Metaforbruken i dette essayet er avslørande. Den lærde stilen blir omtalt med ord som "seigt" (Vinje 1867:207), "Klumpar og «Græske Fiskebein»" (Vinje 1867:210), medan den fagre stilen greier å smelte desse seige klumpane, og fordøye dei greske fiskebeina – flokane "greidas ut og alle Knutar løysas" som "piskat ut i Skum" (Vinje 1867:209). Denne metaforikken kan vi sjå i forlenging av den vi fann i "Om vaart nationale Stræv" (Vinje 1869b:249, sjå s. 44), der Vinje skildrar mannen som trur at opplysning og kultur ligg i gamle boksamlingar og ikkje verkar i tankelivet for dagen og timen, som ein mann som ikkje vil fordøye maten sin.

Det er eit gjennomgåande trekk hos Vinje at han set det tilstivna opp mot det ledige og foranderlege, som er det som kan ta oss framover: Ein må fordøye det ein lærer for å omsetje det til eige bruk. I kapittel 3 såg vi korleis Vinje brukte dette som argument for at det ikkje ville vere til åndeleg skade å bruke folkemålet til skriftspråk; det var vel så eigna som den bokspråklege forma, av di forma blei det ein gjorde ho til. Her får tanken ein ny dimensjon; det er berre i den fagre stilen ein greier å smelte klumpane. Metaforen om smelting heng saman med dannelsesidealet om å gjere det andre til sitt eige. Omsett til eige bruk, er den fagre stilen òg lærd, men i ny tyding, ved at ein gjennom liten distanse mellom tanke og ord vil kunne formidle tanken: "Naar so den rette Tanken er der, kjem alltid det rette Ordet." (Vinje 1867:209). Times skildring av idealstilen til Vinje som "ein meisterleg syntese, eit elegant språkherredømme" (Time 1982:22) er dermed treffande: "Idealet er å ha overskride både «barnet» og «tateren» sitt stadium, dvs. vere så språkleg suveren at ein har teke opp i seg det folkeleg naturlege og kan kontrollere og bruke særsmål utan at det stikk seg fram som «Tatermaal»." (Time 1982:22) Slik får han ein stil som både har i seg det naturnære og

konkrete samt det lærde og abstraherte. Time stoppar her, men Vinje skriv faktisk at sjølv i ein slik syntese

kan Du skriva ein livlaus Stil utan Tatervesen; men for at gjeva Stilen Liv og Mannsmerke (Individualitet), maa Du vera ein Mann, eit Flognæme eller Talent og eit Flogvit eller Geni. Lærdomen, Spraaket, Tanken maa faa Flaum og Flod; det maa renna som samsmeltat Malm og verda støypt i di Mønsterform (Vinje 1867:209)

Sitatet kan kanskje utdjupe kunstsynet til Vinje. Eg vil her streke under ordet ”di” i ”di Mønsterform”. Vinje samanliknar nemleg det å kunne meistre språket for skribenten med å kunne bruke penselen for målareren, eller plogen og spaden for jorddyrkaren. (ibid) Skrivning blir altså til ein viss grad handverk, der ein må vere herre over verktøyet. Men for å kunne skrive i den litterære stilen, den kunstnarlege stilen, må i tillegg ”ein Kunstsans til, eit Øyra for spraakleg Musik, om just ikki so fint som til at gjera gode Vers, so likevel ein Sans for Velklang”. (ibid) Det er slik folkestilen, den folkelege kunsten, blir løfta opp, som eit naturleg, folkeleg element i den fagre stilen, som blir ”ein Slags utvidkad og foredlad Sagastil”. (Vinje 1867:210) Det skal meir til enn å vere ”Herre over Tungemaålet”, herre over sitt eige språk. Handverket er ikkje nok for å gi stilen liv, til det trengst ”Mannsmerke (Individualitet)”. Språket må støypast i ”di Mønsterform” (Vinje 1867:209), ei mønsterform som passar til eins eigen individualitet.

Kanskje kan vi med dette setje opp reknestykket: handverk + tanke + individualitet = kunst? Skildringa av ”Møllargutten” synest såleis å vere slående: ”De vise at han har sit Spil saaledes i sin Magt, at han ikke behøver at binde sig til den afsluttede Slaat, men at han efter Indfald kan variere den. De karakterisere hans energiske Buestrøg, og vise at Spillet saaatsige er hans eget Jeg.” (Vinje 1849:21-22) Såleis er kanskje ikkje idealet å gjere seg til herre over språket, men å sleppe det laust og la seg sjølv gå i eitt med det, slik ein ikkje treng å binde seg til ein avslutta slått, men etter innfall kan variere han, slik at også det språklege spelet vil bli eins eige eg.

Korleis dreg vi så eit slikt stilsyn til tanken om kulturkritikk? Time skildrar Vinjes nynorsk som eit brot med både den stivna klassisismen, den samtidige dansk-norske bokmålstradisjonen og folkemålet, samtidig som det ”medvite ber i seg og spelar med element frå alle punkta” (Time 1982:24). På same måte som den fagre stilen må ta steget forbi den folkelege, men naive stilen og den lærde, men stivna stilen, tek nynorsken til Vinje steget forbi det folkelege, men naive munnlege språket, og dei lærde, men stivna kulturspråka latin og dansk-norsk bokmål. ”Den fagre Stilen er ein Slags utvidkad og foredlad Sagastil” (Vinje 1867:210), just slik nynorsken blir eit slags

utvida og foredla folkemål – på ein måte som er i tråd med samfunnssyn og den individuelle poetikken hans. Som vi har sett i kapittel 3, har språket sin eigen ontogenese, og i kollektivt perspektiv blir Vinjes målform berre eit ledd i utviklinga. Viktigare blir det kan hende då at språkforma speglar Vinje sjølv, ho skal vere dynamisk og følgje tankegangen hans, hans fryd, skapingsglede og humor. Slik Noreg treng ein norsk tilpassa sitt nasjonale sjølv, treng Vinje ein norsk tilpassa hans individuelle sjølv. Dette må ikkje bli gløymt. Vinjes nynorsk er ikkje ei rein nedskriving av folkemålet, eller ein bar variant av Aasens landsmål, men eit språk i ein stil som er tilpassa Vinje som individ.

Idealstilen til Vinje har likevel med konstruksjonen av den nasjonale diskursen å gjere. Om den leikande, humoristiske, naturnære og lette stilen, som samstundes skal bli blanda med allmentas lærde diskurs, er eit ideal for Vinje, er det òg eit ideal i diskurskonstruksjonen. Vinje vil ha eit både-og; stilen skal kunne ta opp i seg både det naturnære og konkrete, og det lærde og abstraherte, i ei samansmelting av høgstil og lågstil. Tanken, som eg vil påstå er det viktigaste momentet i Vinje sine tekstar, skal ikkje bli tvinga inn i ei form, men skal følgjast fritt. Det blir då viktig å kunne gjere det andre til eins eige, både for mottakar og avsendar.

Idealet gir spesielle vilkår for Vinje å forhalde seg til. Tanken skal gå i eitt med språket og med eg-et. Stilen skal passe til Vinjes eigen individualitet, samstundes som han vil adaptere tekstane til både allmugemottakaren og den lærde lesaren. Dette meiner eg fører til eit ideal om ein open tekst – mottakaren skal få høve til å tenkje i forlenging av teksten, ikkje berre ta imot ferdigfabrikkerte løysingar. Eg trur òg idealet fører til ei grunnleggjande spenning i tekstane mellom patos og etos, humor og alvor, politikk og poetikk. Vinje vil at teksten skal nytast, men ein skal likevel kunne lære noko av han.

Dette tek oss til ein fjerde stil; Vinje avslutter nemlig ”Om stil” med å introdusere ein fjerde stil, som han kallar ”«Conversations-Stilen», fordi den er liksom ei Samtale eller «Conversation» millom lærde (og like lærde) Folk” (Vinje 1867:210). Skissa Vinje gir av stilen, er humoristisk; ”dette er ingen Stil. Det er ikki eingong nokot Tungemaal, men eit Slags fingerspraak, eller om Du so vil, eit Minespil” (Vinje 1867:210) og ”Det vilde ganga kvert Tungemaal under ei slik Tankens Galopade som naar Du svint spannar paa deg for tronge Klæde. Det brakkar og rivnar i kver Saumen” (Vinje 1867:211)

Skildringa Vinje gir denne stilen, skil seg på den måten litt frå dei andre. For det første frigjer han stilen frå dei andre stilane; konversasjonsstilen er korkje ”ein fager

eller folkeleg eller just nokon Taterstil heller” (Vinje 1867:210). Men også rammene for kva som høyrer til denne stilen er annleis enn dei andre stilnivåa: den er samtaleprega, fulle av ”Kunstord fraa alle Verdsens Kantar og liksom halvkvedne Visor, alt for i største Fart at laupa up og ned den størst mogelege Tankestige” (Vinje 1867:210), det er eit ”Frimurarspraak eller Telegrafstil”, ”eit Slags Fingerspraak, eller om Du so vil, eit Minespil”. Her skildrar Vinje *stilen*, og ikkje *mannen bak* stilen, slik som han gjorde i omtalen av dei tre førre stilane: ”kver Stand og Stilling har sit SpraaK” (Vinje 1867:207); ”først er Du Barn, so verdt Du Tater og so endeleg en Mann.” (Vinje 1867:209). At konversasjonsstilen er frigjort frå denne trappa, gjer han òg frigjort frå utviklinga til ytraren. Det blir derfor rettare å karakterisere denne stilen som ein sjanger, ein sjanger ein kan ytre seg innafor på både ein barnleg, lærd og fager måte. Skildringa av konversasjonsstilen som samtale, innforstått og eksklusiv, der ein mellom utvalde kan ta snarvegar, får Time til å kople han til essayet. Kanskje kan vi såleis sjå at det er i essaysjangaren Vinje finn rom for å ytre seg på den litterære eller fagre måten?

4.3 Essayet, eit rom for djerve, norske og rå grep?

Vi kan sjå sjangrar som konvensjonsrammer for kommunikasjonen. Dei utviklar seg i takt med kulturen, med ønskemåla til skribenten og med trongen i kommunikasjonssituasjonen. Av den grunn trur eg det er meir lønnsamt å sjå på Vinje sin spesielle bruk av essaysjangeren i staden for å skrive han inn i ein generell sjangerdiskusjon. Eg trur både Vinjes (kunstnarlege) ønske om ein stil som kan spegle individualiteten hans, og (det meir pedagogiske) om ein stil der han kan vende seg både til ein lærd og ulærd lesar, kan fungere i essaysjangaren. Eg vil derfor berre kort seie noko om funksjonen eg trur essayet har i Vinje sitt dannelsingsprosjekt, før vi ser på sjangeren i lys av eit døme, essayet ”Om sorg”.

Ordet essay tyder forsøk. Essayisten skal prøve seg fram, og svara han eventuelt kjem fram til, blir til på vegen. At dei er ikkje gitt på førehand, skapar ein viss fleksibilitet, som hindrar dei ferdigfabrikkerte løysingane. Essayisten er altså sjølv eit sentralt element i teksten, han kan prøve ulike posisjonar og kle seg i ulike drakter og masker. Dette gir Vinje høve til å bli eitt med essayet. Eg trur det er her adjektiva ’djerv’, ’norsk’ og ’rå’ kjem inn.

Vi har alt vore inne på at ’djerv’ kan tolkast til det å skulle vise ei annleis oppfatning, og at dette annleise i det diskursive prosjektet til Vinje kan seiast å vere

norsk og rått. Eg sette ordet opp mot skildringa Botten-Hansen gav av Vinje som ”et satirisk-dæmonisk-ironisk Element, en rigtig dristig genremæssigt henslængt Figur, der i Lighed med Hofnarrene kunde forsones med den middelalderiske Pomp netop gennem Modsætningen, gennem Aandrighed og Formløshed, hvor Alt gikk i Galla” (1860:2). Men kva er det egentleg Botten-Hansen seier her?

Samansetninga ”satirisk-dæmonisk-ironisk” med konnotasjonane ho gir, illustrerer at Vinje ikkje er dristig på ein uskuldig måte, han er motsett eit spottande element, som er ute etter å kritisere snarare enn å hylle, ein demonisk kritikar som ved hjelp av satire og ironi tek uskulda frå orda. Han er i tillegg ”genremæssig henslængt” og hoffnar. Men skildringa ”genremæssig henslængt” relativiserer samanlikninga med hoffnarrane. Vinje er ikkje hoffnarr, men ein sjangermessig henslengt hoffnarr, som dermed ikkje er fastlåst i heile rolla, men som gjennom å vere åndrik og formlaus, forsonar det seriøse, pompen og gallaen, med motsetninga. Også Haarberg (1985:107) peiker på dette: ”Det er viktig å merke seg at Botten-Hansen ikke beskriver en smiskende, servil hoffunderholder, men setter hoffnarrollen i tydelig motsetning til den seriøse kongelige pomp og prakt, som et humoristisk degraderende element og en lystig, karnevalesk djevel”. Frå den seriøse pompen og kongelege gallaen kan vi dra ein parallell til den lærde stilen med sine ciceronianske vendingar og kulturelle fraser. Vinje blir altså motsetninga til dette. Det er djervt, norsk og rått. Men er det fagert?

Slik Vinje strekar opp den fagre stilen, skal alle brøkar gå opp i ein fellesnemnar, ein skal smelte lærdommen til frisk allmenn livsnæring, flokar skal greiast ut og knutar løysast. Ein kan fort kople dette til det heile, det forsona. Stil handlar som sagt om sjanger, og det er nok mogleg å finne denne typen fager stil hos Vinje i lyrikksjangaren. I essaysjangaren, som meir handlar om konfrontasjonane enn forsoningane, høver skildringa tilsynelatande dårleg. Men ligg der ikkje eit poeng i fleksibiliteten Vinje verdset så høgt?

Det er sagt at vera eit Merke paa ein vel uplærd og slipad Mann, at Du ikki skal sjaa og høyra, kvat han er for nokot. Han er Alting og Ingenting, eftersom Du teker det til. Han kan snu seg og tala med Forstand og Kjenskap om alt det, som ein uplyst Mann bør vita, men ikki sting det fram, anten han er Jurist, Prest osv. (Vinje 1867:208)

Mannen, kopla til den fagre stilen, skal kunne vere ”Alting og Ingenting, eftersom Du teker det til”. Ytrar ein seg i den fagre stilen innafor rammene til konversasjonsstilen, vil han nok ta farge av premissa som ligg der. Botten-Hansen skriv vidare: Dølen ”gikk der omkring som et levende Træsnit, skaaret ud af en gammel Folkebog, med Ironien

bag sit Alvor og Graaden bag sin Latter, - lige beredvillig til at spille viismand som Daare – Alt efter Tidens Tarv.” Her ser vi at Vinje kan spele fleire roller ”alt efter Tidens Tarv”. Med Vinjes ord: ”Han er Alting og Ingenting, eftersom Du teker det til.” Botten-Hansen samanlikna Vinje med Loke. Dette inneber, som også Haarberg (1985:107) er inne på, ein ambivalens. Loke, som er halvt gud, halvt jotun, høyrer ikkje til nokon av gruppene, og kan difor tillate seg å både vere til hjelp og til skade for æsene, alt ettersom det passar han. Vi har alt vore inne på korleis Vinje står i ein hybridposisjon mellom det å vere døl og det å vere offentleg borgar. Både Loke og Vinje kan såleis sjåast som personar som ikkje er fastlåste i skrivne roller, men som er ”genremæssig henslængt” og lagar egne roller ettersom det passar. Dette tek oss til tresnittet; likskapen til denne ekspressive kunstarten ligg nok i evna til å skifte karakter etter kva farge ein måler det i. Slik det grove materialet i eit tresnitt kan gi forskjellige, men sterke uttrykk i ulike stemningar, kan vi sjå Vinje i sin skrivestil; latent i latteren ligg gråten, skjult i alvoret ironien. Ei slik rolle ber altså i seg alvor og visdom i den komiske samanhengen, og blir noko meir enn berre komikk.

Korleis blir så essayet ein reiskap i det diskursbyggjande prosjektet? Eg har i denne avhandlinga argumentert for at Vinje vil relativisere posisjonar og standpunkt, og få mottakaren til å tenkje sjølv, i staden for berre å godta gjengse oppfatningar. Metoden Vinje bruker for å oppnå dette, kan oppsummerast som provokasjon eller konfrontasjon. Ein oppdagar først at ideologiar er ideologiar og ikkje sanningar, ved å bli konfrontert med eit motsett synspunkt. Ein slik metode høver bra i essayet, som vi generelt sett kan seie at tenkjer i brot, og at det er i skifta *mellom* ulike synspunkt, og ikkje naudsynleg *i* dei ulike synspunkta, at tanken blir dregen framover. Slik sett finst ofte ei spenning mellom ironi og alvor, gråt og latter mellom dei ulike synspunkta. Ei anna viktig spenning essayet har, er mellom det særskilte og det allmenne. Essayet er polyfonisk, både ved at essayisten kan ta ulike posisjonar, og ved at det kan ta i seg ulike sjangrar. Essayet gir dermed høve til å sjå ting frå ulike perspektiv.

La oss så sjå på eit døme: Essayet ”Om sorg” er ei todelt artikkelrekkje trykt i *Dølen* sommaren 1859. ”Om sorg” handlar ikkje om den abstrakte, sjelelege sorga, men om dei konkrete (ytre) symbola ein tek i bruk for å markere ein som har gått bort. Søndag 31.juli skriv Vinje i *Dølen* om dødsannonsar, ”ein gamal Skikk, som kann vera væn med Maati” (Vinje 1859:40). Søndagen etter kjem eit tillegg om sorga ”som verdt hengd paa Klædom” (Vinje 1859:43). Dei er tett bundne i hop, og eg vel såleis å sjå dei under eitt. Hovudsakleg meiner eg Vinje sitt prosjekt går ut på å vise at ei anna verd er

mogleg. Ting treng ikkje vere som dei er. Han vil få mottakaren til å tenkje, og han vil samstundes opne for at fleire mottakarar kan ta del i den offentlege diskursen (gjennom hans alternative posisjon). Skal praksisen spegle teorien, må ”Om sorg” illustrere slike tankar. Vi må altså finne ein individuell, djerv, norsk og rå skrivestil som viser ei alternativ verd. Analysen vil dermed ta opp spørsmåla knytte til den andre delen av problemstillinga mi: På kva slags måte kan den folkelege diskursen hans karakteriserast som djerv, norsk og rå, og korleis får han sagt noko meir, eller anna, enn det vi dermed kan sjå som ein udjerv, unorsk og urå offentlig diskurs? Er det dette som skapar liv og hindrar liklukt? Og gir dei Vinjes diskurs særpreg?

Eg har mange gonger i dette arbeidet spurt meg sjølv: Kva er dei retoriske grepa i dei forskjellige språklege uttrykka til Vinje? Eg meiner det særleg er tre trekk som kjem igjen, også i denne teksten. Eg vil derfor følgjeleg lese ”Om sorg” i lys av Vinjes humor, hans dialogiske måte å skrive på og hans legendariske tvisyn. Korleis gir desse trekka meining, og kva slags meining gir dei?

4.3.1 *Humor: ”med Laatten kom Storleiken burt”*

Det første ein legg merke til når ein les ”Om Sorg”, er korleis Vinje overskrid dei gjengse kulturelle rammene ved å latterleggjere dei sorgfylte symbola. Temaet sorg er vanlegvis eit tema som opnar for sterke emosjonelle skildringar, men er òg eit tema ein omhandlar med respekt. Vinje gjer ingen av delane. Han opnar essayet slik:

Lesaren maa ikki taka til Graaten, med det sama han seer denne Yvirskrifti; det vilde gjera meg vondt om eg skulde grøta honom med det, for eg er rædd for at han vil koma til at læ, naar han kjem ned etter Bladet. (Vinje 1859:40)

Temaet sorg skal hos Vinje altså ikkje opne for melankolske tankar og gråt, slik ein gjerne ville forventat, men skal i staden opne for latter og løye. Vinje introduserer dødsannonsane slik:

Den løglegaste Suti er den, som stender i Aviserne under ”Dødsfald”. Om den mindste Reivlingen og den mest navnlause Mann elder Kone døyr, so skal det forteljast i Avisurne, og som tidast med ei lang smaklaus Priming attaat. Dersom Ein ikki fekk seg ein god Laatt af somange narrelege Daudalysingar (Dødsanmeldelser), so vilde denne Skikken vera utoleg for alle andre en Avisurne, som tena ein god Skilling paa honom. (Vinje 1859:40)

Normene blir tydeleg brotne. Ein dødsannonse er ei kunngjering frå dei etterlatne om at døden har funne stad, men er samstundes ein stad å ytre respekt for den avdøde. Han er dessutan eit uttrykk for ein heil kultur sine normer for sorg. Vinje omtalar annonsen

som ”den *løglegaste Suti*”, han er ”*narreleg*” og kjem titt ”med ei lang *smaklaus Priming*” som ein kan få seg ”ein *god Laatt* af”. Kunngjeringsverdien er liten av di den avdøydde anten er ”den *mindste Reivlingen*” eller ”Den *mest navnlause Mann* elder *Kone*”. Dette er tydingsladde ord, og adjektiva ’løglegaste’, ’mindste’ og ’mest navnlause’ er i tillegg sett i superlativ, noko som styrker intensiteten i latterleggjeringa. Dødsannonsane er *den løglegaste sorga*.

Det er altså kunngjeringsverdien Vinje stiller spørsmål ved. Kvifor skal ein måtte lese om dei namnlauses død? Og kvifor skal desse namnlause på død og liv fortelje om sorga si?

Det maatte vel vera nok, veit eg, at lysa yvir store Handelsfolk og Verkamennar, som kunde vera til Gagn i Handel og Vandel, likeins yvir Embættesmennar, endaa Embættet alltid vilde lysast fritt, so Folk kunde vita at søkja det. Men at Fader og Moder koma stigande med fult langt Navn og fortelja, at det tri Dagar gamle Barnet deira døydde, det er berre til at aatløgja seg, istadenfor at vi ellers vilde tykkast vondt om deim. Det hever ingen fleiri Skyldfolk og Kjenningar, en han kunde røkkja at skriva deim til, og det gjera vel dei fleste kvaar som er. (Vinje 1859:41)

Det er dette namnlause som er poenget i degraderinga. Vinje viser liten sympati for ”Fader og Moder [som] koma stigande med fult langt Namn og fortelja, at det tri Dagar gamle Barnet deira døydde.” Motsett meiner han det berre er ”til at aatløgja seg” over slike kunngjerigar. Dei har ikkje fleire skyldfolk og kjenningar enn dei hadde rokke å skrive til, så kvifor skal dei kunngjere døden i avisa? Den einaste forklaringa, skriv Vinje, må vere gleda ein får ved å sjå namnet sitt på prent, dei vil då ikkje lenger vere namnlause: ”Eg tenkjer meg den Vyrndad som Proprietær «Ohle Ohlzén Scharfvebagchen» maa kjenna med seg sjølv, naar han slær upp Morgonbladet, og seer sit og Kones Navn”, skriv Vinje og set inn eit døme på ei ”Daudalysning” over herr og fru Scharfvebagchen sitt fjorten dagar gamle barn (kan hende for å doble gleda til Ohle, som nå kan sjå sitt namn også her). (Vinje 1859:42) Han fortset usympatisk med: ”Eg tykkjest sjaa han Ohle og hena Petronelle lesa dette Morgonbladet og breida det ut paa Bordet for dei mange, som kome til denne gjæstmilde Garden, sosom Linedansarinner og Sangerinner og andre Kunstnerar, sosom Friarar til den eldste Dotteri”. (Vinje 1859:42) Dette er ei merkeleg skildring. Kva har linedansarinner, songarinner og andre kunstnarar, så som friarar til den eldste dottera, å gjere med realiteten kring den sorgfylde situasjonen dei er i? Skildringa er i sin usympatiske tone tydeleg ironisk og overdriven.

At Vinje går til åtak på to sørgjande foreldre, er uhørt, at dei med ”fult langt Navn” blir hengt ut, og at heile dødsannonsen på ein respektlaus måte blir stilt ut til

latter og kritikk, er å overskride mange grenser. Så kvifor gjer Vinje det? Og kven er denne Proprietær «Ohle Ohltzén Scharfvebagchen» (og kvifor set Vinje namnet hans i hermeteikn)?

Vinje skriv: ”det er den sama Ohle, som her i Dølen skreiv om ”Kuldturen”. Teksten Vinje siktar til er eit brev til ”Dødens Riddagsion”, som Vinje ”vidaresender” til ”Philosophen” (Monrad) med kommentaren: ”her fer du Borni dine: her er «Culturen» som du breider ut” (Vinje 1859:61). Brevet er underteikna Ohle Ohlzen, frå Scharfvebagchen, men mannen bak brevet er Ivar Aasen. Ohle Ohlzen er dermed ein fiktiv person, eit pseudonym som hjelper Aasen å tre inn i rolla som proprietæren, den borgarlege landmannen som ikkje er bonde, men heller ikkje embetsmann, og som derfor vaklar i ein streben etter å vere kulturell. Ohlzen vil gjerne vere ein mann av kulturen, og tek difor til seg meiningar han har lese i avisene, meiningar ytra av kulturelle førebilete. Attgivinga av desse ideane viser derimot ein naiv mann, utan mykje forståing for ideane han har adoptert. Ohlzen blir ein parodi på ein kulturens mann, og brevet kan oppsummerast som ei ”rein uthenging av det dannelsings- og kunnskapsnivået Aasen meinte å finne hos motstandarane”, slik Arne Apelseth (1997:26) gjer. Proprietær Ohlzen har sjølv ”liden Belæsning i Lidtrad-Turen” men meiner å ha ”ansamlet megen Bevidstighed ved Hørelse og ved omgangelse med kunditionerede folk”. Følgjeleg stemmer han for ”ad det hele Folke var kuldtureret i sin klædedragt og spraag og bespiisning og Møblerering” (Vinje 1859:61) og klagar over

voer Ilde det bestaar sig med Chulturen i diverse Stadiummer i vore Land-Istrigter; at folk boer i saadanne uanseelighedsfulde huser og at de iche have anforskaffet sig vogner og Veiturer, ad de værken have Gardyner for viin-Duerne æller Tappæder paa vægger, ad de icke vide nogen om So-Faer eller Kom-Moder, ad de ikkje sætte laas for de de Lukkaler voer de have sine sænger og sammenligninger, at de ikke have forstandighed til at feire sin Givbortsdag og proppenere skaaler for det gemindelige Bæste at de ikke have læret at sige Atgjøe istædenfor Farvell æller at kalde sine Famelifolk med de rette forbenævnelser som Ungkel og Thante og Fædter og Kausiner og Svige-Rinde met mere som hører til Andstændigheden. (Vinje 1859:61)

Ohlzen sin kultur ”hører til Andstændigheden”, det er ein ytre kultur. Den naive tonen skurrar mot det store sjølvbilete proprietæren har, han har mange idear han vil skrive ”Forhandlingar” om. Han blir offer for ein slags dramatisk ironi, som vi lesarar tek del i, men som ikkje han sjølv skjønner. Hans feilaktige forsøk på å vere kulturell forsterkar seg gjennom den inkonsekvante og fornorska ortografien. Ironien toppar seg nemleg i Ohlzens språksyn. Han blir ”meget glædelighedsfuld naar jeg forhører at ny naardske ord ere opfundne af kulturiserede folker.” ”Derimod kand jeig icke finde Besmagelse i

slige Utrykkelser som kommer fra de lavere kulturløse klasser og som jeig iche Selv thaler.” Hans forslag til ”spraagets befremmelse” lyder såleis:

at forbruge latinske Boxstaver og at sætte smaae boegstaver for alle smaathingen men store Bog-Staver for de ord som indeholder megen Kuldthur og for de Stavelser som Fortoningen falder paa. Ligesaaledes at mand skulde indføre en ind-kunstsæk-ventd Ordtograd-Fi med den ordtop-fundiske skrivermaade efter den naardske Utale og Ordganer, og dernæst at mand skulde anbefølge en nordsk Stavelsemaade i diverse forfremmende Ord som anhører til Culduursproget, som nætop derved vilde blive mere poppulærde og antydellige, som jeig her har beviist ved Ægsempler og skal hvise end mere naar mine Mandhuusskrifter blive forfærdige. Liggerviis borde mand ogsaa indbeføre en større forvexling og Varigation i Skriften, saa at man iche skrev ordene altid ligedant, for dette er eensformeligt og kjedelig (Vinje 1859:62)

Dette er altså Ohle Ohlzen Scharfvebagchen, ei personifisering av den naive mannen som så gjerne vil vere kulturell, i Vinjes auge, eit av Monrad sine barn. (Vinje 1859:61) Det er dermed ikkje nokon ekte mann Vinje går til åtak på, heller ikkje ein ekte dødsannonse. Den representerer ein kultur, og det er i staden dette parodiske åtaket på ”Kuldthuren, som er en modernereret Fornemmelighed i spraag og beklædning og bespiselse og Møblemangel og i alle selvskabelige Kumplementer” (Vinje 1859:62) som Vinje i ”Om sorg” speler vidare på, og det er nok bakgrunnen for linedansarinnene, songarinnene og dei andre kunstnarane som kjem til garden med kondolanse. Scharfvebagchen representerer såleis ein type menneske, og teksten blir ein parodi på eller satire over dei kulturelle tankane han personifiserer:

I Byarne derimot og ”Proprietærer” ganga med Sorg, og sume kunne endaa gjera det all sin Dag, da der altid i ei stor Slekt kann døy ein og annan kvert Aar elder Halvaar elder Fjordung. Dei ero fødde til Sorg, kan Ein segja. Men so verdt det ogso tidt tekit so lett, at dei berre med Armen strjuka Loi upp andhæres (mot Haaret) paa eit Belti af Hatten, so det seer ut, som der var sveipt eit svart Band ikringom. (Vinje 1859:43)

Når vi omtala kunstsynet til Vinje i 4.1, fann vi ut at det handla om å utnytte eit allereie eksisterande ”To”, ein skulle ta utgangspunkt i det konkrete, i kvardagen, og reflektere kring dette. Det er dette Vinje gjer her òg. Han skapar seg ein slags empiri for å konstatere hypotesen han har om kulturkløft, og ikkje minst for å eksemplifisere kritikken av kulturen som er det store prosjektet hans. Historia om ”han Ohle og hena Petronelle” kan såleis sjåast som ei dømesoge, ein illustrasjon eller eit døme på ein type folk Vinje vil latterleggjere (for å gravleggje ”idyllen”). Denne saga blir såleis integrert som eit slags overtalingsargument i ein større kulturkritikk, der Vinje har sett dei forskjellige kulturane opp mot kvarandre. Sjølv om kritikken av dødsannonsen kanskje ikkje er det overordna, er han der likevel, som dreiepunkt kring den større kritikken.

Vinje latterleggjør eit høgverdig aspekt ved kulturen. Vi såg at Botten-Hansen

samanlikna Vinje med hoffnarren. Hoffnarren var ein gjøglar, som gjorde narr av dei adelege, men med så sofistikerte grep at dei kunne le av seg sjølve utan å føle seg for krenka. Dette botnar nok i latteren. Ved å setje alvor i eit humoristisk perspektiv gjer latteren alvorlet uskadeleg ved å kamuflere det som spøk, som noko ein kan sjå bort i frå. Vinje skriv sjølv:

Herregud! Den, som kunde vera so lykkeleg som f.Ex B. Bjørnson, at han kunde tru at vera ein stor Mann og sove paa sine Lurber! Eg prøvade paa dette i dag, daa eg las Morgenbladet og Nyhedsbladet, men so maatte eg slaa i at læ, og med Laatten kom Storleiken burt. (Vinje 1960)

Det er dette som er grepet til Vinje: ”med Laatten kom Storleiken burt”. Storleiken si maske blir riven vekk og ledd av. Men er det humor eller ironi? Ironikaren sit på svaret, han har ein baktanke. Han vil bli forstått og vil lokke lesaren til same synet med latter som metode. Det er vanskeleg å argumentere mot latteren. Men det er òg vanskeleg å ignorere han, og det er kan hende dette som er rolla til humoristen, som kanskje ikkje alltid har nokon baktanke eller veit heilt kva han meiner. Humoren kan såleis gjere at ein elles passiv lesar, som vanlegvis hadde godteke resonnementet (slik vi kan anta at Scharfvebagchen sjølv hadde sidan det stod på prent), ikkje lenger kan det – det er for provoserande! Det rokkar ved lesaren.

Kanskje kan vi snakke om ein humoristisk ironi eller ironisk humor hos Vinje, for det er klart at båe delar er til stades. Kanskje er det nett, som Haarberg hevder, ein karnevalistisk parodi, som både er lokal og utleverande. Vinje veit kva han er imot, men er kanskje ikkje like tydeleg på kva han er for. Dette botnar nok i fridomsidealet og det at han vil lesaren skal tenkje sjølv. Han ekskluderer såleis verken seg sjølv eller lesaren frå latteren:

Kver og ein af os, som fara med at skrive til Prent, vil minnast den hugnad og Gledi, som strøymde gjennom honom, daa han fyrst saag Navnet sit paa Prent paa ein so vyrdnadsfull Stad, som under ein Avisartikkel elder eit Dikt. Han maa minnast, at han las og glodde paa Navnet sit, og lagde Bladet burt og tok det atter og las og glodde. (Vinje 1859:41)

Slike grep treng ikkje berre vere argumentasjon; dei kan og vere brukte for kunsten si skuld, som poetiske grep. Teksten skal nytast; om han appellerer til latter og løye, har med patosfunksjonen å gjere. Vinje sin humor er ein djerv og rå humor, ein degraderande humor, og kan nok bli sett som ein måte å ikkje vere føreseieleg på. For sterke føringar for ein tekst vil gjere han føreseieleg, noko som fører til at han mister den retoriske naturen sin og blir rituell (Andersen 2004:22). Å vere rituell, trur eg, er det Vinje har minst lyst til, ikkje minst av di ein sjeldan oppnår den same effekten som når

ein greier å tre ut or ramma til situasjonen. Vinje blei ofte kritisert for å vere grov, noko også ordet "raa" impliserer. I så måte kan vi minne om argumentet Dionysios brukte som forsvar for Demosthenes mot kritikken om å bruke for grovt språk: "Det er umulig å vekke sinne, hat eller lignende lidenskaper hvis en bruker et lekkert og elegant språk. En må skape forestillinger som vekker disse lidenskapene, og da må en bruke ord som det er vondt å høre på" (Demosthenes 55, her sitert etter: Andersen 2004:64)

Slik sett kan vi sjå Vinje sin djerve, norske og rå humoristiske stil som eit retorisk grep for å røre mottakarane til å bli meir mottakelege for poenga hans. Nokre gonger må kjenslene til for å kunne bryte opp frå ein fordom, og grepa kan såleis sjåast som sjokkmiddel, som kanskje ikkje er ein naudsynt føresetnad for å vise ein alternativ ideologi, men som i alle fall hjelper til å få folk til å bry seg om denne alternative ideologien. I så høve blir ikkje det å vere djerv, norsk og rå berre skodebrød, det ber òg ein retorisk funksjon. Vinje bryt med mangelen han ser i samfunnet, med ein ibuande provokasjon retta mot mangelen, styrt mot lesaren via patosfunksjonen.

4.3.2 *Dialog og polyfoni*

Det er klart at humoristiske trekk, litote eller hyperbol, treffande samanlikningar, metaforar ellar imitasjon av andres utsegner i tillegg til å vere humoristisk, òg skapar nærleik til lesaren. Slike grep er nemleg kjenslemessig ladde, noko som gjer at lesarane gjerne føler dei kjem nærare skribenten. Denne nærleiken kan i essayet bli forsterka ved at både eg'et og du'et kan tre fram i teksten. Ytraren kan tre fram som person, og uttrykkje eit visst engasjement (etos) samstundes som han openbart appellerer til kjenslene til mottakaren (patos). Dette skapar ein mellommenneskeleg nærleik i teksten. Motsett kan vi tenkje oss ein meir "objektiv" stil, der saka står i fokus, og deltakarane, som blir mindre relevante for emnet, blir lite synlege. I ein slik stil, som den lærde stilen i 4.2 nok kan stå som ein illustrasjon på, vil det oppstå ein distanse mellom mottakar og avsendar, det er saka det dreiar seg om. Det er òg klart at når teksten inneheld ugjengse, og dels provoserande element, vil det automatisk blir ein tydelegare avsendar i teksten, nett med di slike tekster blir så langt frå objektive.

Dølen er til vanleg du's med lesaren: "Dølen lyt segje du" (Vinje 1858a:18). Dette gir ein direkte dialog og skapar ein illusjon av nærleik mellom dei to, noko som kan stå i kontrast til resten av den offentlege prosaen. Vi kan, berre av dei få sitata eg i denne avhandlinga har teke med frå andre offentlege borgarar, sjå at det er lite "du" i

den offentlege prosaen. Vi finn til nøds eit "De", men oftast gøymmer skribenten seg bak eit "vi" eller "man" eller ein rein (tilsynelatande) objektivitet som ein usynleg lesar berre må godta (eller forkaste).

Til vanleg er altså *Dølen* du's med lesaren, men i "Om Sorg" blir lesaren omtalt i tredje person. I sin analyse av essayet "Brandpoesi" skil Haarberg (1985:172-173) mellom du-et som ein fortruleg lesar, og han-et som ein lesar essayisten ikkje har vunne for seg (ennå). Det kan nok godt vere at Vinje vil ta eit atterhald og ikkje berre forvente at lesaren er samd i dei krasse påstandane hans. Men også gjennom pronomenet "han" er lesaren klart til stades i teksten, som eit element Vinje gjerne vil ha på si side. "Lesaren" er nett det aller første ordet i teksten, og heile "Om Sorg" byrjar ved at "Dølen" vender seg til lesaren. Det synest viktig for Vinje å etablere ein god tone med lesaren før han gir seg i veg med dei krasse degraderingane. Tiltalen er såleis følgt av det som nok er tanken bak essayet, og ein modifikasjon av det Vinje vil med dette krasse:

Det er underlegt med det: sume Folk hava Sorgi inne og sume ute; det er faae som hava hena baadi ute og inne. Det vilde no ogso vera formykit af det vonde det; det kann somenn vera nok at hava hena paa den eine Staden.

Her teker eg paa ein gamal Skikk, som kann vera væn med Maati. Eg trur derfor ikki, at eg vil faa nokot fram med denne Sorgi mi. Men det kan endaa vera værtdt at tala om hena likevel: nokot kunde eg daa faa fram tilslutt. (Vinje 1859:40)

Tonen er her ein annan enn den krasse, humoristiske og distanserte Vinje møtte Scharfvebagchen med: "det er underlegt med det", "det vilde no ogso", "det kann somenn", "kan vera væn med Maati", "trur derfor ikki, at eg vil faa nokot fram", "men det kan endaa vera værtdt", "nokot kunde eg daa" - det er modifikasjonane som pregar dette avsnittet. Lesaren får ta del i refleksjonane til Vinje, det blir ikkje den same degraderande distansen i desse bolkanane.

I analysen av "Brandpoesi" set Haarberg (1985:174) opp desse premissa for samtalen i teksten:

Essayisten («eg») slutter en fortrolig kontrakt («vi») med en i prinsippet jevnbyrdig og gunstig stemt lesar («du»). Spørsmålene de samtaler om, gjelder motstandernes («dei» eller «han») litterære praksis, som forkastes. «Dei» degraderes: sammen kan «vi» le av «dei».

Utan eit "du" er det klart at dette ikkje kan overførast direkte til essayet "Om Sorg". Korleis er det så med dialogen i denne teksten? Kanskje kan det ikkje kallast dialog; Vinje vender seg verken til lesaren direkte eller til motstandaren. Likevel finst der ei liknande todeling i denne teksten, mellom ei meir personleg, fortruleg og innforstått

tone i opninga og dei stadene Vinje elles vender seg til lesaren, og ein distansert, polemisk, latterleggjerande tone der han omtalar motstandaren. Vi'et er såleis kanskje meir ope? Der finst eit vi som ler av dei andre, så kan lesaren sjølv velje om han vil inkludera i dette vi-et?

Det denne "dialogen" viser, er at teksten har fleire element enn det krasse og kritiske. Andre perspektiv får òg lov å tre fram: Forutan opninga (Vinje 1859:40) med sin meir sympatiske tone, imiterer Vinje lesarreaksjonane "ein" har når ein les slike daudalysingar (Vinje 1859:41), han dreg parallellar frå desse reaksjonane til eit romersk ordtak og ei gresk dømesoge (Vinje 1859:41), han minnst si eiga og "kver og ein af os, som fara med at skriva til Prent" si glede over å sjå namnet sitt på trykk første gongen (Vinje 1859:41), og han tenkjer seg til korleis proprietæren vil glede seg på same vis (Vinje 1859:42). Til og med kona hans, Petronelle Juliane Wilhelmine Scharfvebagchen får ei slags stemme gjennom Vinjes kommentar: "Det hever gjenget hena som andre Kvendi, stakkar, at ho med Giftermaalet miste sit gamle Namn og maatte taka Mannens; derfor matte ho til Scharfvebagchen setja: fødd Heüch." (Vinje 1859:42) Dødsannonsen, skriven utfrå eit anna skriveideal og ein annan poetikk, får stå i sin heilskap (Vinje 1859:42), og vi kanskje her minne om Vinjes ord i Om Stil: "Vil du derimot gjeva Stilen ei skjemtfull Vending, so kan du f.Ex lata ein af desse Taterstilar stinga seg fram i si Narrekappe" (Vinje 1867:208). Vinje har også med ei innvending lesaren kanskje måtte ha mot kritikken: "Segjast maa det ogso, at det er ei god Lysing: ho gjerer Greide paa daude og livande, so Lesaren kann sjaa inn i heile Familien, utan at bruka altfor mange bakvende Ordalag". På s. 43 får dei som har mist "kvaarki Born elder verdt Ekkjemann", men likevel (eller kanskje difor?) er ulykkeleg, ytre seg. Og også ervingane, som blir glade om den avdøydde er rik, er med som element. Også i del nummer to av essayet, der Vinje skriv om sorgsymbola i kledda, viser han andre sine tradisjonar for dette: "Vaare Forfeder", "Israels Born" "Chineserne" ledar veg inn mot kontrasten i heimlandet: "Culturen" vs. Aalmugemannen.

Vinje opererer med andre ord med polariseringar og kontrastar, som opphever det einsidige. I seg sjølv står kanskje dødsannonsen, og dei svarte kledda som sjølvsgt. Gjennom å flette inn alle desse andre perspektiva, greier Vinje å vise at det som tilsynelatande er sjølvsgt, berre er *ein* tilstivna skikk, sorga har mange andlet. Vinje viser perspektiv for det det er, perspektiv. Den polyfonske dialogen er sentral i essayet, noko som gjer at lesaren i større grad enn til dømes i meir monologiske sjantrar som pamflettar, dogme eller programerklæringar, får høve til å ta del i meinings-

produksjonen. Medan lesarane der blir tvungne til å ta stilling til ytringa som heilskap, og anten vere einig eller ueinig, anten akseptere eller ikkje akseptere, får dei i eit dialogisk essay høve til å ta del i *spelet* av meningsutvekslingar. Vinje treng på den måten ikkje nødvendigvis sjølv å ta stilling til alle dei ulike sidene, det blir opp til lesaren.

På den måten har Vinje i essayet eit høve for å vere både djerv og norsk og rå, som han nok ikkje like vellukka kunne greidd i poesien (utan at det hadde blitt lite fagert). Eg trur Vinje, i dette opne, i brota, og i dei ulike perspektiva, klarer å skape rom for både den lærde og den ulærde lesaren. Det er altså spelet mellom posisjonane som blir det viktige, det eine kan ikkje komme fram utan det andre. Dette gjer at essayet sjeldan er einsidig. Det står i eit nært forhold til ein dialektisk framstillingsmåte. Mange gonger fører det også til ein ironisk friksjon mellom dei ulike perspektiva, noko som gjer at dei ulike perspektiva likevel ikkje er sidestilte. Det er eit perspektiv som blir rakka ned på meir enn dei andre, og eit som kjem fram som kontrast til dette. Perspektiva byggjer såleis opp om dikotomien som er så fullstendig til stades, også i denne teksten, mellom ”Culturen” og fjøllfolket, allmugen sin måte å sørgje på. Eg trur derfor ein må sjå det humoristiske i tekstane til Vinje i samband med det alvorlege.

4.3.3 Tvisynet

Dei mange perspektiva som trer fram, blir formidla av ei stemme bak alle maskene, denne kjem fram i enkelte passasjar meir enn andre. Denne stemma vektlegg og fargelegg dei perspektiva som trer fram, slik det ikkje alltid er like lett å sjå kven som talar. Dette gjer at dei ulike perspektiva nett ikkje blir heilt sidestilte, men byggjer opp under sympatien essayisten har og ikkje har. Sympatien ligg, som vi har sett, ikkje hos dei som har mist barnet sitt, men der finst ein annan sympati (eller kanskje heller ein affinitet?) i teksten.

Den første slike passasjen finn vi i exordiumet: ”Det er underlegt med det: sume Folk hava Sorgi inne og sume ute; det er faae, som hava hena baadi ute og inne” (Vinje 1859:40). Det er ikkje knytt noko eksplisitt utsegnssubjekt til ytringa, og ho verkar som ein ”stream of consciousness” frå eg-et som ytrar seg både før og etter. Også spørsmålet ”Tru det var ikki best at døy ugjeten, liksom Ein livde?” (Vinje 1859:41), som i seg sjølv er ein eigen paragraf, og difor blir ekstra vektlegg, har eit uklart utsegnssubjekt. Spørsmålet står mellom imitasjonen av lesaren som las dødsannonsen, og utsegna til

den romerske diktaren: ”Lykkeleg er den som liver løynd”. Det er dermed naturleg å sjå det som ein refleksjon frå eg-et, som ein slags fuge som bind dei to elementa saman. Også den lett komiske skildringa av minnet (som ”kver og ein af os, som fara med at skriva til Prent” må ha) over å lese og glo på sitt eige namn første gongen det kom på trykk, blir avslutta i ein fri indirekte tale: ”Denne Hugnad og gledi og Lesing og Gloing vardt mindri og mindri alt ettersom Navnet vardt tidare og tidare, til dess han vardt so leid af det, at han ynskte, han inke Navn havde havt.” (Vinje 1859:41)

Eg har no teke fram skildringar der det verker som vi kjem nær essayistens haldningar. Det dei har til felles, er at dei manglar eit eksplisitt utsegnssubjekt. I dei meir ironiske passasjane skurrar eksempla mot den underliggjande tonen. Her finst ikkje noko å skurre mot, og ironien forsvinn. Ser vi kva essayisten argumenterer for, eller rettare sukkar etter, i desse passasjane, ligg der òg her, men på ein annan måte, ein kritikk over den ytre sorga, det å skulle markere seg som sørgjande. Denne ytre sorga er eksklusiv, det er nemleg ”mangein, som ikki kann faa sjaa Navnet sit i livande Liv, for han misser kvaarki Born elder verdt Ekkjemann; han kann vera ein ulykkeleg Sveinkall, elder det kan vera ei likso ulykkeleg Møykjerling”. (Vinje 1859:43) Heller ikkje allmugen tek del i denne typen sorg:

alle europæiske Folk, vi svartklæda os vonleg etter gamal græsk og romersk Skikk; det fylgde med ”Culturen”, som vi hava fengit derifraa, og derfor er det ogsa berre dei ”cultiverede” her i Landet, som svartklæda seg, nettopp dei som lysa upp si Sorg i Avisurne. Aalmugamannen paa dei fleste Stadarne gjerer kvaarki det eine elder det andre han. (Vinje 1859:43)

Kritikken kjem ikkje her så tydeleg fram som i den direkte degraderinga; men at Vinje sameinar dei to elementa, viser eit tvisyn, han ser både humoristisk og alvorleg på same fenomen. Dette medfører atter ei spenning i teksten, alvoret bryt igjennom mellom dei latterlege skildringane, og minner oss om at også humoren har eit alvor. Likeins bryt humoren opp alvoret, og gir høve til å le det vekk. Avslutninga på ”Om Sorg” kan her stå som døme:

Det er merkjeleg for all den Sorg her er i Verdi, og no mest her i Landet. Ein møter Sorg i kver Gate og kvar Ein snur seg, so er det Sorg; men det er berre ute; naar Folk koma inn, so leggja dei Sorgi af. Eg, som vilde syrgja, kann ikki koma til det, for alt det svarte, eg seer ikring meg; eg lyt smila og so er det ute med Sorgi, for det er ikki berre eit Tverdøme (Paradox), at Sorgi kann verda so stor, at ho verdt löglege. Det er liksom naar Ein vil slipa Kniven for kvass, daa feller Eggi ut. (Vinje 1859:45)

I denne sameininga blir det skapt ein ubalanse, som gjer det vanskeleg å gripe essayisten si eigentlege meining. Vi må tenkje oss fram til ho sjølv. Denne ubalansen er

ikkje til stades i einsynte tekstar, og kanskje er det nett derfor vi blir meir gripne av dei tvisynte?

Spørsmålet til kapittel 4 var: Korleis fører Vinjes språkprosjekt til ein særeigen poetikk? Eit betre spørsmål til denne teksten kunne ha vore: Korleis fører Vinjes kulturkritikk til ein særeigen poetikk? Dette er likevel to sider av same sak, og eg meiner vi har sett gjennom dette dømet, korleis heile tekstane til Vinje, frå tematikk til grep, sirkulerer kring ein trong til å vise at ei anna verd er mogleg.

*Saalænge en Idé ikke er fremtraadt i Kunsten,
er den ikke bleven verdenshistorisk
(Vinje)*

5

Konklusjon

Denne avhandlinga har blitt bygd på ein hypotese om at heile avisprosjektet til Vinje har vore ideologisk markert i ein sosiokulturell kontrast til det resterande offentlege rommet han ytra seg i. Påstanden har vore at Vinje, gjennom å bryte med norma som fanst i dette offentlege rommet, men utan å tre ut av det, har skapa eit rom for ei alternativ allmente, ein alternativ offentlig diskurs, forankra i *Dølen*. Kva har vi så funne ut?

Målet med avhandlinga var å seie noko om korleis Vinjes språklege prosjekt førte til både ein alternativ offentlig diskurs og ein særeigen poetikk. Det meiner eg vi har gjort. Vi har sett korleis Vinje leiker seg med litterære og sosiale kodar og konvensjonar på fleire nivå. I kapittel 1 såg vi korleis sjølve døleposisjonen utgjorde eit brot i høve til både allmuge- og allmentediskursen. Ytringsposisjonen som døl braut den offentlege norma, samstundes som dei reflekterte temaa braut med naiviteten ein venta å finne om ein skulle spegle allmugen. Når dette i tillegg blir kombinert med ein djerv, norsk og rå uttrykksmåte, gjer det brota komplett, og Vinje står att som den einaste kyndige dølen. Dette var utgangspunktet. Vidare viste kapittel 3 oss korleis Vinje både trakk på og braut med andre representasjonar i sin konstruksjon av ”Noreg”. Det same kan vi seie om konstruksjonen Vinje gjer av kunstsynet, som vi såg i 4.1 og av idealstilen i 4.2. Dessutan har vi sett i 4.3 at Vinje også ved hjelp av djerve retoriske grep, kritiserer, og med det bryt med, kulturelle konvensjonar for sorg. Med andre ord: Vinje er korkje redd for å kritisere det kulturelle, eller latterleggjere det sorgfylte, og han bryt reglar for å tøyse dei slik han vil. Tekstane hans blir slik sett manifestasjonar av haldninga om korleis ting *kan* vere, lausrive frå den tradisjonelle ramma som gir reglar for korleis dei *bør* vere.

Eg meiner vi såleis har funne prov for å sjå aviskonstruksjonen til Vinje som kulturkritikk. Dikotomien borgarskap – allmugen skin igjennom det meste. Alt i ”Dødens fyrste ord” såg vi at Vinje konstruerer prosjektet sitt i opposisjon til det danske. Dikotomien er her representert gjennom dansk – norsk. I ”Djerv, norsk og endog lidt raa” set Vinje dei danna mottakarane mot folket, noko som gir dikotomien danna – udanna. I ”Om vaart nationale Stræv” får vi, forutan dansk – norsk, kulturelle atterhaldsmenn mot nasjonale framgangsmenn. I ”Om Kunstarbeid”, ”Digting”, ”Attende til antikken” og ”Om stil” ser vi korleis dikotomien òg kan bli representert gjennom ulike poetikkar. Det (for) sjelelege og abstrakte står mot det konkrete, det kunstige fylt av krokar og flokar mot det enkle og greie, den lærde stilen mot den folkelege. Også ”Om sorg” kan i sin heilskap bli lese som kulturkritikk mot det vi kan kalle ein by- eller riksmålskultur. Kritikken er såleis gjennomsyra i heile aviskonstruksjonen til Vinje, frå ord, til grep, til tematikk.

Ved å trampe over grenser, protesterer Vinje mot at det gjengse er fullgodt. Denne kritikken er likevel aldri einseitig negativ. I overtrampet muleggjer han ei anna løysing. Målstreket til Vinje blir i så måte noko meir enn ei fornorsking av skriftspråket, det blir eit eige språkleg og ideologisk program som kviler på ei innsikt i at språk og kulturell deltaking heng nøye saman. Vinje sin nye norsk, i si samansmelting av høg og låg, lærd og folkeleg stil, viser ein ny dimensjon ved kva som trengs for å vere manande og lyrisk, reflekterande og lærd. Slik sett sprenger han dei tradisjonelle grensene som avgjorde kva språk som passer til kva for høve. På den måten blir språket, også i forma si, ein indirekte kritikk mot det vi kan kalle ein bokspråkleg tvangstrøye i kunstnarleg og i offentleg samanheng.

Dermed trur eg vi kan slå fast at heile avisprosjektet til Vinje er ideologisk markert; poetikken blir politisk, og politikken poetisk. Kritikken blir kunst. Kunsten blir kritikk. Men kanskje er det likevel litt drygt å hevde, som eg har gjort, at Vinje konstruerer ein heilt ny nasjonal diskurs?

Tesen var at Vinje gjorde dette ved å bryte med normene som fanst i det offentlege ytringsrommet, men utan å tre ut av rommet. Vi har fleire gonger sett korleis det har skjedd, og vi har òg sett korleis ytringane hans peiker mot eit anna Noreg, eit Noreg der allmugen kan ta del, om ikkje på lik line, så i alle fall i same rommet, som borgarane. I så måte meiner eg det er mogleg å hevde at Vinje kan fungere som modell for ein ny nasjonal tenkje- og skrivemåte.

Dette kan likevel diskuterast. Det kan mange gongar verke som Vinje bruker

tekstane sine for å konstruere seg ein slags empiri til å konstatere hypotesen han har om kulturkløft, og til å eksemplifisere kritikken av kulturen, som er det store prosjektet hans. Men det er framleis uklart om han byggjer dette nye Noreg og denne nye kulturen på vegne av folket, eller om han gjer det for sjølv å kunne få betre plass. Vi kan nok òg i eit etisk perspektiv, spørje om Vinje har rett til å gjere seg til talsmann for folket? Om empirien er konstruert, representerer han då folket sine interesser i ytringane sine? Har han rett til å påleggje dei det han gjer? Eg er ikkje sikker, men så trur eg heller ikkje det var noko hovudpoeng for Vinje. Vinje ville vere Vinje. Og Vinje ville vere døl, men det på sin eigen måte.

I så måte blir det nok viktigare å kunne gjere noko nytt, enn å skape eit nytt sett med reglar, ein ny diskurs. Utvikling er eit grunnprinsipp, og som vi har sett, meiner Vinje, at han og språket sitt, berre er eit punkt i utviklinga. Slik han truer fastlåsinga i den gjengse diskursen, vil det komme andre å true fastlåsinga han skapar. Det blir dermed viktig at språket er tilpassa hans eigen individualitet, og det kan derfor diskutertast om ikkje prosjektet hans er vel så individuelt som nasjonalt. Eg trur ikkje Vinje vil konstruere ein ny diskurs i den tydinga at andre skal etterape *hans* språk, men han viser at det er mogleg å skrive på ein annan måte, det er mogleg å opne eit rom der allmugen kan få plass, og det er mogleg å vere djerv, norsk og rå, sjølv i ein reflekterande stil.

Det er eit poeng for Vinje å vere subjektiv. Men det er òg eit poeng at mottakaren skal kunne ta del i teksten og tanken. Ikkje alle stilar og sjangrar er like godt eigna til å reflektere eit slikt ideal, men Vinje finn, som vi har sett, eit rom for det i essayet. Her kan han både snakke meir direkte, og dessutan bruke fleire verkemiddel, enn i ein meir sakretta sjanger. Vinje vil ikkje berre ta folk i skule, men han vil også vinna sympati og gjere lesarane oppglødde. Eg trur derfor det var eit poeng, også i det nasjonale prosjektet, å skape ein subjektiv stil, ein stil som samstundes signaliserer nærleik mellom dølen og lesaren, eg'et og du'et. Essayet gir rom for å drive agitasjon, men på ein måte der ordleik, humor eller underleggjering kan ta overhand. Eg trur dette opne er den viktigaste funksjonen essayet har i Vinjes dannelsingsprosjekt, det gir ein annan måte å gripe lesaren, også den ulærde, ved at han kan inkludere eit underhaldningsaspekt, men òg fordi lesaren kan følgje tanken undervegs. Eg trur derfor at Vinje, i brota han tek frå allmentas lærde diskurs, om så av egoistiske grunnar, opnar for ei allmente som er lettare å ta del i. Og kanskje er det nett denne hybriden av estetikk og danning, poetikk og politikk som gjer det.

Eg vil altså stå ved påstanden min: Vinjes ytringar opnar eit rom for nye ytringar, som, om dei ikkje etterapar han, i alle fall kan ta utgangspunkt i dette som no er sagt, og vri det vidare på sin eigen måte. Men eg er ikkje sikker på om Vinje, med sitt historiske syn, synst det var noko poeng å konstruere ein *nynorsk* offentleg diskurs, som skulle eksistere *ved sida av* ein riksmålsk. I sin konstruksjon, skapar han rom for både allmugen og borgaren ved å inkludere dei båe i ein dobbel mottakarposisjon. Truleg kan vi i dette, sjå eit ønske om at ytringsrommet som skulle tre fram i forlenginga av han sjølv, skulle vere ei samansmelting, ein hybrid, eit offentleg rom med plass for alle, vere seg døl eller borgar.

Litteraturliste

- Aasen, I. (1870). *Aasmund Vinje* Henta 15.05.2010 frå http://www.aasentunet.no/prod_images/SAMLING2.pdf.
- Aasen, I. (1957). *Brev og dagbøker I*. Oslo: Samlaget.
- Aftenbladet*. (1858, nr. 236). (anonym forfattar).
- Andersen, Ø. (2004). *I retorikkens hage*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Apelseth, A. (1997). *Mellom tradisjon og innovasjon: Utgangspunkta for Ivar Aasens tidlege målstrev* Henta 18.05.2010 frå Det Norske Samlaget: http://www.aasentunet.no/prod_images/doc_1245.pdf
- Bakhtin, M. (1998). *Spørsmålet om talegenrane*. (R. Slaattelid, Overs.)Bergen: Ariadne forl.
- Bakhtin, M. (2001). *Karneval og latterkultur*. Frederiksberg: Det lille Forlag.
- Bjørnson, B. (1887). Til dem som forkynder eller lærer i det norske Maal. *Dagbladet* (Nr. 46).
- Bjørnson, B. (1912). *Brev. Første samling*. Kristiania: Gyldendalske Boghandel, Nordisk Forlag.
- Botten-Hansen. (1863) A.O. Vinje - 'Dølen' *Illustreret Nyhedsblad*. (nr. 28-30)
- Botten-Hansen, P. (1860) Fra Tronhjem. *Illustrert Nyhedsblad*. (nr. 36)
- Bull, F. (1963). *Norges litteratur fra februarrevolusjonen til første verdenskrig*. Oslo: Aschehoug.
- Christiania-Posten. (1851). Drammens Tidendes Christianiakorrespondent, (anonym forfattar). (nr. 1163).
- Christiania-Posten. (1858, 21. okt). (anonym forfattar).
- Dahl, W. (1981). *Norges litteratur, bd. 1* (Vol. bd. 1). Oslo: Aschehoug.
- Djupedal, R., & Vinje, A. O. (red.). (1972). *At vera Døl: prosa*. Oslo: Samlaget.
- Eco, U. (1996). Læserens rolle (M. Olsen, Overs.). I M. Olsen & G. Kelstrup (red.), *Værk og læser: En antologi om receptionsforskning* (s. 178-200). Holstebro: Borgens Forlag.
- Fairclough, N. (1992). *Discourse and social change*. Cambridge: Polity Press.
- Fosse, J. (1999). All-alder-litteratur. I *Gnostiske essay* (s. 148-151). Oslo: Samlaget.
- Foucault, M., (1999). *Diskursens orden: tiltredelsesforelesning holdt ved Collège de France 2. desember 1970*. (E. Schaanning, Overs.) Oslo: Spartacus.
- Gee, J. P. (1996). *Social linguistics and literacies: ideology in discourses*. London: Taylor & Francis.
- Haarberg, J. (1985). *Vinje på vrangen: momenter til revurdering av en nasjonal klassiker*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hoel, O. L. (2007). *Marcus Jacob Monrad som målpolitikar* (bokartikkel 1998), Henta 18.05.2010, frå: Krundalsbloggen: http://www.krundalen.no/blogg/?page_id=81 (2010).
- Hoel, O. L. (2008). *Dølen 150 år*. Henta 18.05.2010, frå Krundalsbloggen: <http://www.krundalen.no/blogg/?p=447> *Krundalsbloggen*.
- Høystad, O. M. (1992). Vinjes natursyn. I E. Glomnes, Ø. T. Gulliksen & O. Solberg (red.), *"At føle paa nationens puls": åtte artiklar om Aasmund O. Vinje* (s. 83-96). Oslo: Novus.
- Imerslund, K. (1978). *Den estetisk-filosofiske skole i norsk litteraturforskning: mål og metode*. Oslo: Gyldendal.
- Iser, W. (1978). *The act of reading: a theory of aesthetic response*. Baltimore: Johns Hopkins University Press.
- Johannesen, G. (1987). *Edda* (nr. 1).

- Jørgensen, M. W., & Phillips, L. (2005). *Diskursanalyse: som teori og metode*. Fredriksberg: Roskilde universitetsforlag.
- Kjelen, H. A. (2001). *Antikken og det moderne i A.O. Vinjes forfatterskap*. Trondheim. (hovudfagsoppgåve)
- Monrad, M. J. (1858a, 17. okt). nr. 287. *Morgenbladet*.
- Monrad, M. J. (1858b, 21. okt). nr. 291. *Morgenbladet*.
- Monrad, M. J. (1876). *Litteraturen og dens Dele: en Indledning til Literaturstudium*. Kristiania: Fabritius.
- Myhren, M. (1993). Nokre merknader til mål og målbruk hjå Aasmund Vinje. I L. R. Langslet & J. H. Rydne (red.), *Villmann, vismann og veiviser: en essaysamling om A. O. Vinje* (s. 226 s.). Oslo: Cappelen.
- Neumann, I. B. (2001). *Norge - en kritikk, begrepsmakt i Europa-debatten*. Oslo: Pax.
- Rorgemoen, K. (2007). *Her er mine Dyr: ei undersøkning av essaysubjektet i Ferdaminni fraa sumaren 1860*. Bergen. (masteroppgåve)
- Sars, J. E. (1912). *Portrætter og essays* (Vol. 4). Kristiania: Gyldendalske Boghandel.
- Schiller, F. (1795). Om dikterens holdning. I E. K. Eide, Atle; Aarseth, Asbjørn (red.), *Klassisk litteraturteori: En antologi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Skard, S. (1938). *A.O. Vinje og antikken: studier i norsk åndshistorie*. Oslo: Det Norske videnskaps-akademi i Oslo.
- Skard, S. (1980). Aasmund Olavsson Vinje - faunen på tempeltrappa. I K. S. Heggelund, Simen; Vold, Helge (red.), *Forfatternes Litteraturhistorie bind 1: Fra Maurits C. Hansen til Arne Garbord* (vol. 1). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Skard, S. (1984). Den heile Vinje. *Syn og segn*, 19(4), 363-367.
- Skei, H. (1992). Vinje i boksoge og leseverk - Nokre tankar om ufarleggjering og tilpassing. I E. G. Glomnes, Øyvind; Solberg, Olav (red.), *"At føle paa nationens puls": åtte artiklar om Aasmund O. Vinje*. Oslo: Novus.
- Skirbekk, G., & Gilje, N. (2000). *Filosofihistorie*. Oslo: Universitetsforl.
- Stegane, I. (1987). *Det nynorske skriftlivet: Nynorsk heimstaddikting og den litterære institusjon*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Stegane, I. (1991). *Mot ei nynorsk litterær offentlegheit 1850-1885*. Bergen: Universitetet i Bergen, Nordisk institutt.
- Time, S. (1982). Borgaren og satyren: - moment til eit bilde av Vinje som essayist i DØLEN. I O. Grepstad m. fl. (red.), *Essayet i Norge: fjorten riss av ein tradisjon* (s. 13-34). Oslo: Samlaget.
- Time, S. (1984). Infinitiv. *Syn og segn*, 19(1), 36-44.
- Time, S. (1985). Å koma under gauketre. *Syn og segn*(1), 87-92.
- Tønnesson, J. L., & Gedde-Dahl, T. (2002). *Den Flerstemmige sakprosaen: nye tekstanalyser*. Bergen: Fagbokforl.
- Vinje, A. O. (1849). Møllarguten. I O. Midttun (red.), *Skrifter i Samling, Band I: Bladstykke i Morgenbladet, Andhrimner, Drammens Tidende, Den Norske Tilskuer og Dølen*. Oslo: Det Norske Samlaget. (ss. 20-25)
- Vinje, A. O. (1851). Digtning. I O. Midttun (red.), *Skrifter i Samling, Band I: Bladstykke i Morgenbladet, Andhrimner, Drammens Tidende, Den Norske Tilskuer og Dølen*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Vinje, A. O. (1852). Et skandinavisk Theater. I O. Midttun (red.), *Skrifter i Samling, Band I: Bladstykke i Morgenbladet, Andhrimner, Drammens Tidende, Den Norske Tilskuer og Dølen*. Oslo: Det Norske Samlaget. (ss. 88-91)
- Vinje, A. O. (1855a). Aandelig Selvstændighed. I O. Midttun (red.), *Skrifter i Samling, Band I: Bladstykke i Morgenbladet, Andhrimner, Drammens Tidende, Den*

- Norske Tilskuere og Dølen*. Oslo: Det Norske Samlaget. (ss. 187-190)
- Vinje, A. O. (1855b). Djærv, norsk og endog lidt «raa». I J. Haarberg (red.), *Skrifter i Samling, Band VI: Bladstykker i Andhrimmer, Drammens Tidende og Dølen*. Oslo: Det Norske Samlaget. (s. 80-82).
- Vinje, A. O. (1857). Forslag om Oldnorsk som Fag i de lærde Skoler. I O. Midttun (red.), *Skrifter i Samling, Band I: Bladstykker i Morgenbladet, Andhrimmer, Drammens Tidende, Den Norske Tilskuere og Dølen* Oslo: Det Norske Samlaget. (ss. 212-217).
- Vinje, A. O. (1858a). Dødens Eventyr. I R. Djupedal (red.), *At vera Døel* Oslo: Det Norske Samlaget. (s. 16-26).
- Vinje, A. O. (1858b). Dødens første Ord. I R. Djupedal (red.), *At vera Døel* Oslo: Det Norske Samlaget. (s. 9-16).
- Vinje, A. O. (1859). Brev om Kulturen. I R. Djupedal (red.), *Dølen: eit vikublad : 1858-1870 I*. Oslo.
- Vinje, A. O. (1859). Om Sorg. I R. Djupedal (red.), *At vera Døel* Oslo: Det Norske Samlaget. (s. 40-45).
- Vinje, A.O. (1860). ”Til Paul Botten-Hansen”. I: O. Midttun (red.) *Brev*. (1969). Oslo: Samlaget
- Vinje, A. O. (1861). Ferdaminni fraa Sumaren 1860. I O. Midttun (red.), *Skrifter i samling, Band IV: Ferdaminni, Fjöllstaven min, Elsk og Giftermaal* Oslo: Det norske Samlaget.
- Vinje, A. O. (1867). Om Stil. I R. Djupedal (red.), *At vera Døel* Oslo: Det Norske Samlaget. (ss. 207-211).
- Vinje, A. O. (1868). Attende til Antiken. I O. Midttun (red.), *Skrifter i Samling Band V: Einskilde dikt, Umsette dikt og vers, Storegut og Staale* Oslo: Det Norske Samlaget. (ss. 234-235).
- Vinje, A. O. (1868-69). Om Haandverk og Industri. I O. Midttun (red.), *Skrifter i Samling, Band III: Sweigaard, Talar, Bretland og Britarne* Oslo: Det Norske Samlaget. (ss. 141-172).
- Vinje, A. O. (1869a). Om Kunstarbeid. I O. Midttun (red.), *Skrifter i Samling, Band III: Sweigaard, Talar, Bretland og Britarne* Oslo: Det Norske Samlaget. (ss. 188-205).
- Vinje, A. O. (1869b). Om vaart nationale Stræv. I O. Midttun (red.), *Skrifter i Samling, Band III: Schweigaard, Talar, Bretland og britarne* Oslo: Det Norske Samlaget. (ss. 237-256).
- Welhaven, J. S. (1832). *Henr. Wergelands Digtekunst og Polemik*. Christiania: Hoppes Forl.
- Østerud, E. (1987). To rett og to vrang, Vinje gjennomstrikket. *Edda* (hefte 3).